



Foto: Privat

## Masteroppgåve

### ***FOSTERFAMILIAR ER IKKJE SOM ANDRE FAMILAR***

*ein studie om korleis dei biologiske barna til  
fosterforeldre opplever kvardagslivet med fostersøsken*

AV BERIT MARIE NJØS

Master i helse- og sosialfaglig arbeid med barn og unge  
Avdeling for helse- og sosialfag  
Høgskolen i Lillehammer,  
høsten 2012

1



**Høgskolen  
i Lillehammer**

Lillehammer University College • hil.no

## **FORORD**

Å skrive ei masteroppgåve er til å bli klokare av. Arbeidet med oppgåva har gjeve meg ny innsikt i fosterfamiliar sitt liv saman med fosterbarn. Ikkje minst har det gjeve innsikt og ei forståing av kva det betyr for dei biologiske barna å dele oppveksten med fostersøsken.

Å skrive masteroppgåve er ikkje berre ein individuell prosess. Eg har hatt mange gode hjelparar undervegs, som har medverka til at oppgåve har blitt realisert. Først og fremst vil eg takke hovudpersonane i oppgåva. Tusen takk til dei åtte informantane som gav av tida dykkar og gav meg høve til å ta del i dykkar liv og erfaringar. Takk for tilliten de viste meg. Utan dykk ville ikkje denne oppgåva blitt til. Takk til de i praksisfeltet som hjelpte meg å kome i kontakt med informantane mine.

Takk til rettleiaren min Astrid Halsa, for fagleg støtte og konstruktive utfordringar. Takk for tolmod og inspirasjon!

Takk til leiing og kollegaer ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, avdeling for samfunnsfag, for god tilrettelegging og oppmuntring undervegs i arbeidet med oppgåva. Ei spesiell takk til Sidsel Natland, som har følgt prosjektet heile vegen. Takk til deg for interessante diskusjonar og konstruktive tilbakemeldingar.

Ei ekstra takk vil eg gje til kollegaer og gode vener Lillian Bruland Selseng og Tone Jørgensen. Tusen takk for at de har oppmuntra og støtta meg i periodar då eg var i ferd med å mista trua på prosjektet mitt! Takk for faglege diskusjonar, refleksjonar og konstruktive tilbakemeldingar de har bidrige med i arbeidsprosessen. Ei stor takk til ein kjær kollega og ven Kari Bergset for god hjelp med språket i oppgåva.

Takk til biblioteket ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, avdeling for samfunnsfag. De har vist meg tolmod og velvilje til alle mine førespurnader om hjelp og mine manglande tilbakeleveringar.

Til sist vil eg takke dotter mi, Anna. Du har godteke at mamma har vore fjern på mange vis dei siste åra. Tusen takk for tolmodet og omtanken du har vist meg.

Sogndal 25.10.12

Berit Marie Njøs

## SAMANDRAG

Målet med denne oppgåva er å få fram kunnskap om dei biologiske barna til fosterforeldre. Studien er meint som eit bidrag i diskusjonen om kan som kan vere tenleg oppfølging, og ivaretaking av dei biologiske barna i fosterheimen frå offentlege myndigheter med ansvar for fosterheimsarbeid. Eg tek utgangspunkt i kvalitativt intervju med åtte unge menneske i alderen 11 år til 30 år. Dei har alle det til felles at dei i periodar av livet sitt har delt oppveksten sin med fosterbarn. Av dei åtte eg har møtt er det fire barn i alderen 11år til 14 år. Dei deler oppveksten sin med fosterbarn i dag. Så har eg har møtt fire vaksne barn i alderen 20 år til 30 år. Desse har erfaringar med å ha vakse opp med fosterbarn i familien.

Problemstillinga eg har søkt å finne svar på er: korleis dei biologiske barna til fosterforeldre opplever kvardagslivet med fostersøsken? Det er tre spørsmål som eg har søkt i finne svar på i møtet med dei biologiske barna i fosterheimen. Eg har prøvd å finne svar på korleis dei biologiske barna fortel om si eiga deltaking i verksemda fosterheim. Korleis vert relasjonsforhandlingar utforma mellom familiemedlemene og fosterbarnet og kva lærdom kan oppveksten med fosterbarn gjeve biologiske barn til fosterforeldre. Eg har hatt eit sosialkonstruktivistiske og hermeneutisk vitskapssyn i studien min. I tillegg har eg hatt nytte av element frå kulturpsykologien. I analysen har eg nyttat meg av omgropa: barn som aktørar, omsorgsarrangement og omsorgspraksis, forhandling, omsorg og læring.

Når dei fortel om korleis dei opplever deltakinga si i verksemda fosterheim, presenterer dei biologiske barna seg som deltarar i omsorgsarrangementet fosterheim. Det synest som om dei er aktive aktørar i avgjerdsprosessen og vidare i førebuingsfasen. Når det oppstår vanskar undervegs kring fosterheimsoppdraget og i tilfelle der fosterheimsoppdraget vert avslutta viser fortelingane at biologiske barna har eit avgrensa handlingsrom. Dei viser seg ikkje lenger som aktive aktørar, men er frå sidelinja vitne til det som skjer.

Dei biologiske barna viser i ulike samanhenger i fortelingane sine til at omsorg for andre er sentralt i fosterheimsverksemda, anten det gjeld omsorg for fosterbarnet, søsken eller foreldre. Det vert fortalt at det er foreldrene som guida dei i å forstå fosterbarnet sine behov og korleis familien skal utøve fosterheimsoppdraget. Informantane fortel at dei er omsorgsaktørar ved å vise omsorg for alle familiemedlemene, men i varierande grad. Dei fortel om ulike måtar dei tek ansvar for fostersøsken og avlastar foreldre når dei ser dei er slitne.

Det analysen viser, kan tyde på at relasjonsforhandlingar er ein del av oppdraget. Korleis det vert forhandla om relasjonsutforming i fosterfamilien viser at biologisk barna er sensitive overfor fostersøskens sine ønske og behov for kva dei vil benevne familiemedlemene for. Dei overlet til fostersøskens å bestemme tempo i forhandlingane. I forteljingane vert det vist til at dei biologiske banda kan vere viktige i relasjonsutforminga, men det ser ikkje ut til å vere avgjerande. Faktorar som nær kontakt og kjenslemessige band til kvarandre ser ut til å påverke relasjonsforhandlingane. I tillegg ser det ut til at alderen på fosterbarnet ved innflytting og varigheit på plasseringa har betydning for relasjonsutforminga.

Dei biologiske barna opplever seg ikkje sett av det offentlege som deltakarar i fosterheimen. Dei bidreg i det daglege arbeidet kring fosterheimsoppdraget, men vert ikkje frå det offentlege honorert for det. Det kan sjå ut slik eg tolkar forteljingane til dei vaksne barna, at dette er noko dei har sakna og som kunne gjort barndomen dei delte med fosterbarn annleis og lettare.

I oppgåva ser eg også på fosterheimen som ei læringsarena. Kva kan dei biologiske barna ha lært ved å dele kvardagslivet med fostersøskens og korleis har dei lært det. Analysen tyder på at dei i eit praksisfellesskap med foreldrene sine kan ha lært å bli kompetente omsorgspersonar

# **INNHALDSLISTER**

Forord	2
Samandrag	3
<b>Kapittel 1.0: Innleing – bakgrunn for prosjektet</b>	7
1.2 Familie og familieliv	10
1.3 Kva er ein fosterheim	10
1.4 Kven er fosterbarnet og kva behov har dei	11
1.5 Kva eigenskapar kjenneteiknar fosterfamilien	13
1.6 Oppbygging av oppgåva	14
<b>Kapittel 2.0: Tidlegare forsking på tema</b>	15
2.1 Korleis trur fosterforeldra at biologiske barn opplever oppveksten med fostersøsken	15
2.2. Kva fortel dei biologiske barna om opplevinga av barndom i fosterheim	16
2.3 Råd om korleis ivareta dei biologiske barn	17
2.4 Norsk forsking på fosterfamiliar	18
2.5 Oppsummering av funn frå tidlegare forsking	19
<b>Kapittel 3.0: Teoretiske perspektiv og inspirasjonskjelder underveis i forskingsprosessen</b>	21
3.1. Perspektiv på barn som eigne aktørar	21
3.2 Fosterheimen sett i lys av kulturspykologisk perspektiv	23
3.3 Forhandling og sjølvforteljing	24
3.4 Fosterheimen som omsorgsarrangement	25
3.5 Omsorgspraksis i fosterheimen	25
3.6 Kvardagslæring - fosterheimen som læringsarena	27
3.7 Oppsummering om teoretiske perspektiv	28
<b>4.0: Metode og kjelder</b>	29
4.1 Det kvalitative forskingsintervjuet	29
4.2 Vitskapsteoretiske ståstad	30
4.3 Val og rekruttering av informantar	33
4.4 Presentasjon av informantane	35
4.5 Barn som informantar	36
4.6 Gjennomføringa av intervju	37
4.7 Presentasjon av informantane	39
4.8 Analysen – om å forstå informantane sine forteljingar	40
4.9 Forskingsetiske utfordringar	41
4.10. Refleksjon kring forskingsmessig kvalitetssikring	43

<b>Kapittel 5.0: Presentasjon av funn</b>	46
5.1.0 Når avgjerda vert teken	48
5.1.1 Kvifor vart vi ein fosterheim	50
5.1.2 Avgjerdsprosessen	51
5.1.3 Forventning og førebuing	54
5.1.4 Praktisk tilrettelegging	56
5.1.5 Oppsummering	56
5.2.0 Kven skal vi vere for kvarandre	56
5.2.1 Å bry seg om familien	56
5.2.2 Ansvar og engasjement	59
5.2.3 Diskusjonar om relasjonar	60
5.2.4 Å dele tid og merksemd	63
5.2.5 Oppsummering	66
5.3.0 Kvardagslæring	67
5.3.1 Å bry seg om å ha forståing for andre	68
5.3.2 Ta ansvar og vere omsorgspersonar	70
5.3.3 Å setje seg sjølv til sides	70
5.3.4 Oppsummering	71
<b>Kapittel 6.0: Drøfting av funn</b>	72
6.1.0 Fosterfamilien som familieprosjekt	72
6.1.1 Biologiske barna som aktørar	72
6.1.2 Aktørar i ulike fasar	72
6.1.3 Som omsorgsaktørar	74
6.1.4 Barndomsopplevelingar i ulike tidsperspektiv	77
6.1.5 Ein relasjonsaktør	78
6.1.6 Guidar for dei biologiske barna i fosterheimsarbeidet	78
6.1.7 Ein aktør med avgrensa handlingsrom	81
6.2.0 Fosterheimen som ein læringsarena	85
6.2.1 Å lære å bli ein kompetent omsorgsperson	86
6.2.3 Oppsummering	88
<b>Kapittel 7.0: Vegen vidare /implikasjonar for praksis</b>	90
<b>Litteratur</b>	92
<b>Vedlegg</b>	
1: Førespurnad om å delta i intervju – til foreldre til dei vaksne barna	
2: Førespurnad om å delta i intervju – til foreldre til barna	
3: Førespurnad om å delta i intervju – til barna	
4: Førespurnad om å delta i intervju – til dei vaksne barna	
5: Intervjuguide	
6: Kvittering på melding om behandling av personopplysninga	

## KAPITTEL 1.0: INNLEIING – BAKGRUNN FOR PROSJEKTET

*Vi seier at lottomillionærar ikkje er som andre millionærar, men fosterfamiliar er heller ikkje som andre familiar.*

Dette fortel Kjetil på 28 år. Då han var 16 år vart familien utvida med eitt barn til. Foreldra hans tok på seg ansvaret for å gje ein heim til eit barn som ikkje fekk god nok omsorg der det budde, og dermed trong ein ny heim. Det er foreldra som tek på seg omsorgsoppgåva, men kva vil det bety for dei øvrige barna som allereie bur i familien? Det er gjort mykje forsking på fosterforeldre sine erfaringar med å ta på seg eit fosterheimsoppdrag, men vi veit lite om korleis dei biologiske barna sine erfaringar er. Korleis vert det opplevd for barna å få fostersøskanen? Er barna deltakarar i avgjerda om å ta på seg oppdraget, og kva for rolle har dei i omsorga for fostersøskena sine? Desse og mange fleire spørsmål har eg tenkt på sidan den gang eg sjølv arbeidde med å følgje opp fosterheimsplasserte barn.

Kjetil og sju andre biologiske barn av fosterforeldre i alderen 11år til 30 år, har fortalt meg om erfaringane sine med å vekse opp med fostersøskanen. Sitatet er ein illustrasjon på tema eg har vore oppteken av og som denne masteroppgåva omhandlar: om fosterfamiliar, kvardagslivet med fostersøskanen og kva som skil fosterfamiliane frå andre familiar.

Interessa for fosterheimsarbeid og dei biologiske barna i fosterheimen vart vekt då eg tidlegare arbeidde med fosterbarn som var plassert i fosterheim etter vedtak med heimel i barnevernslova. Arbeidsoppgåvene eg var tillagt innfor fosterheimsarbeid var; rettleiing og oppfølging med fosterbarnet, fosterforeldra og biologiske foreldre og samarbeid med andre offentlege instansar som hadde oppgåver i forhold til fosterbarnet t.d. skule, barne- og ungdomspsykiatrien. Fokuset var på fosterbarnet, som er naturleg då plasseringa handlar om dette. Årsaker til at barn er plassert utafor heimen og flytta i fosterheim er samansett og vil variere frå sak til sak. Kompleksiteten i saka vil påverke behovet for og hyppigheit av oppfølging av fosterfamilien. For mitt vedkomande hadde eg tett oppfølging med særleg to fosterheimar. Då eg rettleia fosterfamilien var fokuset oftast fosterbarnet si åtferd og behov, og korleis ein best skulle legge til rette for vekst og utvikling hjå fosterbarnet. Fosterforeldra hadde ofte biologiske barn som også budde i heimen. Dei vart ofte skyssa ut for å leike eller inn på rommet, slik at ”vi vaksne” kunne få snakke i fred.

I oppgåva mi har eg valt å bruke omgrepet dei biologiske barna og om dei “eigne barna” til fosterforeldra. Omgrepet er valt med utgangspunkt i at dei har ei biologisk tilknyting til fosterforeldra. Eg er klar over at for nokre familiar kan det opplevast misvisande fordi dei ser på alle barna i familien som sine, uavhengig av biologiske band. Men i denne samanhengen vel eg å bruke biologiske barn for å få tydeleg fram kva for gruppe barn og unge eg snakkar om.

Eg erfarte at ofte hadde fosterforeldra biologiske barn, og i praksisen min la eg vekt på å ta kontakt med desse når eg kom på besøk. Det kunne vere for ein prat i stova saman med foreldra, eller eg møtte dei på rommet sitt. Samtalane handla om deira daglegliv, slik som skule, fritidsaktivitetar og andre ting dei var opptekne med i kvarldagen. Kor stor betyding denne merksemda hadde for dei, fekk eg erfare då eg ved eit par tilfelle gløymde den vante praten med dei. Då fortalte fostermor meg i ettertid at sonen på 8 år hadde vore lei seg fordi eg ikkje hadde kome inn på rommet, slik at han kunne fortelje meg om målet han scora på fotballkampen dagen før. Eit anna tilfelle var sonen i huset på 16 år, som skulle vise meg nye ferdighetar i gitarspel og var skuffa fordi eg ikkje kom på besøk på rommet slik at han fekk spela for meg. Fosterforeldra gav ved fleire høve uttrykk for at det var viktig for dei at eg såg deira biologiske barn og gav dei merksem. Eg observerte også i møte med dei biologiske barna i fosterheimen at dei ofte måtte sette seg eigne behov til sides, for å gje plass til fosterbarnet. I periodar der fosterbarnet sine behov kravde mykje tid og merksem vart foreldra mindre tilgjengelege overfor dei.

Eg har i ettertid tenkt ein del på erfaringane mine frå tida med fosterheimsarbeid, på korleis oppveksten til dei biologiske barna i fosterheimen vert påverka av fosterbarnet si fungering og behov. Eg har tenkt på kor viktig eg opplevde at det var for dei biologiske barna å verte sett og høyrt, og at dei også hadde nokon dei delte hendingar og erfaringar frå kvarldagen sin med.

Når ein familie tek på seg oppdrag som fosterfamilie, vert grensene mellom det private og det offentlege utviska. Kontakten fosterfamilien skal ha med det offentlege og med fosterbarnet sine biologiske familie, gjer at fosterheimen vert tilgjengeleg for fosterbarnet sitt nettverk, både det profesjonelle og det private.

Det at fosterheimsarbeid vert utført i private heimar kan gje mange utfordringa til fosterfamilien. Dei relasjonar som vert innleia, utforma og avslutta påverkar livet til barnet som er plassert, foreldra deira, fosterforeldra og dei biologiske barna i fosterheimen.

Eg har vore oppteken av å sjå biologiske barn og fosterbarnet som ein ressurs for kvarande. For at dette skal vare ved, må dei ansvarlege vaksne barna legge til rette for det. Med dette blikket på fosterheimsarbeid ønskjer eg i studien å synleggjere fosterforeldra sine biologiske barn og få fram kva påverknad oppveksten med fosterbarn i familien har på oppveksten deira. Fokuset vil vere både på barna som i dag veks opp med fostersøsken, og dei som er vaksne barna og ser oppveksten med fostersøsken i retrospekt. Mykje av den forskinga som er gjort baserer seg på sekundærinformasjon, som vil seie at det ikkje er barna som har uttalt seg om sin situasjon og si oppleving, men det er foreldra som har fortalt korleis dei trur barnet sine opplevingar er. I kapittelet om tidlegare forsking på dei biologiske barna i fosterheimen vil eg kome nærmare inn på kva denne forskinga viser.

For å få fram barna sine eigne opplevingar, posisjon og deltaking i fosterheimen, har eg formulert følgjande problemstilling:

### **Korleis opplever dei biologiske barna til fosterforelda kvardagslivet med fostersøsken?**

Sentrale spørsmål eg søker å finne svar på er:

- ✓ *Kva fortel dei biologiske barna om si deltaking i verksemda fosterheim?*
- ✓ *Korleis vert forhandlingar om relasjonar mellom fosterbarnet, foreldra og dei biologiske barna utforma?*
- ✓ *Kva kan dei biologiske barna lære/ har lært ved å vekse opp med fostersøsken?*

Ønskje mitt er at studien kan gje kunnskap som gjer at ein forstår dei den handlar om, nemleg dei som lever i eller har levd eit fosterfamilieliv. Auka kunnskap om korleis oppveksten med fostersøsken påverkar oppveksten til dei biologiske barna, kan vere med å gjøre kvaliteten på fosterheimsarbeidet enda betre. Det kan gje offentlege myndigheiter som er ansvarlege for fosterheimspllassering, ein peikepinn på tenleg oppfølging og ivaretaking av dei biologiske barna i fosterheimen.

## **1.2 Familie og familieliv**

Alle barn har behov for omsorg, tryggleik og kjærleik for å utvikle seg å ha det godt. I vår kultur er det ein grunntanke at dette best kan skje i den biologiske familien til barnet. I Stortingsmelding nr. 40 (2001 – 2002) om Barne – og ungdomsvernet (Barne – og familidepartementet 2001), vert det sagt at familiefokuset skal vere ein viktig premiss i barnevernet sitt arbeid. Her kan ein vise til den europeiske menneskerettskonvensjonen, der Noreg har plikta seg til å respektera familien sin integritet. FN – konvensjonen om barnerettane sikrar barnet sin rett til å kjenne sitt biologiske opphav, til å få omsorg frå dei og til ikkje vilkårleg å verte skilde frå foreldra. Det biologiske prinsippet skal vektleggjast i arbeidet til barnevernet og det primære er at barnet skal vekse opp hjå sine biologiske foreldre (Høstmælingen, Kjørholt, Sandberg 2008).

Familieliv slik Schultz Jørgensen (1999) forstår det, er ein sosial konstruksjon som krev vedlikehald på både det personlege og det private plan. Schultz - Jørgensen (1999) hevda at familieliv er fellesskapet innafor familiens avgrensa felt, slik som forholdet mellom ektefellane og mellom foreldra og barna. Familieliv hevdar han, er dei djupe følelsane og dei praktiske arrangementa i ein stressa kvardag. Vidare hevda han at heimen skal vere ein plass for rekreasjon, kvile og intime relasjonar, der familiemedlemmane kan hente styrke både gjennom å vere nære kvarandre og å kunne trekke seg tilbake. Dette fellesskapet utviklar ei gjensidig tilhøyrigheit som omfattar følelsen av stabilitet, intimitet, gjensidigkeit og forpliktande omsorg. Cheal (2002) og Höjer (2006) hevdar at familiemedlemmar er dei som betyr meir for oss enn andre og som vi har eit emosjonelt forhold til. Heimen er ramma rundt familien og familien er plassen der individuelle prosjekt skal samanflettast med familieprosjekt. Gjennom å teikne familiekart inkluderer vi nokre menneske som vår familie og andre som ikkje familiemedlemmar. Ved å kalle familie medlemar ved ulik nemning t.d. søster, bror, tante, onkel gjev ein tilkjenne relasjonen som ein har til vedkommande.

## **1.3 Kva er ein fosterheim**

Ein fosterheim er ein privat heim som tek vare på eit barn, som for ein periode ikkje kan bu hjå eigne foreldre. Ein fosterheim vert karakterisert av at offentlege lover og forskrifter skal utførast i ein privat heim i ein vanleg familie. *Fosterheim* etter § 4-22 første ledd i

barnevernslova og *Forskrift om fosterheim* fastsett av Barne –og familidepartementet 18. desember 2003, jfr. Lov om barnevernstjenester § 4- 22 tredje ledd er definert slik:

- a) Private heimar som tek i mot barn til oppfostring på grunnlag av barnevernstjenesta si avgjerd om hjelpetiltak etter barnevernslova § 4-4 , eller i samband med omsorgsovertaking etter barnevernslova § 4-12 eller § 4-8 andre og tredje ledd.
- b) Private heimar som skal godkjennast etter barnevernslova § 4-7.

Familien er i tillegg til å vere heim og oppvekstarena for biologiske barn og fosterbarnet, også ei verksemد med ei definert oppgåve. Det betyr at det er ein privat heim i tillegg til å vera ein offentleg heim. Fosterheimsarbeid kan seiast å vere ein måte og organisere omsorg for barn på frå det offentlege. Ulvik (2007) referer til den engelske antropologen Goody ( 1982) som definerer fosterforeldreskap som delegering av aspekt ved foreldreskap. Fosterheimsomsorg er ei kriseløsing som vert administrert av barnevernet og vert teke i bruk når barn lever under forhold som bryt med samfunnet sin standard for god nok omsorg. Oppdraget vert også karakterisert ved at i dei fleste tilfelle er arrangementet i eit tofamiliesystem, ved at barnet jamleg har kontakt med sin opphavlege familie medan det veks opp hjå fosterforeldra ( Ulvik 2007).

Fosterheimar tek i mot barn til oppfostring på vegne av det offentlege hjelpeapparatet. Desse sakene vert administrert av barnevernet, med ei definert ansvarsdeling mellom kommunal barneverneneste og det statlege barnevernet. Det er eit kontrollaspekt ved ordninga. Det viser seg ved at det vert kravd ei godkjenning av fosterheimen og at fosterbarnet skal ha sin eigen tilsynsførar. Tilsynsføraren er viktig i arbeidet med å kontrollera at barn som bur i fosterheim får den omsorga dei treng. Tilsynsførar skal vere ein person som barnet kan få tillit til, slik at det kan ta opp problem som gjeld til dømes barnevernstenesta eller fosterforeldra (Bunkholdt 2009).

#### **1.4 Kven er fosterbarnet og kva behov har dei**

Fosterbarn er som andre barn – ulike. Det er barn og unge med ulik bakgrunn, personlegdom, interesser og ressurser. Felles for fosterbarn er at foreldra si omsorg ikkje strekk til for ein kortare eller lengre periode, i forhold til barnet sine behov.

Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) sin barnevernsstatistikk frå 2011, viser at 13177 barn og unge var plassert utafor heimen (<http://www.ssb.no/emner/03/03/barneverng/ttab-2012-06-27-01.html>) etter frivillig hjelpetiltak eller ved omsorgsovertaking. Tal på barn og unge som er plassert i fosterheim har jamnt stigande dei siste åra. Av dei barna som bur i barnevernstiltak utafor heimen er det 86% som bur i fosterheim. Aldersdelinga på fosterheimsborn viser at det er flest born i alderen 13 – 17 år, og av desse er det fleire gutter enn jenter. Forsking (Rapport BUS - Vestlandet 2010) viser at kvart fjerde barn som barnevernet plasserer utafor heimen opplever fleire utilsikta flyttingar. Ei utilsikta flytting inneber at flytting frå fosterheimen skjer tidlegare enn planlagt og på grunn av vanskar som oppsto. Barnevernet forklarar utilsikta flyttingar med at barnevernstjenesta gjorde manglande vurderingar og ikkje såg godt nok vanskane og behovet til barnet. Fosterforeldra forklarar brot i plassering med at dei ikkje hadde forstått rekkevidda av å vere fosterforeldre, i tillegg til at livshendingar og omsynet til biologiske barn påverke avgjerda. Utfordrande og utagerande åtferd hjå fosterbarnet vert også brukt som ei forklaring på brot i fosterheimspllasseringa.

Ein norsk studie (Havik 1996) der 1022 fosterforeldre vart bedne om å seie noko om fosterbarnet sine vanskar, viser at dei fleste fosterforeldre fortel om fosterbarn som strevar med store emosjonelle vanskar, angst, depresjon og åtferdsvanskar. Det vart fortalt at fosterbarnet hadde opplevd å ha ein eller fleire av desse vanskane i større eller mindre omfang.

Barn som opplever fleire brot i relasjon til andre kan utvikle relasjonsskader eller det Bowlby (1992) kallar tilknytingsforstyrringar. Bowlby hevda at barn som ikkje har opplevd omsorgsgjevar som ein ”trygg base” kan utvikle ein personlegdomsstruktur som gjer dei sårbare for omverda og eit bilete av seg sjølve som lite verd. Field et. al. referert i Killén (2007) hevda at barn med uttrygg tilknyting kan utvikle åtferdsvanska, kan ha vanskar i samspel med andre, er därlegare problemløysarar og har låg sjølvkjensle (Field et. al. (1998) referert i Killén 2007 s.55). Dette kan kome til uttrykk ved at barn og ungdom kan utvikle ei utfordrande og utagerande åtferd som kan vere krevjande for omsorgspersonane å forholda seg til.

Studiar frå Danmark (Egelund og Hæstæk 2003) og ein analyse av den norske barnevernsstatistikken for perioden 1990 – 2005 (Clausen & Kristofersen 2008 )

viser at barn som er i kontakt med barnevernet som gruppe er mellom samfunnet sine därlegast stilte både sosialøkonomisk, demografisk og psykososialt. Dei kjem frå familiar med ulike vanskår som til dømes rusrelaterte vanskår, materielle og sosiale vanskår, mishandling og vald.

Forsking om fosterbarn og deira familiar viser at fosterbarnet vil ha behov for tryggleik, stabilitet, omsorg og ei tilrettelegging i kvardagen som kan gje store utfordringar til fosterfamilien. Fosterbarnet sine behov for tilrettelegging av hjelp og støtte i kvardagen vil også ha innverknad på dei biologiske barna i fosterfamilien og deira oppvekstsituasjon.

## **1.5 Kva eigenskapar kjenneteiknar fosterfamilien**

Det er gjort fleire studiar som omhandlar fosterfamilien. Det vert vist til at fosterforeldre lever i lange og stabile parforhold ( Havik 1996, Höjer 2001). Havik (1996) meiner at det offentlege barnevernet ønskjer i hovudsak familiar med to foreldre. Bakgrunn for dette er at familiar med to foreldre har betre føresetnad for å gje omsorg til barn med spesielle behov enn det ein forelder har. Fosterfamiliar vert også beskrive som familiar med ein tradisjonell måte å organisere seg på ved at mor og far i familien har klart definerte rollar Höjer ( 2001). Mor tek ansvar for hus, heim og barna medan far tek ansvar for det som er utanom familien sine grenser. Fosterforeldra i studien sa seg nøgde med denne arbeidsdelinga. Kjenneteikn ved fosterfamiliar er, hevda Höjer, at dei har velutvikla omsorgskompetanse og i mange tilfelle eit omsorgsoverskot. Dei finn stor tilfredsheit i å ta hand om barn og ungdom og at dette er ein gevinst i seg sjølv.

Ulvik ( 2007) viser til at det å vere fosterfamilie inneber at ein søker å utforme ein praksis i dagleglivet som kan romme eit barn si utvikling. Omsorg i fosterfamiliar vil som i andre familiar innehalde utviklingsstøtte, samtidig skal fosterforeldre kompensere for det dei oppfattar som mangelfull eller feil omsorg som barnet har fått tidlegare. Ein stor del av deira utviklingsstøtte vert grunngjeve utifrå barnet sin tidlegare omsorgshistorie og har til hensikt å hjelpe barnet tilbake eller inn på eit akseptabelt utviklingsspor ( Ulvik 2007 s.269).

Barna som flytter i fosterheim har ofte opplevd manglande omsorg i oppveksten, noko som gjer at foreldreskapet kan vera særleg krevjande. Sjølv om forsking seier at familiar som tek på seg oppgåver som fosterfamilie har eit omsorgsoverskot, vil familiemedlemane bli stilt på prøver som kan tøyast utover deira kompetanse som omsorgspersonar. Fosterbarn er barn og

ungdom som over tid kan ha levd i ein livssituasjon som har påverka åtferda og utviklinga deira på ein negativ måte.

## 1.6 Oppbygging av oppgåva

I dette kapittelet har eg gjort greie for val av tema og bakgrunn for dette. Eg presenterte så forskingsspørsmåla mine og gjorde kort greie for kjenneteikn ved fosterfamiliane. I det neste kapittelet viser eg til nordisk forsking på temaet. Kapittel 3 viser til mi teoretiske forankring for tema.

Kapittel 4 omhandla metode og kjelder. Kapittelet tek føre seg framgangsmåte ved gjennomføring av intervjua og erfaringar undervegs. Til slutt i metodekapittelet viser eg til metodiske og etiske utfordringar i gjennomføringa av studien samt refleksjon kring forskingsmessig kvalitetssikring. I kapittel 5 presenterer eg funn frå møte med informantane. Eg tek utgangspunkt i forskingsspørsmåla eg stiller og viser til empiri. I kapittel 6 drøftar eg resultata frå undersøkinga mi med utgangspunkt i dei teoretiske perspektiva. Då vil eg ved å bruke funn frå datamaterialet, diskutere kva oppveksten saman med fostersøksen har betydd for dei biologiske barna. Kapittel 7 inneheld ein avsluttande refleksjon over kva funn frå undersøkinga viser, som kan ha implikasjonar for det offentlege hjelpeapparatet med ansvar for fosterheimar.

I teksten refererer eg til *informantane* når eg meiner alle informantane eg møtte. Eg brukar *barna* om dei som i dag deler oppveksten med fostersøksen, og *vaksne barna* om dei som deler erfaringar i retrospektiv.

## KAPITTEL 2.0: TIDLEGARE FORSKING PÅ TEMA

Eg har valt å sjå nærmere på kva som finns av forsking om fosterfamilien sine biologiske barn i Noreg, Sverige og Danmark. Valet mitt er gjort med bakgrunn av at i dei nordiske land er forsking gjort frå nokolunde samanliknbare samfunnsforhold. Fosterheimsarbeidet som vert gjort i desse landa kan dermed til ein viss grad samanliknast med det norske fosterheimsarbeidet.

### 2.1 Korleis trur fosterforeldra at biologiske barn opplever oppveksten med fostersøskene

Frå svensk forsking vil eg referere Höjer (2001) sin studie om fosterfamiliar. Ho har sett på kva som skjer når ein familie går frå å vere ein ”vanleg familie” til å vere ein fosterheim. I studien har ho hatt fokus på relasjonen i familien og korleis desse vert påverka av fosterforeldreskapet. Studien har eit vaksenperspektiv ved at det er fosterforeldra som er informantane hennar. Datamateriale er samla inn ved å nytta både kvantitative og kvalitative metodiske tilnærmingar. Ho har gjennomført ei spørjeundersøking av 366 fosterforeldre, der 174 var menn og 192 var kvinner.

Sidan eg i min studie vil intervju dei biologiske barna i fosterheimen om korleis dei opplever å dele oppveksten og kvardagslivet sitt med fosterbarn, er det interessant å få innsikt i korleis foreldre trur at barna deira opplever å vekse opp med fostersysken. I intervjuet med fosterforeldre viser at dei fleste har svara at dei trur deira eigne barn hoversakleg er nøgde med å leve i ein familie som også er fosterheim. I intervjuet finns det døme på fosterforeldre som meiner at også negative erfaringar har vore lærerike, og dermed ikkje berre hatt ein negativ men også ei positiv innverknad på eigne barn.

Foreldra meiner at barna har fått lære seg forståing for andre menneske sin situasjon, og har fått øving i utvikling av empatiske evne. Nokre av foreldra i studien har uttalt at det å påta seg oppgåva som fosterforeldre, også var ei bevisst handling i forhold til å gje eigne barn kunnskap om ulike oppvekstvilkår.

Det finns også forteljingar som viser til at biologiske barn har kome i bakgrunnen fordi fosterbarnet har hatt behov for stor merksemrd. Tid til eigne barn har vorte mindre, og nokre

foreldre seier dei i periodar har forsømt barna sine. Det vert også teke fram døme på at det kan verte konflikt mellom biologiske barn og fosterbarn, særleg der dei er nær kvarandre i alder. Det vert fortalt at fosterforeldreskapet vert utført med tydlege grenser, og at livet i fosterfamilien kan vere prega av meir rigide rutinar og reglar enn før fosterbarnet flytta inn. Dette ser foreldra som både positive og negative erfaringar for eigne barn.

## 2.2 Kva fortel dei biologiske barna om opplevinga av barndom i fosterheim

Nordenfors (2006) har i si doktorgradsavhandling lytta til stemma til biologiske barn i fosterheimen og fått fram deira opplevingar av barndomen i fosterheimen. Ho har fokus på korleis eigne barn ser på si deltaking i ulike prosessar i fosterheimen, og korleis relasjonen i familien vert forma. Spørsmål som har oppteke henne er korleis dei biologiske barna engasjerer seg i foreldra sine og i fostersysken sitt velbefinnande. Ho har i tillegg vore oppteken av om det finns ein kjønnsskilnad i korleis dette vert beskrive og kva for posisjonar dei inntekte i familien. Til sist har ho vore oppteken av kva for normer og verdiar som gjeld i familien og korleis desse verdiane vert opplevd frå dei unge sitt perspektiv.

Eit viktig utgangspunkt i hennar forsking er synet på dei unge som aktørar og deltarar i interaksjonen i familien. Dei deltok i aktivitetar og i forhandlingsprosessar og er med og konstruerer si sosiale verd. Deira utvikling vert studert som personleg forma, sosialt forma og forma innafor kulturelle normer. Gjennom heile studien bevega ho seg i spenningsfeltet mellom det *kompetente barnet* (barnet som aktør, deltarar i eiga utvikling og i sosiale prosessar) og det *sårbare barnet* (barnet som treng omsorg og støtte, men som vert påverka og avgrensa av vaksne barna).

Nordenfors starta arbeidet med datainnsamling ved å gjennomføre fokusgrupper med 17 deltarar, der målet var å innhente kunnskap om ei gruppe unge sineopplevingar frå oppveksten med fostersysken. Utifrå kunnskapen som kom fram i fokusgruppa vart det danna 3 diskusjonsgrupper samansett av begge kjønn barn og unge (19 deltarar), der målet var å utdjupe kunnskapen frå fokusgruppene. I tillegg har ho gjennomført ei spørjeundersøking til 684 respondentar frå 184 kommunar i Sverige.

Studien viser at barn er aktive deltarar og medskaparar i livet i familien og av familiekulturen. Det vert vist til at dei framstår som empatiske, ved at dei set seg inn i både fostersysken og i eigne foreldre sin situasjon. Fleire av dei tenker i gjennom og planlegg si

deltaking i relasjonen mellom seg sjølve, fostersysken og eigne foreldre. Dei bidreg i forhold til dynamikken i familien og tek på seg ansvar for sine fostersysken både i heimen og på andre arenaer. Gjennom utforminga av relasjonen til fostersysken og foreldre i det daglege vert dei biologiske barna delaktige i verksemda fosterheim.

Studien viser eit bilet av familiar der forståing for og omsynet til andre spelar ei sentral rolle. Når informantane skulle beskrive seg sjølve, trekkjer dei fram toleranse, vise forståing og å ta omsyn til andre som eigenskapar som kjenneteiknar dei. Der dei unge opplever seg som forhandlingspart som har mulighet til å påverke eigen situasjon, vert oppveksten med fostersysken opplevd positiv. I forhandlingar gjennom relasjonar vert utforming av engasjement omkring fostersysken utforma. Ein tendens i studien er at dei yngre informantane er meir positive til å vekse opp med fostersysken når dei beskriv kvardagslivet sitt. Dei eldre er meir positive og reflekterande når dei beskriv verdiar og eigenskapar som dei har tileigna seg, men er meir negative når dei beskriv at dei tok eit stort ansvar og at kvardagen iblant var kaotisk i heimen. Nordenfors sin studie viser ein kjønnsskilnad i beskrivingane. Jentene i studien verkar i høgre grad å identifisera seg med den omsorgsgivande mora, medan gutane identifiserar seg med faren som ikkje er like engasjert i fosterbarnet. Her finns det klart unntak.

Engasjement i fostersysken er for mange av informantane sentralt. Dei biologiske barna i fosterheimen viser seg som eigne aktørar i den fortstand at dei bidreg i omsorgsoppdraget som fosterheimen er, og dei er med å utforma og har innflytelse på utforminga. Å vekse opp med fostersysken inneber å delta i familielivet, gje og få omsorg og stadig reflektera over uttalte og ikkje uttalte moralske verdiar. Det er dette Nordenfors kallar eit *refleksivt syskonskap* (Nordenfors 2006 s.30).

## 2.3 Råd om korleis ivareta dei biologiske barn

Frå dansk forsking vil eg trekke fram den kvalitative studien til Larsen (2008). Han har intervjuat sju biologiske barn i fosterheimen i alderen 14 – 20 år, om korleis dei opplever å vere biologiske barn i ein fosterfamilie. Målet med studien er å fokusera på biologiske barn i fosterheimen, slik at desse barna sitt liv og utvikling vert ivaretakne. I si analyse har han organisert datamateriale i ulike tema, mellom anna er han oppteken av involvering i livet som fosterfamilie, sjølvforståing og samanbrot av fosterheimsoppdraget. Publiseringa av studien

inneheld også ein klinisk del der fleire psykologar kjem med råd om korleis ein handterer ulike problemstillingar i heimen med bakgrunn i funn frå studien til Larsen (2008). Råda omhandlar korleis foreldra kan ivareta dei biologiske barna på ein god måte. Hovudbodskapen i råda som vert gjeve er at biologiske barn må snakkast med om fosterheimsoppdraget. Larsen er oppteken av at det bør vere openheit om det som også kan opplevast som vanskeleg for foreldra, dersom det er slik at barna opplever at dei må beskytte eigne foreldre, eller dei ser at eigne barn viser mistrivnad. Foreldra må vere bevisste på å setje av tid og merksemd til biologiske barn og vere tydlege på at oppgåvene som fosterforeldre er foreldra sine. Det vert også vist til at foreldre bør vere bevisst på alderen til fosterbarnet og alderen på eigne barn. Erfaringar viser at nærleik i alder mellom biologiske barn og fosterbarn kan vere uheldig. (Larsen 2008)

## 2.4 Norsk forsking på fosterfamiliar

I Noreg er det lite forsking på denne gruppa barn og unge. Det som finns av forsking på fosterforeldra sine biologiske barn er stort sett fosterforeldra sitt perspektiv på korleis dei trur barna deira opplever å dele oppveksten med fostersysken. Det er omfattande studiar på fosterbarnet og fosterfamilien men lite fokus på fosterforeldra sine biologiske barn.

I mi søking etter norske studiar som omhandlar biologiske barn i fosterheimen har eg funne Heggdalsvik (2007) si hovedfagsoppgåve i Sosialt Arbeid. Ho har intervjua sju barn og unge i alderen 9 år til 29 år, og av desse er det fem jenter og to gutter. Spørsmål ho har vore oppteken av i sin studie er korleis dei eigne barna opplever eigen situasjon og korleis ”verda” ser ut for dei. Kva erfaringar sit dei att med etter å ha vakse opp saman med fosterbarn?

Frå hennar forsking kjem det fram at erfaringane dei biologiske barna har, varierer med varigheita i plasseringa, alderen på fosterbarnet og avstand/nærheit til det biologiske barnet sin alder. Åtferda til fosterbarnet kunne opplevast som vanskeleg å forhalde seg til i dei tilfelle denne var utagerande og avvikande frå det som var forventa av barn på den alderen. Informantane i studien uttrykte omsorg for fosterbarnet og eigne foreldre. Heggdalsvik hevda vidare at dei biologiske barna får lite merksemd og oppfølging frå det profesjonelle hjelpeapparatet, både frå fosterheimstenesta og kommunal barnevernsteneste.

I Ulvik (2005) sin studie av fosterfamiliar har ho utforska fosterforeldreskap som kulturelle praksisar der både fosterforelder og fosterbarn vert analysert som handlande subjekt.

Datamaterialet bygger på intervju med 21 fosterbarn, 36 fosterforeldre og 5 biologiske barn. Ho har fokus på meiningskonstruksjon. Det som vert utforska er korleis fosterbarn og fosterforeldre skapar meiningskonstruksjon i den omsorgspraksis dei inngår i, og det kvardagslivet dei utformar i fellesskap. Fosterheimsarrangementet vert utforska som ein måte å skape barndom på, og ho er oppteken av at fosterfamilien representerer ein barndomsvariant.

Målet med Ulvik sin studie er å utforske fosterfamilien som historiske, sosialt og kulturelt situert arrangement for kontinuerlege omsorgsrelasjonar mellom vaksne barna og barn. Det empiriske materialet er kome til ved fleire intervju med barn og vaksne, og det er den subjektive meiningskapinga som vert utforska. Ulvik har hatt fire tema i studien. Ho har fokusert på fosterbarn sin meiningskonstruksjon, fosterforeldra si forståing av verksemda (arbeid), og utvikling av relasjonar ved å studere korleis barn og vaksne barna i fosterfamiliar utformar og utviklar relasjonar til kvarande gjennom forhandlingar. Vidare har ho fokusert på fosterforeldra sine utviklingsmål og utviklingsstrategiar, der ho kjem nærare inn på forholdet mellom omgropa utviklingsstøtte og kulturell korreksjon. I eit sosiokulturell/kulturpsykologisk perspektiv, som er hennar teoretiske perspektiv, vil utviklingsstøtte bli forstått som kulturell korreksjon. Sett frå dette perspektivet vil utviklingsstøtte innehalde korreksjon eller justering av barnet sin væremåte. Ulvik beskriv også omgropet som kompensasjon; læring av ferdigheiter som manglar. Ulvik sin studie omhandlar ikkje dei biologiske barna i familien, men hennar studie har inspirert meg i mi førebuing til eige forskingsarbeid. Hennar teoretiske perspektiv og dei omgropa ho nyttar i sin studie vil eg sjå nærare på når eg skal analysere datamaterialet mitt.

## 2.5 Oppsummering av funn frå tidlegare forsking.

Funn frå forskinga til Höjer (2001) og Nordenfors (2006) viser at det er eit visst samsvar mellom foreldra sine forteljingar om korleis dei trur biologiske barn opplever å dele oppveksten med fostersøskene og det som kjem fram i forteljingane til dei biologiske barna. Til dømes seier foreldra at dei trur barna stort sett er nøgde med fosterheimsoppdraget til familien, men at det til tider kan vere utfordrande og ei belastning for barna. Dei biologiske barna ser på fosterheimsoppgåva med blanda kjensler. Dei er engasjerte og opplever seg som aktive deltagarar i verksemda, samtidig som dei også fortel historia som sakn etter merksemder frå foreldra. Åferda til fosterbarnet kan vere vanskeleg å forstå og forholde seg til og det påverkar i periodar oppveksten til dei biologiske barn.

Etter gjennomgang av dei nemnde studiane finn eg Nordenfors (2006) og Ulvik (2005) sine studiar inspirerande å bygge vidare på. Nordenfors sin studie er den som liknar mest på mitt arbeid. Eg vil i studien min sjå på fosterheimsverksemda i eit sosiokulturelt perspektiv, og få fram dei biologiske barna sin meiningskonstruksjon av verksemda fosterheim og korleis dei ser si eiga deltaking i verksemda. Ho har også studert dei biologiske barna med fokus på barna som aktive deltakarar og medskaparar i familielivet. Slik sett så er mi forsking å sjå som eit supplement til hennar forsking.

I tillegg har eg vorte inspirert av Ulvik si forsking på fosterheimar, der ho har forska på fosterforeldra og fosterbarnet. Ho har utvikla nokre omgrep eg finn interessante å bruke slik som omsorgspraksis og omsorgsarrangement. I tillegg er eg interessert i få vite kva lærdom dei biologiske barna kan ha opplevd ved å dele oppveksten med fostersøsken. Ved å nytte eit slikt perspektiv på fosterheimsverksemda kan eg få fram betydinga det kan ha for dei biologiske barna si vekst og utvikling å dele oppvekst med fostersøsken. Ved å lytte til deira stemme vil eg få tak i deira meiningskonstruksjon om lærdom av å dele oppveksten med fostersøsken. Denne måten å analysere og forstå fosterheimsarbeid på er ikkje gjort tidlegare og dermed ser eg mi forsking som bidrag til ny kunnskap om fosterfamiliar.

## KAPITTEL 3.0: TEORETISKE PERSPEKTIV OG INSPIRASJONSKJELDER

### UNDERVEGS I FORSKINGSPROSESSEN

I kapittelet overfor har eg vist til forsking eg meiner er relevant for studien. Eg vil vidare presentere dei teoretiske perspektiva eg vektlegg i oppgåva og som har vore inspirasjonskjelder i arbeidet mitt med analysen av datamaterialet.

#### 3.1 Perspektiv på barn som eigne aktørar

Det er nedfelt i norsk lov at barn er eigne aktør som skal lyttast til og takast med i avgjerder som omhandlar dei. Det vart i 2003 vedteke at FNs barnekonvensjon skulle vere ein del av norsk lov. Dermed tydeleggjorde ein at barn har særlege behov for menneskerettar også i Noreg. I tillegg har vi Barneombodet som har eit særleg ansvar for å ivareta barn sine rettar og interesser. Å sjå barnet som eigen aktør med eigne rettar inneber at barna si stemme skal lyttast til og deira meining skal vektleggjast. Eg vil vidare gjere greie for kva det inneber å ha eit barneperspektiv og kva eg som forskar bør ta omsyn til når eg skal lytte til barnet si stemme. Det paradigmeskiftet som har føregått innan forsking der barn vert sett på som eigne aktørar som sjølv påverkar omgjevnadane, har medført eit anna forståing av relasjonane innad familien enn tidlegare.

Giddens (1991) hevdar at tida vi lever i er prega av individualisering og vi er frikopla frå kollektivet. Dette gjev større mulighet meiner Giddens til at vi kan påverke og endre livsbana og forme eige liv. Han hevda vidare at tida vi lever i stiller krav til *refleksivitet*. Det vil seie at individet er sjølvbevisst og at det utifrå erverva kunnskap og erfaringar fortløpende posisjonerer seg sjølv og sine handlingar.

I psykologien har barn si utvikling vore tolka utifrå ei forståing av at utviklinga skjer i bestemte fasar som er universelle. I sosiologien har sosialiséringsprinsippet stått sentralt. Der tenker ein seg at barn si utvikling er påverka av vaksne barna sine normer og at foreldre har ein framtrenande posisjon som sosialiséringsagentar. Barndomsforskar Corcaro (2011) er kritisk til den universelle forståinga av barndom. Han meiner at barndom må bli forstått historisk, i lys av kulturelle kontekstar og ut i frå barna si eiga forståing. Han nyttar omgrepene ”*Interpretive Reproduction*” (Corcaro 2011 s.20) om barnet sin måte å lære på, som skjer i interaksjon og utveksling med andre. Corsaro seier at barn er aktive, kreative sosiale aktørar.

Dei vil dermed saman med vaksne og andre barn vere deltakar i å skape barnekultur samtidig som dei bidreg til vaksensamfunnet sin kultur. Innan dette synet vert barndom sett i relasjonellt perspektiv. Barndom er eit sosialt konstruert system av relasjonar der barn og vaksne barna har ulike posisjonar. Ved å nytte Corsaro sitt sosiologiske perspektiv vil ein forstå barn som ein eigen sosial kategori. Barndom har sin eigen verdi og vert ikkje lenger sett på som ein overgangsperiode til voksenlivet. Barn vert sett på som konsumentar og brukarar av ulike tenester. Barndom i fosterheim er ein variasjon i måtar å skape barndom på. Denne forståinga av barndom ønskjer eg å utforske nærmare. Korleis skaper dei biologiske barna i samspel med dei vaksne i familien barndomen sin?

Tiller (2000), som skriv innafor same tradisjon som Corsaro meiner at omgrepet barndom kan analyserast utifrå tre ulike synsvinklar eller posisjonar. Desse tre synsvinklane kallar han den opplevde barndomen, den historiske barndomen og den offentlege barndomen.

Eg vel å referer til det Tiller (2000) kallar den *opplevde barndomen*, då eg ser dette perspektivet som interessant å sjå nærmare på med bakgrunn i min eigen studie. Korleis fortel biologiske barn i fosterheimen om måten dei opplever sin barndom på? Han viser han til at utgangspunktet for dette perspektivet er at barndomen vert skapt av barn. Tiller hevda at vi kan seie barnet konstituerer barndom. Dette inneber at barnet ser og oppfattar verkelegheita nettopp ved å ikkje sjå det som andre – det dei vaksne barna hevdar å sjå. Dei ser til gjengjeld andre ting. Vi må gå direkte til verks og søke etter barn si eiga beskriving av sitt miljø, sine aktuelle opplevingar. Vi må søke etter barndomen i barnet si subjektive oppleving. Sjølv om barnet ikkje har noko omgrep om barndom, lever dei midt i den. Utan barn, ingen barndom. Tiller referer til sosialantropologen Marianne Gullestad som hevdar at vi ikkje kan forventa at barn har noko førestilling om barndom så lenge dei sjølv er barn ( Tiller 2000 s.16). Det som Tiller og Gullestad her trekkjer fram om den opplevde barndomen kan få betydning for min studie. Ved å intervju barn som i dag lever med fostersysken vil eg få fram deira subjektive oppleving av korleis dei opplever kvardagslivet sitt i eit her – og nå perspektiv. Medan dei vaksne utflytta barna sine forteljingar om barndomen i retrospektiv vil gje meg eit anna bilet av deira opplevingar av ein barndom dei delte med fosterbarn.

Slik eg forstår barneperspektivet er det eit omgrep som må brukast med omhug. Å ha eit barneperspektiv kan tolkast som at den vaksne prøver å sjå barnet si verd med barnet sine briller. Ei bevisstgjering omkring mi eige rolle i møte med barnet, og at eg også kan vere medkonstruktør i forteljingane dei presenter, vil vere nødvendig når eg analyserer

datamaterialet. Eg vil gjere nærare greie for korleis eg vil å ta omsyn til dette dilemma i metodekapittelet.

Ulvik (2007) nyttar barneperspektivet i betydinga kunnskapsperspektivet. Med det meiner ho at barn vert utforska og analysert som sosiale deltagarar i si konkrete verd. Ho seier vidare at denne måten å tolke barneperspektivet på også kan kallast eit aktørperspektiv eller eit subjektperspektiv på barn. Utifra ei slik forståing er det ikkje berre eit spørsmål om kunnskapskjelde, men at ein snakkar med barn og utforskar deira forståing. Ulvik si forståing av barneperspektivet opplever eg som relevant for mi forsking, der eg søker å få kunnskap om kvardagslivet med fostersøskene gjennom å lytte til dei biologiske barna si stemme.

### **3.2 Fosterheimen sett i lys av kulturspsykologisk perspektiv**

Ulvik (2005) brukar kulturspsykologi som ei nemning på kunnskapsambisjonen for sin studie. Ho viser til den norske tilnærminga til kulturspsykologien, der eit slikt perspektiv vert nytta i fleire empiriske prosjekt. Desse rommar inspirasjon frå fleire teoretiske perspektiv, slik som sosiokulturell teori, sosialkonstruktivisme og poststrukturalistisk teori. I denne varianten av kulturspsykologien er meiningsskaping og fortolking sentrale omgrep. Innhaldet i kulturspsykologien må ”fyllast” av brukaren og meiningsaspektet er sentralt. Det er ein posisjon som inneber at *alle* menneskelege fenomen må studerast som kulturelle fenomen. Ingenting vert sett på som naturleg eller universelt, men samspilet mellom kultur og person vert forstått som mediterrert handling i kontekst, der kvar og ein er aktiv medkonstruktør. Eit sentralt omgrep innan kulturspsykologien er meiningskonstruksjon. Omgrepet inneheld både følelsar og oppleveling som to sider av same sak og som det vert uhensiktmessig å skilje. Det betyr at i eit kulturspsykologisk perspektiv vert følelsar forstått som meir enn biologiske indre fenomen. Følelsar forstått i dette perspektivet er forma og uttrykt ved kulturelle prosessar. Det betyr ikkje at dei er mindre reelle eller opplevde, eller at ein ser vakk frå at dei også har ei biologisk side. Følelsar kan ikkje lokaliserast til sjølve fenomenet, situasjonen eller erfaringa, men til den sosiokulturelle konteksten og aktøren si tolking av den og kva som er tilgjengelege fortolkingsrammer (Ulvik 2007 s.51).

Dette kan vere eit interessant perspektiv for meg når eg skal diskutere korleis dei biologiske barna i fosterheimen opplever statusen sin i verksemda fosterheim og korleis dei opplever relasjonen til fosterbarnet og eigne foreldre. Ved å rette fokus på meiningsskaping vil eg rette

søkelyset på dei biologiske barna sine kvardagserfaringar og korleis dei forstår desse. Eg vil då kunne danne meg eit bilet av kva dei prøver å få til og korleis dei forstår eigne erfaringar.

### 3.3 Forhandling og sjølvforteljing

Ulvik (2007) brukar analytiske omgrep som er interessante å bruke i min studie.

Sjølvforteljingar og forhandling er to av dei omgrepene eg vil sjå nærare på.

For både fosterbarna, fosterforeldre og fosterforeldra sine biologiske barn kan verksemda som fosterfamilie vere ein arena for å forhandle om seg sjølv. Kven skal vi vere for kvarandre som fostermor, fosterfar, fosterbarn og fostersysken? Det vil dermed vera mulig å analysere forteljingane til dei biologiske barna som er intervjua her som forteljingar om korleis dei skaper seg sjølv. Ved å bruke omgrepet sjølvforteljing betyr ikkje det at forteljaren er åleinefattaren til forteljinga om seg sjølv. Ulvik (2007) hevdar at alle sjølvforteljingar er skapt innafor kulturelle og relasjonelle muligheiter og at forteljingane vil endre seg etter kvart som ein inntek nye posisjonar, går inn i nye relasjonar og får tilgang på nye kulturelle forteljingar.

I min studie opererer eg med to tidsperspektiv. Det eine perspektivet er *her og no*, ved at eg har intervjua barn som i dag veks opp saman med fosterbarn i familien. Det andre er *i ettertid*. Dei som i dag er vaksne og utflytte frå barndomsheimen. Kan det vere at deira sjølvforteljing har endra seg frå tida då dei budde heime? Vil det vere slik at dei som er vaksne barna vektlegg andre faktorar i si oppleving frå oppveksten enn dei som i dag bur heime. Dei utflytte vil truleg ha gått inn i nye relasjonar og ha fått tilgang på anna kulturell praksis som kan gje forteljinga om seg sjølv anna innhald. Omgrepet sjølvforteljing vil derfor vere nyttig for meg som eit analytisk omgrep i analysen av datamaterialet. Eg kan gjere meg nytte av omgrepet når eg analyserer informantane sitt identitetsarbeid og korleis dei gjennom forteljingane sine skapar seg ein identitet.

Forhandling er eit omgrep som Ulvik (2007) og Nordenfors (2006) brukar som eit analytisk omgrep eller perspektiv i sine studie. Nordenfors (2006) refererer til innhaldet i forhandlingsomgrepet slik Bäck- Wiklund & Bergsten (1977) forstår det. Dei seier at forhandling tek utgangspunkt i den kulturelle, materielle og relasjonelle verkelegheit som forhandlingspartane er i. Dette viser til mellommenneskelege avtalar, engasjement og forpliktingar som vi inngår i, ofte ubevisste eller ureflekerte, gjennom samspel med andre.

Forhandlingar vert uforma på ulikt vis og det er einskildindividet som aktør som formar desse prosessane. Tidlegare erfaringar og den samanhengen som forhandlingane føregår i vil ha betydning for korleis forhandlingane føregår.

Eg vel å bruke forhandling som eit analytisk omgrep der det vert teke for gitt at all interaksjon mellom partar kan analyserast som forhandling. Eg vil bruke det som perspektiv når eg analyserer samspelet i kvardagslivet mellom fosterbarnet og dei biologiske barna i familien. Korleis vert forhandlingar om relasjonen mellom fosterbarnet, foreldra og fosterfamilien sine biologiske barn utforma og korleis er desse med å skape ein ”plattform” for dei til ei forståing av seg sjølve som deltararar i verksemda fosterheim?

### **3.4 Fosterheimen som omsorgsarrangement**

Ulvik (2007) presenterer omgropa omsorgsarrangement, omsorgssystem og omsorgspraksis som analytiske omgrep om fosterheimar. Omsorgsarrangementet bruk i denne samanhengen seier ho er på modellnivå, til dømes kjernefamilie, ste familie, fosterfamilie eller barneheim. Omsorgssystem vert nytta som omgrep for den spesifikke utforminga av eit omsorgsarrangement. Eit døme på eit omsorgssystem er når fosterbarnet bur saman med fosterforeldre og deira barn, og i tillegg har jamleg samvær med sine biologiske foreldre. Fosterbarnet går på skule og skulefritidsordning. Dette er system som gjev omsorg til barnet og dermed inngår i det Ulvik kallar omsorgssystem. Omsorgspraksis inneber å sjå på korleis deltararane som inngår i omsorgspraksisen utforma kvardagslivet i fellesskap (Ulvik 2007 s.15). Dei biologiske barn, fosterbarnet og fosterforeldra vil vere deltararar i utforminga av omsorgspraksisen. Omsorgsarrangement og omsorgspraksis vil vere analytiske omgrep for å utforske fosterheim, sett med dei biologiske barna sine auge, som ein måte å skape seg barndom på

### **3.5 Omsorgspraksis i fosterheimen**

I tillegg til at foreldre er viktige for barn, er også søskene viktige sosialiseringpersonar for barn og unge. I ein engelsk studie, utført av Brannen, Heptinstall og Bhopal (2000) viser dei at barn var omsorgspersonar både overfor søskene og foreldra. Det vanlegaste var då at søskene vart plassert som like betydningsfulle som foreldra. Relasjonen til søskene viste seg å ha

betyding både for barna si sosialisering og for barnet si utvikling. Søsken kan opplevast til oppdragande på kvarandre og dei kan vere til støtte og trøyst når det er nødvendig.

I studien viser dei korleis barn på ulikt vis tek ansvar og gjev omsorg til både søsken og foreldre. Omsorg vert i denne studien definert som førestillingar om relasjon, å høyre til og vilje til å skape ei kjensle av å gjere noko godt for andre. Barna i denne studien fortalte korleis dei tok vare på yngre søsken både ved praktisk kunnskap om ulike ting og gjennom at å gje dei kunnskap om sosiale relasjonar. Også yngre søsken fortalte at dei kunne uroa seg for eldre søsken, når dei trudde dei ikkje hadde det bra. Barna i Brannen et.al (2000) si studie syntetiserte omsorg for sine foreldre. Dei viste forståing for foreldra sine vanskar, og dei kunne trøyste foreldre når dei var bekymra eller var lei seg. Det var mødrer i studien beskriv kjensla av støtta dei fekk av barna sine, og kor viktig den var for dei. Barna i studien gav uttrykk for klare oppfatningar om vaksne barna sine behov og dei vanskar som kunne vere i familien sitt liv. Denne innsikta bidrog til at dei var aktive omsorgspersonar både for foreldre og sysken. Såleis viste barna seg som empatiske og omsorgsgivande familiemedlemmar. Det same viser Höjer (2001) til i sin studie, der fosterforeldra ho intervjuja, framheva at dei ser utvikling av empatiske evner som den største gevinsten for dei biologiske barn i familien.

Nordenfors (2006) og Höjer (2001) referer til Jennifer Mason (1996) sin modell for å analysere den omsorg som føregår i familien. Mason har teke utgangspunkt i korleis den tradisjonelle omsorgsforskinga har delt omsorgsomgrepene, ved å sjå på *omsorg som arbeid* og *omsorg som kjensle*. Mason har utforska området omsorg og ansvar innad i familien. Ho argumenterer for at det finns ein måte å bry seg om, og utøva omsorg på i familien og slektsrelasjonar, som opptek ein stor del av utøvarane si tid og energi, men som ikkje passar i nokon av desse kategoriane. Ho har fokusert på aspekt ved omsorg som handlar om å *bry seg*. Ho viser her til at det handlar om aktivitetar som ikkje kan kategoriserast i terme som arbeid eller kjensle, men som krev engasjement og har betydning for utforminga av relasjonen i familien. Dette hevdar ho skjer i forhandlingsprosessar mellom familiemedlemmene og det vil finnas individuelle ulikskapar. Mason hevdar vidare at slik variasjon inneber at ulike menneske også same familie vil kjenne ulik grad av engasjement og tek på seg ansvar for søsken og foreldra på ulikt vis (Mason (1996) referert i Nordenfors 2006 s.118)

Dei perspektiva på omsorg som her er presentert i Brannen et. al.(2000), Höjer ( 2001) og Mason ( 1996) (referert i Nordenfors 2006), vil vere nyttig for meg å sjå nærmare på i analyse

av mitt datamateriale. Eg vil vere oppteken av korleis fosterforelda sine eigne barn presenterer korleis dei involverer seg i fosterbarnet. Viser dei til hendingar der dei yter omsorg til andre i familien t.d. fostersøsken og eigne foreldre?

### 3.6 Kvardagslæring - fosterheim som læringsarena

Eitt av dei sentrale spørsmåla i studien viser at eg er oppteken av kva dei biologiske barna lærer ved å vekse opp med fostersøsken. Eg vel å sjå på det å få eit fostersøsken som ei form for å vere i ein læringsprosess. Leave og Wenger (1991) si forståing av situert læring finn eg interessant å sjå nærmare på, då det høver til det sosiokulturelle perspektivet som er skissert tidlegare.

I studien til Lave og Wenger (1991) (referert i Illeris (red) 2000) presenterer dei omgrepene ”Situered learning”, der dei gjer merksam på at læring er prega av den situasjonen den lærande er i. Meisterlære meinte dei var for universell og situert læring (learning by doing) gav dei lite mening. Den mangla det dei såg på som viktige aspekt i læring nemleg den sosiale praksisen. Leave og Wenger betrakta læring som ein situert aktivitet ved at den er definert ved ein karakteristisk prosess, som dei kallar *legitim perifer deltaking* (Wenger og Leave (1991) referert i Illeris (red.) 2000 s.185).

Legitim perifer deltaking er ein teori som tek opp i seg den sosiale praksisen. Ved å nytte dette perspektivet på læring så retta dei merksemde til det poenget at dei lærande er deltakarar i eit fellesskap av praktikarar. Ved å kalle det *Legitim perifer deltaking* opnar det for å snakke om relasjonen mellom nytilkomne og erfarne deltakarar og om aktivitetar, identitet, artefakter og fellesskapet som kunnskap og praksis. Denne prosessen fører til at dei nytilkomne vert ein del av eit praksisfellesskapet og gradvis framstår som fullverdige medlem i ein sosiokulturell praksis. Den sosiale prosessen føreset dermed læring av relevante ferdigheitar.

Det perifere viser til at det er eit mangfold av variasjonar av måtar å vere plassert i eit deltakarfellesskap på, både forpliktande og inkluderande. Perifer deltaking handlar om å vere plassert i sosiale rom, og skifte av plassering og perspektiv er ein del av deltakarane sine læringsvegar, si utvikling av identitet og sine former for fellesskap. Omgrepene er komplekst og inneheld sosiale strukturar som også omfattar maktrelasjoner. Maktaspektet i perspektivet kan sjåast som at ein i får høve til å utvikle sjølvtilt og dermed også makt. På den måten kan legitim perifer deltaking vere kjelde til makt eller maktesløyse ved anten å fremme eller

hemme denne utviklinga eller utveksling mellom ulike praksisfellesskap. Lave og Wenger framhevar det relasjonelle i perspektivet og utveksling av kunnskap frå ulike praksisfellesskap kan føre til full deltaking. Omgrepet er dynamisk ved at den nytilkomne i praksisfellesskapet på ingen måte er adskilt frå pågåande praksis. Perifer brukt i denne samanhengen legg opp til ein måte å få tilgang til praksisfellesskapet på gjennom gradvis involvering fram til fullverdig deltarar. Ein startar opp med å observere før ein etter kvart får delta meir og meir og til slutt deltek som kompetente medlemarar. Dersom ein går gjennom desse stega hevdar Leave og Wenger at det gjev best læring.

Legitim perifer deltaking er ein måte å forstå læring på som eg vil bruke som analytisk perspektiv i min studie. Ved bruk av perspektivet legitim perifer praksis vil eg sjå på relasjonen mellom nytilkomne og erfarte deltararar, her bruk i betydning av fosterbarnet og dei biologiske barna i fosterheimen. Perspektivet kan slik eg ser det nyttast overfor både nytilkome i fellesskapet, fosterbarnet, men det kan også vere analytisk reiskap for sjå korleis dei biologiske barna tileigner seg kunnskap og kompetanse i eit praksisfellesskap med foreldra. Kva kan lære/ har lært ved å vekse opp med fostersysken og kven var det dei lærte det av? Slik som til dømes om å vera familie, å vere barn og å vere søsken, og korleis har denne lærdomen kome til nytte seinare i livet?

### 3.7 Oppsummering om teoretiske perspektiv

Eg har i dette kapittelet presentert teoretiske perspektiv som eg legg vekt på i studien min. Det er presentert fleire omgrep som eg finn interessante å ta i bruk i analysen av datamaterialet. Omgrep eg vil nytte meg av og bruke i analysen av funna mine er: *barn som aktørar, omsorgsarrangement og omsorgspraksis, forhandling, omsorg og læring*.

## **4.0 METODE OG KJELDER**

Dette kapittelet tek føre seg metodiske tilnærmingar og forskingsstrategiar som er nytta for å gje svar på problemstillinga mi. Det vert gjort greie for val av metode for datainnsamling, vitskapsteoretisk bakgrunn, utveljing av informantar, intervjuguiden og gjennomføringa av sjølve granskings. Ryen (2006) hevdar at den kvalitative forskingsprosessen kontinuerleg stiller forskaren overfor val, og at det er fagleg innsikt som må danne grunnlaget for dei val som forskaren gjer gjennom forskingsprosessen. Ho seier vidare at forskaren må argumentere fagleg for både det ein og det ein vel bort. Kvalitativ forsking inneber dermed at forskaren kontinuerleg står overfor fleire vegval. Dei vesentlege vala gjeld faglege spørsmål, men det vil også vere vegval som omhandlar praktiske sider ved forskinga. Siste del av kapittelet handlar om etiske avvegingar og refleksjonar kring validitet, generalisering og forskarrolla. Eg tek til med å seie noko om kva som kjenneteikna det kvalitative forskingsintervjuet.

### **4.1 Det kvalitative forskingsintervjuet**

Det er barnet sin meiningskonstruksjon omkring opplevingar av å vekse opp med fosterbarn i familien eg ønskjer å utforske. Korleis ein får fram informanten sin meiningskonstruksjon kan baserast på ulike typar empirisk materiale. Ein kan få tilgang til informantene sine skrivne forteljingar til dømes ved dagbøker eller andre personlege dokument, eller ein kan oppfordre til slik skriftleg produksjon. Ei anna mulighet er å skape forteljingar i samtalar med informanten. Dette gjev muligkeit til å utforske meiningskonstruksjon medan forteljinga vert til. Kvale og Brinkmann (2009) seier at føremålet med det kvalitative forskingsintervjuet er å forstå sider ved intervjugersonen sitt dagleliv frå hans eller hennar perspektiv. Kvale og Brinkmann (2009) definerer det kvalitative forskingsintervjuet som ei spesifikk form for fagleg samtale. Strukturen i eit forskingsintervju er lik den daglegdagse samtalen, men skal ha ei viss form for struktur, målsetjing og ei deskriptiv orientering der svara vert mest mogleg spesifikke, samstundes som det skal vere rom for å snakke ope om eit fenomen. Med andre ord så søker det kvalitative forskingsintervjuet å forstå verda sett frå intervjugersonen sitt perspektiv og å framstille fenomen utifrå deira eigenart. Målet vil vere å få fram betydinga av folk sine erfaringar og få fram korleis dei konstruerer opplevingar av verda.

Dalland (2007) hevdar at i kvalitativt forskingsintervju er det forskaren som er instrumentet. Det er på grunnlag av dine spørsmål du får svar. Di evne til å oppfatta svara, ta vare på dei,

forstå dei og tolke dei er avgjerande for om det du får ut av intervjuet, er til å stole på (Dalland (2007 s.128). I forskingsintervjuet er det eit mål å få fram ny kunnskap, der det er forskaren som definerer og kontrollerer samtalen. Tema i samtalen er gjeve av forskaren og det er også forskaren som føl opp intervjupersonen med spørsmål.

Til mitt aktuelle kunnskapsføremål vil forskingsintervju vere det tenlege. Gjennom intervju med aktuelle informantar vil eg få tilgang til dei biologiske barna sin meiningskonstruksjon kring det å vekse opp med fosterbarn i familien.

## 4.2 Vitskapsteoretiske ståstad

I det følgjande avsnittet vil eg gjere greie for den vitskapsteoretiske ståstaden i studien min. I presentasjon av teoretiske perspektiv som har inspirert meg i arbeidet mitt, har eg allereie vist fram vitskapssynet som eg vektlegg. Vitskapssynet har eg valt med utgangspunkt i føremålet med studien min. Det sosialkonstruktivistiske og hermeneutiske vitskapssynet opplever eg vil vere tenleg i studien min. I tillegg er det element i kulturspsykologien som eg opplever kan vere hjelpsame i mitt arbeid.

Ryen (2006) viser til at i forskingsarbeid vil val av vitskapsteoretisk perspektiv ha betyding. Vitskapsteorien inneholder fleire perspektiv og meininger om kva som er føremålet med forsking og korleis ein best forrskar. Omgrepa epistemologi og ontologi er mykje nytta for å skildre dette nærmare. Ontologien vil seie ideane ein har om verda og epistemologi skildrar korleis ein får gyldig kunnskap om verda. Dermed vil val av vitskapsteori vere styrande for korleis ein vektar ulike sider i ein forskingsprosess og det vil gje ulike råd for korleis ein går fram i forskinga.

Sosialkonstruktivismen er sett på som eit viktig perspektiv innan samhandlingsvitskap. Perspektivet er ikkje så teriorientert som andre vitskapssyn. Fokuset i perspektivet er at verklegheten for det enkelte menneske er sosialt konstruert. Alvesson og Skjölberg (2008) hevdar at sosialkonstruktivisme også inneholder element frå grounded teori, kritisk teori og hermaneutikken.

Sosiologane Peter Berger og Thomas Luckmann vert sett på som sentrale bidargsytarar i korleis vi forstår sosialkonstruktivisme. Berger og Luckmann (2000) snakkar om mennesket som ein produsent av eit meiningsprodukt. Vi konstruerer ei forståing av verkelegheten ved å

kategorisere den, til dømes vaksne barna, barn, kvinne og mann. Dei hevdar at verkelegheita vert konstruert i eit sosialt fellesskap.”*Virkligheten skapes av samfunnet*”, og verkelegheita er ”*en kvalitet som er knyttet til fenomener som vi erkjenner har en eksistens uavhengig av vår egen vilje* (Bergmann og Luckmann 2000 s.24).

Sentralt i den sosiale ordninga er prosessen som fører til *institusjonalisering*. I dette omgrepet viser Bergmann og Luckmann til at kvar kategorisering er ein institusjon som føreset visse typar handlingar av visse typar aktørar. Kvar institusjon inneheld faste tanke og handlingsmønster slik som til dømes familie, skule og religion. Vi skapar verda og den står fram deretter som ei objektiv verkelegheit som vi til slutt internaliserer. Denne prosessen tek aldri slutt. Ritual, symbol og språk er døme på ei objektiv verkelegheit. Vi utviklar heile tida vaner og på bakgrunn av tidlegare vaner gjev det oss føring på korleis vi handlar når vi kjem i liknande situasjoner.

Dette synet stemmer godt overeins med Schultz (referert i Alvesson og Skjølberg 2008) som meiner at den enkelte si livsverd må sjåast i samanheng med deira erfaring frå samhandling, sosialisering og den generelle sosiale og kulturelle kontekst. Eit slikt vitskapsteoretisk syn er det mange som deler i dag.

Hacking (2000) er ikkje oppteken av å definere kva sosialkonstruktivisme er, men oppteken av kva som er poenget med teorien. Kjernen i perspektivet meiner han er korleis vi menneske trur verda er. Meiningskaping er eit sentralt omgrep. Meiningskaping hevdar han er at menneske skapar si verklegheit i samhandling med andre.

Kulturpsykologien har sitt utspring i det sosialkonstruktivistiske vitskapssynet. Ulvik (2005) referer til Gulbrandsen (1998) som seier at å utforske meiningskonstruksjonar vil seie å følgje den einskilde sine subjektiverande rørsler. Desse må verte forstått som kontekstspesifikke sosiale prosessar. Dette betyr at i min studie av biologiske barn som er eller har vore fostersøken, vert dei forstått i ein særskilt kontekst. Opplevelingane dei har kan vere ulike utifrå kvar i landet dei har vokse opp, om dei vakse opp i ei lita bygd eller i ein by. Ulvik hevdar at kunnskap om fosterheimar bør utsettast for importkontroll når den vert transportert frå ein kulturell kontekst til ein annan (Ulvik 2007 s.35). Med det meiner ho at kunnskap om fosterheimsarrangement i andre sosiokulturelle og historiske kontekstar, eller studiar der kontekst ikkje vert gjort relevant, vil ha avgrensa nytte. Ein premiss for dette

arbeidet er at all kunnskap som vert produsert er sosialt konstruert og historisk og kulturelt situert. Viten vert skapt og ingen viten er sann, eintydig eller objektiv.

Eg har valt å fokusere på to tidsperspektiv i studien min. Det kan også ha betydning for innhaldet i forteljingane deira, ved at dei som delte oppveksten med fostersøskens for 10 – 15 år sidan kan ha annleis oppleving enn barna som bur saman med fostersøskens i dag.

Ein fellesnemnar for det hermeneutiske perspektivet er at ein er oppteken av forståing og korleis ein kan gå fram for å få fruktbare fortolkingar. Heidegger, vert rekna som opphavsmann til dette perspektivet, og hans ontologiske utgangspunkt er at menneske er karakterisert ved at vi er tolkande tilstades i verda. Vi relaterer til oss sjølve, verda og til andre gjennom tolking. Eitt fenomen vil alltid stå i samanheng med den tida og det rommet det står i (Alveson & Skjölberg 2008)

Heidegger er oppteken av at den daglege praksisen vi samhandlar i er med og gjev grunnlag for vår forståing av verda. Vi er aldri frie frå eigne førestillingar som vi møter verda eller andre si oppleving med. Heidegger peikar på at vår før -forståing er ein føresetnad for å forstå den andre, samstundes som den også kan vere til hinder (Alveson & Skjölberg 2008)).

Vår eigen måte å tenkje på er med på å skape det vi oppfattar som verkelegheita. Når eit fenomen eller område skal utforskast, forstår vi det utifrå eigne erfaringar, kunnskap, og meininger om fenomenet, og vi gjer våre tolkingar av det. Røkenes og Hansen (2007) kallar før- forståinga vår for ”brillene vi alltid har på oss” og som fargar det vi ser. Vår før -forståing vil innehalde blant anna kulturelle røyndomsoppfatningar, menneskesyn, etisk grunnsyn, faglege paradigme, teoriar og sjølvforståing. Når eit fenomen eller område skal utforskast, gjer vi det dermed utifrå våre erfaringar, kunnskap, oppfatningar og meininger om fenomenet, og gjer våre tolkingar på bakgrunn av dette. Måtar å forstå fenomen på, eller måtar vi skjønnar ein person på, verkar inn på måten vi møter vedkommande. I ein intervju situasjon er atmosfæren prega av korleis intervjuar møter informanten, og korleis informanten skjønnar, tolkar og oppfatta intervjuar.

Dalen (2004) meiner at i innleiinga i møte med informanten er det viktig å avklare roller, hensikta med intervjuet og å avklare vår eiga før - forståinga Mi før- forståing kan vere prega av tidlegare erfaring eg har frå fosterheimsarbeid og at eg har opplevd at det å vere fosterforeldre og fostersøskens gjev familien mange utfordringar. Eg har sett at det endra

dagleglivet til familien når det flytta eit fosterbarn inn, som har behov for mykje omsorg og merksemd frå dei vaksne i familien. Det kan vere at mine ”briller” er farga av at eg i nokre tilfelle opplevde at fosterbarnet med si krevjande åtferd tok mykje tid og merksemd frå fosterforeldra og det medførte at dei biologiske barna i familien i periodar vart tilsidesett. Eller eg kan stå i fare for å sjå på fosterforeldra sine biologiske barn som ein stor ressurs til fosterbarnet, fordi eg har erfaring med at i einskilde familiar tok biologiske barn stort ansvar for fosterbarnet. Eg har prøvd å vere bevisst mi eiga for - forståing og korleis den kan farge studien min. Eg har gjennom heile arbeidsprosessen med oppgåva, når eg møtte informantane og seinare i analysen av datamaterialet, prøvd så langt eg klarte å frigjere meg frå tidlegare erfaringar og dermed vere open for å sjå materialet med andre ”briller”

Samstundes som eg har forventningar om at dei biologiske barn har verdifull informasjon og kunnskap å meddela, ser eg at det kan vere ei utfordring å få dei i tale og skape ei atmosfære som gjev dei lyst til å fortelje om eigne erfaringar.

Gjennom å nytte kvalitatittivt intervju som metode vil eg kunne få informanten til å fortelje om hendingar og opplevelingar slik dei har hatt betyding for dei sjølv og på ein måte som gjer det mulig for meg som forskar å forstå. Det vil då vere mulig for meg å sjekke mi eige før – forståing og fortløpende invitere til ein forteljarproduksjon som er eigna for mitt kunnskapsføremål.

#### **4.3 Val og rekruttering av informantar**

Eit sentralt spørsmål er kor mange eg treng å intervju for å få nok data og variasjon til å få den forståinga eg søker. Ryen (2006) hevdar at i kvalitative intervju er ikkje målet å få fram generalisebar kunnskap, slik som i kvantitative analyser, men det vert søkt å få tilgang til informanten si historie, slik han ser den. Informantane er valt utifrå forskaren sine kriterier og utvala er små. Ho hevdar vidare at informanten si betyding er stor både direkte og indirekte. Direkte ved at informanten vel sjølv kva han vil fortelje og også kva han vel bort, anten det er bevisst eller ikkje. Det vil også vere informanten sitt perspektiv på fenomena som vert studert.

Eg har valt å intervju dei som i dag veks opp med fosterbarn i familien for å få fram eit her – og no -perspektiv på erfaringar og opplevelingar til biologiske barn i alderen 11 år til 15 år. I tillegg har eg eit retrospektivt perspektiv ved at eg har intervju vaksne barn i alderen 20 år til 30 år som er flytta ut av barndomsheimen.

Første runde i rekrutteringsarbeidet var at eg kontakta det statlege barnevernet ved Fosterheimstenesta. Dei vart spurde om hjelp til å formidle informasjonsskriv med samtykkeerklæring til aktuelle fosterfamiliar. Førespurnaden var stila både til fosterforeldra, som skulle gje samtykke til om barnet deira kunne delta i studien, dersom barnet var under 18 år, og til barna. For å kome i kontakt med dei vaksne utflytta biologiske barna vart det statlege barnevernet ved Fosterheimtenesta spurt om å sende informasjonsskriv til fosterforeldra med spørsmål om dei kunne vidareformidle skrivet til eigne aktuelle barn. Det viste seg etter kvart at eg brukte lengre tid på å rekruttere informantar enn det eg såg føre meg i starten.

Førespurnaden til Fosterheimstenesta resulterte i ein informant. Det medførte at eg måtte ta kontakt med andre som har kontakt med fosterheimar for å rekruttera nok informantar. Eg etablerte først kontakt med interesseorganisasjon til fosterforeldra, Fosterheimsforeningen, som var positive til studien. Ved hjelp av dei kom eg i kontakt med ein informant. Velvillige tilsette i Barne –og ungdomspsykiatrien og ein barnevernsinstitusjon, der ei av arbeidsoppgåvene til institusjonen er rettleiing til fosterforeldra, hjelpte meg i rekrutteringsarbeidet. Før dei sende skriftleg informasjon om studien, ringde dei til aktuelle informantar og informerte munnleg om studien. Dette resulterte i at rekrutteringsarbeidet gjekk lettare, og eg kom i kontakt med dei aktuelle informantane som eg hadde behov for. Eg fekk namn og telefonnummer til informantar via mine hjelparar og via returnerte svarbrev. Etter kvart som eg fekk attendemelding om nokon var interessert i å vere med i studien, tok eg kontakt, og vi avtalte tid og stad for intervju. Alle har erfaring med å dele kvardagslivet med fosterbarn i kortare eller lengre periodar av oppveksten sin.

Dei er ikkje tilfeldig utvalde, men dei er valde av mine hjelparar i rekrutteringsarbeidet. Dei er spurte av personar som familien kjenner gjennom samarbeid omkring fosterbarnet. Det kan ha påverka svaret deira om å delta i studien. Det kan vere dei kjenner seg forplikta til å delta, eller deira eigne foreldre har pressa dei til å vere med sidan foreldra har ein relasjon til den som ringjer og spør om dei vil delta. Dei kan også oppleve det som ei anerkjening av seg sjølve som fostersøsken, sidan dei er valde ut til å delta. Hjelparane mine i rekrutteringsarbeidet er tilsette i det statlege barnevernet og i barne – og ungdomspsykiatrien. Det kan bety at dette er fosterforeldre som mottek rettleiing frå mine hjelparar, fosterbarnet er på avlasting på barne – og ungdomsheimen eller det går til behandling på barne – og ungdomspsykiatrisk poliklinikk. Det finns fosterforeldre og fosterbarn som ikkje mottek denne hjelpa og som heller ikkje har behov for det. Dei er ikkje representert i mitt materiale.

Det vart ikkje sett mange kriteria for val av informantar. Men eg har vore oppteken av alder på barna eg intervjua. Bakgrunn for at eg valde at barnet eg skulle intervju skulle vere rundt 12 år, er med utgangspunkt i tema det skal snakkast om. Det krev ei intellektuell modning og evne til refleksjon hjå barnet å kunne fortelja om eigne erfaringar frå oppveksten.

Då eg starta rekrutteringsarbeidet var eg inne på tanken om å vere bevisst på ei viss fordeling av kjønn på informantane. Kunne det at informanten var jente eller gut påverke datamateriale i form av at kjønn kan ha betydning for kor mykje dei er involvert i verksemda fosterfamilie? Dette kunne vere interessant å få kunnskap om. Men eg valde å sjå bort frå dette kriteriet av ulike årsaker. Erfaringa med at det tok lenger tid enn eg forventa å rekruttera informantar, medførte at eg ikkje kunne vere selektiv på utvalet om eg skulle verte ferdig innan tida eg har avsett til å arbeide med studien.

Eit anna spørsmål eg måtte ta stilling til var kor mange eg skulle intervju. Ryen (2006) henviser til Bertraux som er oppteken av at etter ein del intervju har den neste lite å bidra med. Det vert nye historier om det same. Ein kjem det til som Bertraux kallar eit mettingspunkt (Ryen 2006 s.93). Ryen (2006) peikar også på at størrelsen på utvalet er eit skjønnsspørsmål.

Det å kome til eit mettingspunkt var ikkje noko eg gjorde eit bevisst val om i forhold til tal informantar. Eg har vore oppteken av at talet på informantar skulle vere tilstrekkeleg til at eg kunne svare på problemstillinga eg har. Utvalet skulle vere jamt fordelt på barn som bur heime og vaksne barn som er utflytte, slik at stemmene til begge gruppene vart høyrde. Det ville gje meg eit datamateriale som representerer nokre av dei biologiske borna si stemme.

#### 4.4 Presentasjon av informantane

Eg vil her gje ei kort presentasjon av barna og dei vaksne eg har møtt i studien min. Informantane har alle det til felles at dei har levd med fostersøsken i familien i kortare eller lengre periodar av oppveksten. I tillegg til fostersøsken har fem informantar biologiske søsken og tre informantar er/var åleinebarn. Til saman har eg intervjuat åtte informantar. Av desse er fire barn/ tenåringar i alderen 11 – 14 år ( tre jenter og ein gut) og fire er vaksne barna i alderen 20 – 30 år ( to menn og to kvinner). Dei vaksne barna er utflytte frå barndomsheimen og etablerte med sambuar. Tre av dei er i dag småbarnsforeldre. Då foreldrene tok avgjerda om å bli fosterforeldre var dei biologiske barna i alderen mellom 9 år til 20 år.

Informantane bur/ har budd i små bygder med spreidd busetnad, og to av informantane har vakse opp på gard. Dei andre bur/ har budd i einebustad i byggefelt eller litt i utkanten av bygda. Alle fortel om ei aktiv fritid, og dei viser til varierte interesser, slik som fotball, handball og musikk. Det som kjenneteiknar dei fleste eg har intervjuer er at dei bur i nærleiken av andre familiemedlemmar. Det er kort avstand til besteforeldre, tante, onklar og søskenbarn.

I kapittelet der eg presenterer funn frå intervjuet har eg med eit skjematiske oversikt over informantane.

#### 4.5 Barn som informantar

I dette avsnittet vil eg sjå nærmere på omgrepene barn og kva omsyn eg må vere meg bevisst når eg nyttar barn som informantar i forsking. Gjærum Gürgens R. (red.) (2010) referer til Kittelsaa (2010) som viser til fleire faktorar som må takast omsyn til når barn vert brukt som informantar. Barn har lite makt ved at livet deira er kontrollert av vaksne barna og det kan føre til at dei vert sett på som lite truverdige informantar. Ein anna faktor ho viser til er at barn har avgrensa erfaringar og eit relativt kort merksemdspenn. Vidare framhevar ho at det er viktig at forskaren har kunnskap om barn si utvikling då det er individuelle ulikskapar i modning og utvikling hjå barn. Kittelsaa (2010) viser til at det finns ikkje noko barnespesifikk forskingsmetode, men forskingsmetode må veljast i forhold til den samanhengen forskinga føregår i kulturelt og sosialt, til forskingsspørsmåla og til forskaren sin kompetanse

Kva eigenskapar som karakteriserer barn og kva som har betyding for eit individ si utvikling finns det mykje forsking om, og litteraturen presenterer ulike perspektiv som prøver å gje oss svar på dette. Eg har valt å sjå på kva Øya og Fauske (2005) og Tiller (2000) viser til som skil barn frå vaksne barna. Øya og Fauske viser til nokre eigenskapar ved barnet som skil dei frå vaksne barna og at desse eigenskapane må det takast omsyn til i møte med barn. Dei trekkjer fram at ei klassifisering av alder skil barn, unge og vaksne barna, men at betydninga av alder ikkje er absolutt og gitt ein gang for alle og at det også må takast individuelle omsyn.

*Modning* er den biologiske utviklinga som inneber at individet utviklar sine anlegg, evne og ferdigheitar utifrå genetiske disposisjonar og at individet etterkvart er fullt utvikla og dermed moden. Det betyr at ein vert sett på som moden når ein har utvikla evne til forståing og kunne gjere vurderingar. Om ein ikkje har utvikla denne evna vert ein sett på som umoden.

Den andre prosessen som vert referert til er *læring*, som betyr at ein har evne til å tileigna seg og bearbeida opplevingar og erfaringar. Menneske si individuelle utvikling er dermed eit samspel mellom modning og læring slik det vert presentert hjå Øia og Fauske.

Ved å gje ei kort oppsummering av det som her er referert til vil det bety at eg i arbeidet mitt tek omsyn til barnet sin alder, det vil seie alderen på barnet eg intervjuar har hatt betydning for datamaterialet mitt. Eit anna omsyn er kor modent barnet er, i den forstand at dei er i stand til å forstå og gjere vurderingar. I tillegg har eg prøvd å ta omsyn til omgrepene læring og vere bevisst på at barnet i tillegg til den individuelle utviklinga også er påverka av omgjevnaden det veks opp i. Det betyr at barnet si utvikling vil vere påverka av både modning og læring. Noko som kan påverke korleis barnet fortel si historie.

I arbeidet med å rekruttere informantar var eg oppteken av at barnet skulle vere i stand til å reflektere over sin eigen oppvekstsituasjon noko som krev modning hjå barnet. Eg valde å setje nedre alder på informantane til 10 år og på den måten har eg teke prøvd å ta omsyn til både, alder, modning og læring.

#### 4.6 Gjennomføringa av intervjua

I studien eg har gjennomført vart barn og voksne barna som har erfaring med å vekse opp med fostersøsken, invitert til å fortelje om kvardagslivet sine hendingar, slik som eigne aktivitetar, relasjonar, sosiale møte, samt deira eiga forståing av og refleksjonar kring eiga deltaking i verksemda fosterfamilie. I møte med informantane mine nytta eg ein variant av livsformintervju som metodikk når eg skulle få fram informantens sine meiningskonstruksjon. Livsformintervju er ein variant av utforskande kvalitativt forskingsintervju og har til hensikt å gje grunnlag for ei framstilling av informantens si livsverd i all si breidde. I korte trekk handlar samtalemetoden om å snakke med barnet om kva som skjedde i ein gitt tidsperiode, til dømes om dagen i går. Ved å snakke med barnet om dette utforskar ein breidda i barnet sitt daglegliv. Ulvik (2007) hevda ved å nytte livsformintervju vil det hjelpe forskaren til å bli merksam på nye fenomen

Målet mitt er ikkje å framskaffe mykje informasjon om fosterfamiliar sine kvardagspraksisar, men å få eit innblikk i dei biologiske barna si oppleving av eigen oppvekst saman med fosterbarn og kunne samanlikna praksis på utvalde område.

Det er ikkje det informanten opplyser om kvardagen sin som er den primære interessa men korleis dei forstår og reflekterer over det livet som blir levd.

Ved å ta i bruk ein variant av livsformintervju som eit kartleggingsreiskap gav det meg tilgang til meiningskonstruksjonar som kan nyttast til analytisk føremål. Eit døme på korleis eg bruke livsformintervjuet er då eg spurte 12åringen, som bur saman med foreldra sine og fosterbroren på 7 år, om han kunne fortelje meg korleis dagen i går hadde vore i familien. Han fortalte då kva han og familien hadde gjort, og kven av familiemedlemene som gjorde dei ulike tinga frå han stod opp om morgonen til han gjekk til sengs om kvelden. Denne detaljerte forteljinga gav meg bilete av korleis denne familien organiserer kvardagen. I analysedelen seinare i oppgåva vil eg ta føre meg fleire døme frå intervjuet.

I forkant av møta med informantane har eg utarbeida ei form for intervjuguide. Ryen (2006) hevdar at det er det semsistrukturete intervjuet som er mest brukt i kvalitativ forsking. Det semistrukturerte intervjuet er kjenneteikna ved at ein på førehand har sett opp hovudspørsmål og saker eller tema utan å fastleggje i detalj spørsmålsformuleringa og rekkefølgja på spørsmåla.

Grada av kor mykje ein skal strukturere på førehand vil avhenge av målet med studien. I mitt tilfelle ser eg at det er tenleg å ha ein intervjuguide som har med hovudtema eg vil kome inn på. Dersom eg har ein for fast struktur kan det medføre at eg ikkje fangar opp eller at eg misforstår det som er viktig for informanten å fortelje meg. Det er viktig å hugse at det er den som fortel som er ekspert på seg sjølv, sin kunnskap, si forståing og sine eigne følelsar og for meg er det denne sida av korleis eitt fenomen vert opplevd som skal utforskast. Det har vore viktig for meg å ikkje påtvinge dei mine tolkingar og halde tilbake mine tankar kring det som vert fortalt, men få fram informanten si historie.

I samtalane med barna har eg vore oppteken av å vise dei tolmod og gje dei tid til å formulere og fortelje si historie med eigne ord. Spørsmåla eg har stilt har eg prøvd å formule på ein slik måte at dei har forstått. I den samanheng har eg brukt omgrepene dei har bruk til dømes ved å gjenta det dei har sagt på ein spørjande måte. Då har eg fått sjekka ut kva dei har meint, og dei har hatt muligkeit til å korrigert eller utdjupa det fortalte.

Intervjuet fann stad i tida medio februar til medio april 2011. Før eg møtte informantane hadde dei sendt meg skriftleg samtykkeerklæring om at dei ville delta. Der informanten var under

atten år hadde foreldra i tillegg til barnet sjølv, samtykka til at dei kunne vere med i studien min. Alle intervjuua vart innleia med at eg informerte om prosjektet, føremålet med studien og arbeidet mitt vidare. Eg informerte om rettar, og bad om løyve til å nytte bandopptakar. Eg har møtt informantane på deira heimstad og på ulike plasser utifrå kva som høvde for dei. Det har vore veklagt at vi skal møtas ein plass der vi fekk ein skjerma intervjustusuasjon. Eg har møtt to informantar på møterom på kafé, ein på skulen etter skuletid, den eine møtte eg på arbeidsplassen og fire har eg møtt i heimen deira. Intervjuua varte mellom ein og ein og ein halv time.

I møte med informantane, og då særleg i forhold til barna eg har møtt, har eg brukt tid på kontaktetablering. Vi har snakka om daglegdagse ting og dei eg møtte i heimen viste meg t.d. dyra sine. Det gav dei ein mulighet til å verte kjend med meg ved å snakke om kjæledyret sitt. I to tilfelle ville barnet at mor skulle vere med dei når dei møtte meg. Det opplevde eg gav barnet muligkeit til å studere meg og verte trygg i situasjonen medan eg samtala med mor om dagleglivet. Når barnet var klar til at mor kunne forlate rommet tok intervjuet til og bandopptakaren vart sett på. Bruk av bandopptakar medførte at nokre av barna vart opptekne av den og sjekka fleire gangar om den stod på. Om dette påverka innhaldet i samtalens historie dei fortalte meg, er vanskeleg å seie.

Som forskar må eg framstå som ein forståeleg vaksen. Dei som møter meg, både barna og dei vaksne barna har forventingar til meg som til dømes at eg stiller ”vanskelege” spørsmål, og at det er snakk om ”rette” svar. Eg har prøvd å lage ei ramme rundt samtalens der eg har klargjort at de er deira historie som er interessant for meg. Det eg opplevde som ein føremon i intervjuua, var at eg var nysgjerrig på problemstillinga. Eg møtte informantane med ei interesse for å få fram deira opplevelingar og erfaringar.

Ettersom intervjuua ikkje følgde standardisert prosedyre, men består i at eg føl tettast mulig det som den enkelte fortel, har eg av og til hamna ”ute på viddene”. Der dette har skjedd har eg på ein vennleg måte klart å avbryte med at ”du fortalte meg for litt sidan om den dagen Lasse flytta inn så....”. Det har hjelpt både meg og informantane inn på tema der vi slapp.

## 4.7 Å gjere meg kjend med datamaterialet

Føremålet med å transkribere intervjetet frå munnleg til skriftleg form er å gjere det tilgjengeleg for analyse. Eg tok opp alle intervjeta på digital bandopptakar og hørde på intervjeta direkte frå bandopptakaren. For det meste gjekk det greitt å få tak i det som vart sagt i intervjeta. Transkriberinga hjelpte meg til å sjå grundigare på datamaterialet. Intervju er ein samtale som utviklar seg mellom to menneske ansikt til ansikt.

Kvale og Brinkmann (2009 s.186) skriv at i ein transkripsjon vert samtalen mellom to menneske som er fysisk tilstades, abstrahert og fiksert i skriftleg form. Han held fram at oversettinga frå munnleg samtale til skriftleg tekst ikkje berre er ein teknisk prosess men at det også skjer ein tolkingsprosess undervegs. Når materialet vert strukturert i tekstform vert det lettare å få oversikt over. Struktureringa er starten på analysen.

Eg opplevde at det var kostnader forbunde med å transkribera intervjeta. Det var fleire sider ved intervjustituasjonen som forsvann i transkriberinga. Til dømes kjem ikkje blikka vi delte, smilet, tenkjepausar, og stemninga i rommet fram det skriftlege materialet. Transkriberinga tok orda ut av sin kontekst. Eg har skreve ordrett ned det som vart sagt i intervjetet Der eg brukar sitat i oppgåva har eg valt å ikkje bruke dialektord, men skreve nynorsk. Når eg har valt å ikkje bruke dialekt i sitata er det for å ivareta anonymiteten til informantane.

## 4.8 Analysen - om å forstå informantane sine forteljingar

*Analysen* er namnet på prosessen frå historiane som vart delte og skapte i samtalen og fram til forteljingane eg enda opp med å fortelje i oppgåva mi (Kvale & Brinkmann 2009). Val av analysemetode vert påverka av kva som skal analyserast og kva som er føremålet med samtalen. Kvale & Brinkmann viser til at det ikkje er noko standardmetode for tekstanalyse i kvalitativ forsking, men at det er utvikla fleire ulike tilnærningsmåtar til analysen. Dei ulike analysemetodane vil gje ulike fokus og blikk på datamaterialet.

Eg valde i byrjinga å ikkje ha ein bestemt analytisk framgangsmåte på korleis eg skulle analysere materialet. Allereie i intervjustituasjonen kom tankar om korleis forteljingane kunne verte forstått fram for meg. Under transkribering av intervjeta held analysen fram og eg fekk fleire idear til korleis eg skulle forstå innhaldet og bringe dette vidare. I denne fasen av analysen brukte eg lang tid og gjekk fram og tilbake mellom empirien, nye tankar og teoretiske inspirasjonar som kom til undervegs. I denne prosessen opplevde eg det nyttig å

arbeide systematisk med datamaterialet. Eg gjekk i gjennom intervjeta sekvens for sekvens og lytta til det dei sa og las det transkriberte materialet mitt fleire gonger. Etter kvart vart det tydlegare for meg kva som var tema i dei ulike delane av intervjeta og korleis innhaldet i informantane sine opplevingar kunne forståast.

Denne prosessen opplevde eg krevjande. Det var til dømes ved nokre høve vanskeleg å sjå i kor stor grad anna forsking og teoretisk inspirasjon var noko som eg la på empirien, eller var det noko empirien bar fram. Behovet eg hadde for å gje masteroppgåva raude trådar og gode kategoriar stod i fare for å redusera empirien sin kompleksitet. Sidan føremålet med intervjeta er å få fram korleis det opplevast for dei biologiske barna å dele oppveksten med fostersøsken, så har eg søkt å la empirien i stor grad styre analysen. Eg opplevar at eg til slutt fekk dette til. Sjølv om eg ikkje kan kome vekk frå at analysen inneberer ein reduksjon av datamengda, så opplever eg at essensen i materialet er ivaretake.

Fokuset i analysen er bygd opp etter kva eg opplever empirien fortel. Vidare har eg i drøftingen av funna sett innhaldet i forteljingane i eit teoretiske perspektiv, der omgrep som barn *som aktør, omsorg, forhandling* samt *legitim perifer deltaking* er nytta.

#### 4.9 Forskingsetiske utfordringar

Som forskar har eg eit ansvar for at det vert forskingsetisk gjennomført og at eg tek omsyn til dette i dei val eg gjer i forskingsprosessen. Korleis eg har prøvd å ivareta forskingsetiske dilemma og løyst desse på vil eg her gjere greie for.

Kvale og Brinkmann (2009) er opptekne av at etiske problemstillingar pregar heile forskingsprosessen og ein bør ta omsyn til mulige etiske dilemma frå starten i forskingsprosessen til rapporten er ferdig skreve. Det betyr at eg på førehand må tenkje i gjennom dei verdispørsmål og etiske dilemma som kan oppstå både i planlegging av studien, i prosessen med å rekruttere informantar, korleis ein kan ivareta at eit samtykke er informert, til gjennomføring av intervjeta, analyse og til presentasjon av undersøkinga eg har gjort.

Nokre etiske omsyn er viktige uavhengig av problemstilling og vitskapsteoretisk grunnsyn. Døme på slike etiske omsyn kan vere intervjupersonane sin rett på eit personvern, deira rett til å vere informerte om kva dei deltek på og deira rett til å trekke seg frå studiet.

Forskningsdeltakarane skal vere informert om føremålet med undersøkinga, kven som har tilgang til datamaterialet, oppbevaring av materiale og eventuelt kor lenge materiale vert

oppbevart. Dei som deltek i ei undersøkinga, skal dermed gje sitt informerte samtykke til å delta. Dersom barn deltek i undersøkinga skal det gjevast informert samtykke frå føresette. I følge personopplysningslova skal alle forskings - og studentprosjekt som inneber handsaming av personopplysningar meldast til Norsk samfunnsvitenskapleg datateneste (NSD) (Ringdal 2007 s.429). Studien min er meldt inn og godkjent av Personvernombodet før rekruttering av informantar starta og krava NSD gav meg har eg følgd. Det er fleire etiske omsyn som eg har vore oppteken av i forskingsprosessen og dette vil eg vidare gjere greie for. Kva som er etisk forsvarleg i ein forskingsprosess er ikkje slik eg ser det noko eintydig definisjon på, men utgangspunktet er at forskaren skal arbeide utifrå ei grunnleggjande respekt for menneskeverdet. Etisk forsvarleg arbeid i ein intervjustituasjon med barn vert at eg beskyttar dei imot skade, og viser dei integritet i forhold til deira privatliv og familie.

Det at eg tek kontakt med ein person og viser ei genuin interesse for deira forteljing og lyttar opent til dei utan å påverke innhaldet i deira historie gjer at dei får tillit til meg. Eg kjem som voksen og presenterer ei interesse for deira kvardagsliv slik at dei opplever seg betydningsfulle. Eg har vore oppteken av å vise dei respekt og vere audmjuk i forhold til det dei har fortalt. Slik eg oppfattar det har dei ærleg fortalt meg om sine erfaringar frå oppveksten med fosterbarn.

I ein intervjustituasjon med barn kan eg stille spørsmål som rører ved vanskelege ting å snakke om for barnet, dei kan dele erfaringar dei ikkje har delt med andre tidlegare. Eg har opplevd det som ei etisk utfordring at eg ved å spørje barn om deira oppvekst kan ha aktivert mulige ubearbeida kjensler som kan skape problem for dei og at eg har vore med å setje i gang tankar om noko dei ikkje har tenkt på kring eigen oppvekst tidlegare. På den andre sida kan det at eg let vere å stille spørsmål som er vanskelege medføre at eg utelet viktig informasjon som kan belyse deira erfaringar og dermed utelet eg muligkeit som kan gje meg nyttig kunnskap.

Etter kvar møte med informantar brukte eg tid på slutten av samtalen til debriefing. Som debriefing spurde eg informantane korleis dei opplevde å verte intervjuia. Ingen gav uttrykk for at dei opplevde intervjuet som negativt. Fleire peika på at dei opplevde det som positivt og at dei hadde delt tankar og opplevingar med meg som dei aldri hadde snakke med andre om. Den eine informanten takka meg for at eg hadde møtt han og at eg viste interesse for dei biologiske barna i fosterheimen. Dette gav meg ei kjensle av at eg har klart å ivareta informantane i intervjustituasjonen, at dei hadde opplevd at dei vert tekne på alvor og at dei

sjølve ser at deira historie er viktig kunnskap å få fram. Eg kjenner også på eit ansvar eg har for å formidle deira historie på ein god måte. For det første vil det seie å forstå historiene deira og for det andre at eg vidareformidlar desse på ein respektfull måte.

Eg har lova dei konfidensialitet. Både dei og foreldra har gitt samtykke til å vere med i undersøkinga under føresetnad av at dei vert anonymisert i masteroppgåva. Utvalet mitt av informantar er lite, noko som gjer det lettare å gjenkjenne sitata både for barnet, foreldra og fostersøsken. Alle informantar og geografiske stadar har fått fiktive namn i teksten. Den same informanten har ikkje nødvendigvis same namn gjennomgåande i teksten. Dette har eg gjort fordi det ikkje er eit analytisk poeng å byggja ei heilskapleg biografisk forståing av enkeltpersonar. Av anonymitetsomsyn er også andre identifiserbare forhold ved informanten sin livssituasjon endra i framstillinga.

Der eg brukar sitat i oppgåva har eg ikkje brukt dialekt, men i den skriftlege framstillinga har eg skreve nynorsk. Når eg har valt å ikkje bruke dialektord er det fordi eg vil ivareta anonymiteten til informanten.

Ved transkribering har eg utelete detaljar om fosterbarnet som er kome fram i intervjuet. Dette har eg gjort med bakgrunn i personvernet og at tredje person (fosterbarnet) verken er informert om studien og heller ikkje har samtykka til deltaking. I intervju med både barn og vaksne barna vart det fortalt enkelt-hendingar som omhandla fosterbarnet i familien. For meg var fokuset på informanten si oppleving og ikkje den konkrete historia som vart fortalt, slik at eg valde å ha fokus på den personlege opplevinga til det fortalte. På denne måten har eg også teke omsyn til dei føringar NSD gav meg på korleis eg skulle handtere personvernet overfor tredje person.

Ved å stille intervjugersonane eg har møtt spørsmål om erfaringa frå eiga oppvekst kan ha medført konstruksjon nye bilete for dei på oppveksten sin. Tema det vert snakka om og spørsmål eg har stilt kan ha medført at dei har reflektert omkring erfaringar dei har som fostersysken. Dette kan vere noko dei ikkje har reflektert over og dermed konstruerer dei ny verklegheit og ei anna forståing enn tidlegare. Mine ambisjonar har i størst mulig grad vore å ivareta informantane si verdigkeit og å opptre respektfullt i møte med dei.

#### 4.10 Refleksjon kring forskingsmessig kvalitetssikring

Vitskapsteoretikarane Alvessons og Sjöldberg hevdar at forsking tradisjonelt har vore tenkt på som at ein gjennon å nytte vitskaplege metodar kan skape ein objektiv og sann kunnskap om verda. Denne oppfatninga er ikkje lenger like rådande, og perspektiv som det fenomenologiske og hermeneutiske har vunne terreng. Kva som er kjenneteikn på god forsking vil vere avhengig av kva syn ein har på kunnskap (Alvessons og Söldberg 2008).

Som eg har vore inne på tidlegare i oppgåva har eg lagt ein hermeneutisk og sosialkonstruktivistisk ståstad til grunn for dette forskingsprosjektet. Ut frå dette tenkjer eg at eg har innverknad på heile forskingsprosessen. Det har skjedd ei samsakaping mellom meg, teorien, informantane, materialet og teksten eg produserer. Eg leitar ikkje etter funn som ligg ferdige der ute hjå informantane. Materialet vert skapt i samhandling mellom dei og meg. Dette ville ha vore tilfelle uansett kva som var tema for forskinga. I dette tilfelle har eg også ein nærleik til temaet som medverkar. Denne vert illustrert ved forteljinga i innleiinga mi.

Som forteljinga tilseier, har mitt forskingsprosjekt lege nær opp til eigne opplevingar. Korleis har denne nærleiken påverka prosessen? Korleis har det påverka dei ulike vala eg har gjort? Korleis har det påverka informantane mine?

Både fosterforeldra og dei biologiske barna vart informert om erfaringa mi frå fosterheimsarbeid og det danna bakgrunnen for interessa for temaet. Dette kan ha påverka informantane på ulike måtar. Det kan ha påverka dei til å leite etter det ”*det eg vil ha*” i forteljinga si for å stadfeste mine opplevingar. Det kan også ha påverka dei til å leggje vekt på den motsette erfaringa. Korleis dette verkar inn, kan vere avhengig av ulike element i konteksten. Det eg her viser til kan illustrerast med ei erfaring eg gjorde med den eine informanten eg møtte. I møte med eine informanten spurte eg om det var noko ho opplevde som vanskeleg med å ha ei fostersyster? Det at eg spurde om noko var vanskeleg var i seg sjølv uheldig. Då antyda eg overfor ho at eg tenkjer det er vanskeleg å vekse opp med fostersøskan og at det kan det vere for ho og, utan at ho i samtalen vår hadde gjeve uttrykk for dette. Stemmeleie i måten eg spurte på kunne oppfattast som at eg forventa svar om at ho hadde negative erfaringar. Ho svara meg med ei irritert stemme tilbake at ”*det følest heilt vanleg eigentleg. Det er ikkje noko store greier, vi er ein vanleg familie som ikkje er så spesiell*”.

Eg har vore merksam på faren for å anta at andre opplever det same som meg. Det mest opplagde ville vere å ynskje at mine eigne opplevingar vert stadfesta, og at dette ville verke inn på informantane slik at dei gav meg det eg ville ha. Dette medvitet hadde eg med meg inn i intervjuet, og intensjonen var å vere så open som mogleg for den forteljinga som vart presentert meg.

Som ein vesentleg del gjennom heile arbeidsprosessen har eg vore oppteken av ei kvalitetsvurdering av arbeidet mitt. Kan resultata frå arbeidet mitt seie noko om korleis biologiske barn opplever å dele kvardagslivet med eit fosterbarn?

Reliabilitet har med forskingsresultata sin konsistens og truverde å gjera ( Kvale 2009:250). Truverde er eit spørsmål om ei ny undersøking hadde gjeve same resultat. I teorien burde andre forskrarar kunne gjere same undersøking og få likt resultat. I kvalitatittv forskingsintervju er ikkje dette mulig. I staden må forskaren gje eit bilet av forskinga si som gjev lesaren ei grunn til å stole på presentasjonen. Målet mitt har vore å presentere nokre forteljingar og nokre tolkingar av desse for å gje lesaren ei utvida forståing av korleis biologiske barn i fosterheimen kan oppleve å dele oppveksten med fosterbarn. Eg har søkt å vere grundig og påliteleg gjennom heile forskingsprosessen. I intervjuet søkte eg å setje mitt eige i parentes og la informantane i størst mogleg grad få fortelje om sine opplevingar – utan leiande spørsmål, avbrytingar, og med deira eigne ord. Ved transkriberinga av intervjuet skreiv eg ordrett ned og tok med alt dei sa utan å sile etter relevans for oppgåva. I arbeidet med å analysere og presentere materiale har empirien min fått styre val av kategoriar og fokus. Eg presenterer mykje av intervjuet direkte i oppgåva i form av sitat. Dette meiner eg aukar truverdet, då det gjer at det lettare for lesar å sjå kva data som ligg til grunn for tolkingane mine.

Informanten eg har møtt vel sjølv kva han vil fortelje meg og ikkje minst kva han vel å ikkje fortelje. Om dette er bevisst eller ikkje, vil det likevel vere deira perspektiv på opplevingane sine som eg studerer. Forteljingane i min studie representerer eit lite utsnitt av dei biologiske barna i fosterheimar og det vil finnas biologiske born som kan fortelje om andre opplevingar, som avvik frå det mine informantar fortel.

## KAPITTEL 5.0: PRESENTASJON AV FUNN

I det neste kapittelet vil eg presentere funn frå det empiriske materialet mitt. Etter gjennomlesing av intervjuet viste det seg fram nokre tema i deira forteljingar som eg finn interessante å sjå nærmare på. Tema eg vil utforske nærmare er korleis familiene førebur seg på å bli fosterheimen, diskusjonar som føregår i fosterfamilien om kven dei skal vere for kvarandre og kvardagslæring i betyding av det biologiske barnet kan ha lært ved å dele oppveksten med fostersøskene. Ved å gå nærmare inn på innhaldet i dei ulike tema, vil eg kunne danne meg eit bilet av korleis dei biologiske barna opplever seg som deltagarar i verksemda fosterheim. Presentasjon av funna mine byggjer på møte med informantar som er vist i oversikten nedanfor.

### Oversikt over informantane

(oversikten byggjer på opplysninga frå intervju gjennomført i tida februar til april 2011)

Namn	Alder ved intervjudidspunkt	Alder då fostersøskens flytta inn	Biologisk familie (alder ved intervjudidspunktet)	Tal på fostersøskene dei har vakse opp med ( alder ved intervjudidspunkt )	Alder på fostersøskens ved innflytting
Mari	13	10	mor og far søster (9)	1 jente (6)	3
Nina	11	9 då guten flytta inn, 10 då eine jenta flytta inn, 11 då andre jenta flytta inn	mor og far	3, 1 gut 2 jenter jenta ho budde med i dag var 16.	gut 15 2 jenter 16

<b>Kari</b>	14	11	mor og far bror (12)	1 jente (7)	4
<b>Even</b>	12	11	mor og far	1 gut (7)	6
<b>Siv</b>	26	20	mor og far søster (22) bror (29)	1 jente (13)	8
<b>Kjetil</b>	28	16	mor og far søster (33) søster (35)	1 gut han budde hjå familien i 8 år	8
<b>Geir</b>	30	12	mor og far	2 (søskenpar) gut (24) jente (27)	gut 6 jente 9
<b>Silje</b>	20	8 ved første plassering, 10 ved andre plassering, 18 ved tredje plassering	mor og far bror (18) eldre søster og bror	3, gut (3 mnd – 1) jente (11- 18) 1gut (12 -)	3 mnd 11 12

## **5.1.0 NÅR AVGJERDA VERT TEKEN**

Når ein familie tek i mot eit fosterbarn og vert fosterfamilie vil det ha innverknad på alle familiemedlemene ved at strukturen og relasjonane i familien vert endra. Det flytter inn eit barn i familien som kjem frå ein annan familie. Barnet har andre opplevingar og erfaringar frå familieliv enn det fosterheimen representerer. I fosterheimen skal det byggjast nye relasjonar. Nye former for korleis kvardagen skal fungera, vert skapt. Kvardagen sine gjeremål skal tilpassast den ”nye familiemedlemen”. Det kan innebere store omveltingar i nokre familiar, medan det i andre familiar knapt er merkbart. Familielivet er ein prosess, og opplevingar kan vere både positive og negative og vil variere i tid.

Eg vil ta til med å gje ein kort presentasjon av det som vert fortalt var motivet for at desse familiene valde å bli fosterheim. Vidare vil eg sjå nærare på kva forståing dei biologiske barna har av seg sjølv som deltar i verksemda fosterheim.

### **5.1.1 Kvifor vart vi ein fosterheim**

I intervjua fortel alle historier om kvifor familien valde å bli fosterheim. Det vert fortalt om samtalar foreldra og barna hadde i forkant for avgjerda, der dei også diskuterte motiv for kvifor familien ønskte å ta på seg eit slikt oppdrag. Fleire av informantane deler tankar dei sjølv hadde som motiv for at familien skulle bli fosterheim og at dette var noko dei tenkte mykje på. I gjennomlesinga av datamaterialet, viser det seg fram to bilete slik eg ser det, som karakteriserer kva som inspirerte desse familiene til å bli fosterheimen.

Fire av informantane fortel at diskusjonen i familien i forkant av avgjerda handla om eit uttalt ønskje om at familien ville telje fleire. Dei såg føre deg eit nytt og varig familiemedlem. To av dei var i 8 -9 års alderen då foreldra tok opp temaet om å bli fosterforeldra. Begge fortel at dette var noko dei kunne tenkje seg, og dei såg det som ein mulighet til å få fleire søskener. Begge jentene hadde då eit mindre søskjen og ville gjere ha fleire. Etter å ha delt oppveksten med fostersøstera i 3 år, ser dei på fostersøstera som ei søster for resten av livet. Geir (30) og Even (12) var i 11 -12 år alderen då spørsmålet om familien skulle ta i mot fosterbarn kom opp til diskusjon. Begge gutane var åleinebarn og ønskten seg fleire familiemedlemmar. Då Geir (30) fortel om tankane han hadde kring det å få fostersøskjen, fortel han om to ulike motiv for at han var positiv til at foreldra vart fosterforeldre.

*"Vi ville verte fleire då og så ville det bli mindre mas på meg" .*

Geir (30) var 12 år då fosterbroren og fostersøstera flytta inn i familien. Fram til då hadde han budd åleine med foreldra. Geir (30) kan minnast at forventingar til fostersøskan omhandla at det kunne gje han fridom og eit "pusterom" frå foreldra si merksemd. Det å få fostersøskan kunne dermed gje han fleire gevinstar slik han såg det. Dei vart fleire i familien, noko som medførte meir liv og røre i huset. I tillegg opplevde han det frigjerande ved at han fekk pusterom frå foreldra si merksemd, då dei fekk fleire barn å vere opptekne med.

Desse fire informantane teikna eit bilet av fosterheimsoppgåva som ei varig og stabil oppgåva som skal vare livet ut. Tre av dei ser på fosterbarnet som ein veslebror eller veslesøster som dei deltek i utøving av omsorg for saman med foreldra sine. Medan Geir (30) minnest at han ikkje var så deltakande i dagleglivet kring fostersøskena, men beskriv ei heller perifer deltaking i forhold til fosterbroren og fostersøstera.

Andre faktorar som har påverka familien si avgjerd om å bli fosterheim var ønske om å hjelpe andre. Det vert fortalt om diskusjonar i forkant av avgjerda som omhandlar behovet for å gje omsorg til andre som trengde det. Siv (26), Kjetil (28), Silje (20) og Nina (11) si historie vitna om diskusjonar der omsorg for andre var ein faktor av betyding for avgjerda om å bli fosterfamilie. Siv (26) og Kjetil (28) var nærmast for vaksne barn å rekna då diskusjonen om foreldra skulle bli fosterforeldre dukka opp. Dei er i dag begge utflytte frå barndomsheimen. Dei fortel om behovet dei hadde for å gje eit barn omsorg og gode oppvekstvilkår som noko av drivkrafta for at dei var positive til at foreldra tok på seg ansvar som fosterforeldre. Dei trekkjer fram ønske dei hadde om å hjelpe eit barn til å få ein betre oppvekstsituasjon. Siv (26) beskriv det på denne måten: *Og vi såg at mamma og pappa hadde meir å gje. Vi var vaksne men dei var friske og raske. Vi er ein inkluderande familie og det var bakgrunn for at vi tenkte at vi kan bidra med noko.*

Kjetil (28) formidla også at diskusjonen i familien i forkant handla om behovet for å hjelpe andre. Då fosterbroren flytta midlertidig inn i heimen var det med utgangspunkt å hjelpe guten i ei tid då den biologiske mora var sjuk. Det var ei plassering som etter kvart vart omgjort til ei varig fosterheimspllassering.

I Silje (20) og Nina (11) si historie om bakrunnen for kvifor familien valde å bli fosterheim, kjem det fram at mellom anna ønske om å hjelpe andre var tema i samtalane med foreldra i

forkant av avgjerda. Silje som i dag er 20 år hugsa frå samtalane at særleg mor ivra for at familien skulle ta i mot fosterbarn.

*"Mamma spurte oss fleire gonger om vi hadde lyst til å få fostersøsken og hjelpe eit barn som trengde familie".*

Biletet dei biologiske barna teikna av motivet som gjorde dei positive til at foreldra deira skulle bli fosterforeldre, handla om både eit hjelpebehov og eit omsorgsbehov. Det er historier som inneholdt begge motiva som eg har presentert, ved at dei fortel at familien var opptekne av både å gje omsorg og å hjelpe eit barn. Måten dei biologiske barna fortel om kvifor deira familie valde å bli fosterfamilie, kan gje oss innblikk i motivet bak fosterheimsoppdraget. Bakgrunnen for kvifor dei var positive til å få fostersøsken kan ha betydning for korleis dei definerer oppgåva som fosterfamilie, og korleis det å dela kvardagslivet med fostersøsken vert opplevd.

### 5.1.2 Avgjerdsprosessen

Synet på barn som sjølvstendige individ med eigne rettar er også framtrendande i foreldreutøvinga. Det er etter kvart vanleg i dei fleste heimar at barna vert snakka med og teke med i diskusjonar som gjeld dei sjølve, eller som gjeld familien som heilskap.

Alle informantane opplever å ha delteke i avgjerda om familien skulle ta på seg oppgåve som fosterheim ved å tilby barn ein omsorgsfull og stabil kvardag. Nokre fortel at familien snakka mykje saman i forkant om ulike sider ved å bli fosterheim og kva det ville bety for familien. Kor mykje det vert snakka med dei biologiske barna i forkant avheng av alderen på barna. I studien har eg møtt informantar som har vore i alderen 9 – 18 år då det flytta fosterbarn inn i familien.

Silje (20) fortel at ho og dei tre syskena var med i diskusjonen omkring avgjerda. Den gongen var ho og søskena i alderen 6 – 16 år. Ho hugsa at foreldra samla barna rundt kjøkkenbordet og snakka med dei om familien skulle bli fosterheim og ta imot eit barn som trengde ein heim. Even (12) fortel at då foreldra tok opp tema om å bli fosterheim stilte han krav til kven han ønskte skulle bli fosterbarn i familien. Even (12) er åleinebarn, og han hadde klare ønske om at han ville vere eldstemann blant barna i familien. Han ba om at foreldra tok omsyn til ønske

hans. Foreldra støtta han på dette ønsket. Etter ei kort ventetid flytte fosterbroren på 6 år inn i familien og Even (12) vart storebror slik han ønskte.

Nokre av informantane fortel om at dei i starten ikkje var like positive til at familien skulle ta på seg oppgåva som fosterheim. Den eine av dei eg møtte var 16 år då diskusjonen dukka opp i familien om foreldra skulle bli fosterforeldre. Han var i utgangspunktet skeptisk til at familien skulle bli fosterheim og gav uttrykk for dette overfor foreldra, men han endra syn på avgjerala etter å ha fått meir informasjon om fosterbroren sin oppvekstsituasjon. Då han forstod alvoret i fosterbroren sin omsorgssituasjon vart han meir positiv til oppdraget, og meinte at denne guten måtte han og foreldra ta ansvar for: *Då fortalte mamma meg om bakgrunnshistoria hans og då sa eg vi berre køyrer på. Og så vart det slik (Kjetil 28)*.

Ein annan av informantane fortel ei litt uvanleg historie som omhandla avgjerdsprosessen om foreldra skulle bli fosterforeldre. Her var informanten og ei yngre syster ivrige pådrivarar. Dei meinte foreldra ville passe til å vere fosterforeldre. Så då dei oppdaga ei annonse i lokalavisa der Barne – ungdoms og familieetaten (Bufetat) inviterte til informasjonsmøte om fosterheimsarbeid, deltok dei på møte saman med mor. Etter at møtet var over, leverte mor inn eit skjema der familien melde si interesse for å bli fosterheim. Dagen etter vart foreldra kontakta av Bufetat. Dermed var prosessen som foreldra måtte gjennomføre i gang med godkjenning som fosterforeldre og gjennomføring av opplæringsprogram.

### 5.1.3 Forventning og førebuing

Då avgjerala om å bli fosterheim var teken kunne forventningane til oppdraget sleppast laus. Korleis det vil bli for meg og familien å få fostersøksen i heimen? I tillegg var dette også ei tid med praktisk førebuing til å ta i mot fosterbarn. Kor mykje kvar familie førebudde seg på at fosterbarnet skulle flytte inn, og tida dei hadde til rådvelde i denne fasen, varierer. Vidare i oppgåva vil eg referere til det informantane fortel om ulike forventningar dei hadde til å ta i mot fosterbarn i familien.

Å få eit nytt barn i familien vil vere fylt med forventingar. Forventningar kan innehalde ulike element. Slike forventningar vil vere naturlege å ha anten det er venta biologiske barn eller det fosterbarn. Eit fosterbarn vil ha med seg ei historie frå det levde livet fram til det vert plassert i fosterheim. Erfaringane frå oppveksten er ulike og omsorga barnet har fått tidlegare

vil påverke barnet si utvikling og kome til uttrykk på ulikt vis. Informantane fortel at fasen med førebuing var prega av at dei både gleda seg og var spente i forkant av plasseringa.

I datamaterialet kjem det fram ulike forventningar til fosterbarnet som person. Døme på forventningar er tanken på kva det vil innebere for dei sjølve og familien å få nytt familiemedlem. Informantar som er åleinebarn beskriv forventningar som omhandla det å bli fleire i familien og kva for positive sider det kan medføre for dei og familien som heilskap. Forteljingane om familiene si førebuing omhandla også ei praktisk tilrettelegginga i heimen. Tida familiene har hatt til å førebu seg på å ta i mot eit nytt familiemedlem, har variert frå berre nokre timar til fleire månader.

Tre av informantane er einebarn. Fellesnemnaren i deira forteljing er ønsket om å bli fleire familiemedlemmar og at det vert meir liv og røre i huset. Å vere åleinebarn vil medføre at det er stillare i huset enn om det bur fleire barn i heimen. Leikekameratane må hentast utafrå sidan dei ikkje er tilgjengelege i familien. Det å bli fosterheim ser åleinebarna som ein mulighet til å få søskena dei ønskjer seg, heimen vert fylt med lydar og aktivitetar frå fleire familiemedlemmar. Eine informanten fortel at han opplevde merksemda frå foreldra nokre gangar i meste laget. Denne informanten vart forventninga uttrykt som at det ville gje han pusterom frå forelda si merksemd. Dette såg han på som ein av gevinstane ved å bli fleire barn i familien.

*Når nokon bur her vert det fleire lydar i huset og då veit eg at det er nokon i huset. For eg høyrer ikkje at mamma og pappa er nede liksom. Men når det bur nokon i huset er det fleire lydar for eg høyrer at dei er på rommet. Det likar eg (Nina 11)).*

*Vil ville verte fleire då, fleire enn oss tre og dei fekk andre å vere opptekne av (Geir 30)).*

Even (12) sine forventningar til å bli fosterfamilie handlar om at han ønskte seg ein vetebror og ein leikekamerat. Han ønskte seg ein bror som kunne vere både til nytte og glede for han. Ved å få ein fosterbror vil det alltid vere ein leikekamerat tilgjengeleg i heimen. I tillegg gjev det han mulighet til å vere storebror og den som kan vere læremeister for den yngre fosterbroren.

Andre igjen fortel om glede og forventning fordi dei skulle få fleire søskener enn det dei hadde frå før. Det vert fortalt om spenning som knytte seg til om fosterbarnet. Eine informanten var oppteken av korleis det ville bli for fostersøstera å flytte til dei, og om fostersøstera ville finne seg til rette i familien.

*"Eg var jo spent på korleis ho såg ut. Om ho kom til å ta mamma som mamma og meg som ei søster. Eller om ho berre kom til å sakna mor si. Det var det eg tenkte (Mari 13).*

Andre si historie vitna meir om eit avstandsforhold til fosterheimsoppdraget. Dette var ei oppgåve som foreldra tok seg av, og det var lite snakka med dei om fosterbarnet og kva det eventuelt streva med. Dei vart ikkje involvert i oppdraget. Eine informanten valde også sjølv å halde avstand. Han uttrykkjer det på følgjande måte: *Eg styra med mitt slik som før. Det var best slik (Geir 30).*

Dei fleste viser til historier frå den først tida med fosterbarn der i familien heile familien var involvert i korleis kvardagen skulle fungere best for alle. Det er ei tid der det skal innarbeidast nye rutinar og eit nytt familiemedlem skal takast omsyn til. Forteljingane vitna om det etter kvart utvikla seg normalitet kring oppgåva som fosterheim. Behovet for å snakke saman om fosterbarnet vart mindre enn i starten.

I denne fasen av fosterheimsoppdraget vert det fortalt om nære relasjonar til foreldre, og då særleg til mamma. Sjølv om det er mamma som er nemnd som ein nær samtalepartnar i familien, er også pappa ein som kan snakkast med om dei har behov for det. Fleire av barna og dei som no er vaksne fortel at familien snakka mykje saman om fosterbarnet. Dei fortel at dei har vore med i diskusjonar om korleis dei saman med foreldra kunne ivareta fosterbarnet sine behov på ein god måte. Det har vore diskusjonar om korleis familien skal legge til rette for god omsorg og gje fosterbarnet gode utviklingsmoglegheiter. Det vert fortalt om ulike måtar familiene utfører denne delen av fosterfamilieskapet på og kor mykje biologiske barn er involvert i verksemda.

Kari (14) fortel at i hennar familie snakka dei mykje saman om at familien skulle bli fosterheim og dei oppgåvane og ansvaret som det innebar å gje omsorg til eit fosterbarn. Då familien fekk spørsmål om å ta i mot ei jente på 4 år, var gleda og forventningane til fostersøstera store. Foreldra, broren og Kari (14) snakka mykje i forkant om fostersøstera sine behov og kva dei ulike familiemedlemane kunne gjere for å imøtekome desse. Slike samtalar hadde familien mange av i forkant av plasseringa og i tida etter at fostersøstera flytta inn.

Då det hadde gått ei tid og nye kvardagsrutinar i familien var innarbeida, så vart det færre samtalar om dette. Då nytta foreldra og særleg mor, andre kjelder til kunnskap og forståing for fostersøstera si åtferd og behov.

*"Vi snakka ein del om det før ho kom. Men no snakkar vi ikkje om det. Mamma les ofte bøker om barn i alderen 4 -12 år, slik at ho snakkar ikkje så mykje med oss lenger" (Kari 14).*

### **5.1.4 Praktisk tilrettelegging**

Tida fosterfamiliane hadde til å førebu seg og gjennomføre dei nødvendige praktisk tilretteleggingane i heimen varierer. Nokre familiar hadde god tid medan andre familiar måtte gjere seg klar på ei svært avgrensa tid. Mellom anna fortel to informantar at tida familien hadde på å førebu seg var avgrensa. Det har vore sokalla hastesaker der barnevernet grunna alvoret i saka hadde gjort vedtak om akuttplassering av barnet. Dette gjev lite rom for alle partar til å førebu seg på ei flytting og på å ta i mot eit nytt familiemedlem. I desse tilfellene var det ei tid sidan foreldra var godkjende fosterforeldre, og familien venta på å få fosterbarn i familien. Då det skjedde var det eit hastevedtak (jfr. Barnevernslova § 6-4). Tida frå familien fekk spørsmål om å ta i mot fosterbarnet og til innflytting var kort, og informasjonen om fosterbarnet var avgrensa. Den eine informanten var 10 år då fostersøstera skulle flytta inn i familien. Ho fortel at familien berre fekk nokre timer på å førebu seg til fostersøstera skulle kome. Ho vart informert om fostersøstera sin ankomst då ho kom heim frå skulen. Tre timer seinare kom fostersøstera, som den gongen var 4 år, i følgje med tilsette frå den kommunale barnevernstenesta.

Ein annan informant, Siv (26) fortel at ho, systera og foreldra var opptekne av at den nye familiemedlemen skulle oppleva seg godt motteken. Sjølv om tida dei hadde til å førebu seg var avgrensa, så laga familien eit fotoalbum der dei presenterte seg for fosterbarnet.

*Siv(26): Det var ei hastesak. Foreldra mine vart kontakta fordi dei trengde ein fosterheim same dag. Sofie vart henta på skulen same dag og kom saman med to frå barnevernet. Dei budde saman med Sofie på hotell i to dagar før ho flytta til oss. Mamma og pappa var på besøk til ho for å vere litt kjent først. Ho flytta inn til oss etter to dagar. Vi lagde eit album i full fart om familien vår og kven vi var slik at mamma og pappa hadde det med til Sofie. Då kunne ho verte litt kjent med oss gjennom albumet.*

Andre fortel at fosterbarnet hadde ei gradvis innflytting i heimen. Då har det blitt lagt til rette for at fosterbarnet har kome på besøk fleire gonger i forkant av permanent innflytting. Det har gjeve fosterfamilien høve til å verte kjent med fosterbarnet. Fosterbarnet har då ofte kome på besøk saman med sine biologiske foreldre og tilsette i barnevernstenesta. Det har gjeve

partane høve til å utveksle informasjon om kvarandre, og på den måten har alle partar vorte kjende med kvarandre.

Nina (11) likar at det er tid til å bli kjent med kvarandre før fosterbarnet flyttar inn i familien. Ho har erfaring med at det flyttar ungdomar i 15 års alderen inn i familien.

Nina (11) beskriv innflyttingsfasen slik: *dei som har budd her har vore på besøk før dei flytta inn. Dei har kome og snakka med mamma, og så har dei sove her ei natt eller to før dei har flytta inn. Og det tykkjer eg er greitt for då vert eg litt kjent med dei. Dei fortel kva dei likar og eg fortel kva eg likar (Nina 11)*

Førebuinga til å ta i mot eit nytt familiemedlem vert slik den er presenterte, handtert på ulikt vis. Førebuing omhandla også nokre praktiske gjeremål ved å få eit nytt familiemedlem, mellom anna omhandla det å gjere klart rommet til fosterbarnet. Nina (11) sin familie har gjort erfaring med at noko av førebuinga er det lurt at familien sjølv bestemmer. Til dømes gjeld det kor mykje fosterbarnet skal involverast i utsmykking av rommet sitt.

*Den første som budde her fekk bestemma fargen på veggene og han ville ha tre svarte og ein raud vegg. Men då han flytta måla vi det kvitt att og no skal vi ha det slik (Nina 11).*

Som ein del av førebuinga til at Even sin fosterbror skulle flytta inn i familien, vart rommet som var tiltenkt fosterbroren pussa opp. Det vart teke omsyn til fosterbroren sin yndlingsfarge då rommet skulle målast.

*Han likte gult, så då målte vi eit rom gult som vart hans og møbelerte det til han. Så kjøpte vi skinnstolar, slik at vi fekk kvar vår nye stol (Even 12).*

Andre fortel at familien sine førebuingar til fosterbarnet skal flytta inn, har vore eit meir omfattande arbeid. I tida frå foreldra er vorte godkjente som fosterforeldre og fram til fosterbarnet flytta inn, har oppussing og områkering av romma i heimen, vore ein del av førebuingane i nokre familiar. Det er fleire som fortel at fosterbarnet overtok rommet deira og at dei sjølve fekk nytt rom i kjellaretasjen. Slik som Kari (14) og Geir (30) uttrykker det, så vert det ikkje opplevd som ”offer” frå deira side å gje frå seg rommet sitt, for å få eit nytt rom i kjellaretasjen. Når Geir (30) ser tilbake på denne tida, så opplevde han at nytt rom i kjellaren også gav han fridom til å vere for seg sjølv. Dette var også noko av det han presentere som eit av motiva for å vere positiv til at familien skulle ta i mot fosterbarn.

### **5.1.5 Oppsummering**

Det vert fortalt om ei tid der familiene er fylt av spenning og forventning til fosterbarnet og oppgåvene som venta. Styrken i forventningane er varierte. I prosessen med å bestemme seg for å ta på seg fosterheimsoppgåver ser vi familiar som snakkar mykje saman. Foreldrene som involverer barna i diskusjonar kring verksemda fosterheim, og som lyttar til barna sine synspunkt og ønske. Barna deltek i avgjerdsprosessen og dei opplever sjølve prosessen fram mot innflytting som ei tid med forventningar, der dei deltek i dei praktiske tilpassingane som må gjerast i heimen forkant av innflytting. Prosessen har i nokre familiar vore langvarig, frå første informasjonsmøte foreldra deltok på til endeleg avgjerd om å bli fosterforeldre. Den eine informanten gjev uttrykk for eit heller pragmatisk forhold til oppdraget, der han fortel om lite involvering og at han heldt distanse til fosterheimsoppdraget og kva det innebar for han og foreldra at det budde to fosterbarn hjå dei.

## **5.2.0 KVEN SKAL VI VERE FOR KVARANDRE**

Etter ei tid med førebuing og forventning går familiene inn i ei tid der kvardagen i familien skal tilpassast den nye familiemedlemen. Denne sida ved fosterfamiliane har eg valt å kalle *kven skal ein vere for kvarandre* og omhandlar dei diskusjonane som føregår kring ulike roller og posisjonar som dei biologiske barna inntek i verksemda fosterheim.

I den første fasen med fosterbarn i familien var det behov for at alle var involvert i korleis kvardagen skulle fungere til beste for alle. Det skulle innarbeidast nye rutinar og eit nytt familiemedlem skal takast omsyn til. Etter at fosterbarnet har flytta inn skal kvardagslivet i fosterfamilien utformast. Denne delen av oppgåva handlar om korleis dei biologiske barna opplever/opplevde kvardagslivet saman med fostersøskene.

### **5.2.1 Å bry seg om familien**

Det kjem fram historier og opplevingar i kvardagslivet som vitnar om stor forståing og omsorg for fostersøskene, biologiske søskene og foreldre. Informantane lever seg inn i fostersøskens sin situasjon, og uroa seg på ulikt vis for korleis fostersøskens sin kvardag er. Even (12) viser seg som ein omsorgsfull storebror som tek på seg ansvaret med å lære

fosterbroren ferdigheiter han ikkje kan. Det er fleire sider ved fosterbroren som han opplever slitsame, men fosterbroren har likevel nokre kvalitetar som Even (12) set pris på. *Det er ein ting med Lasse, han har eit hjarte av gull.*

Å få ei fostersyster medførte at Mari (13) og søstera Lise skulle dele merksemda frå foreldra med eit nytt familiemedlem. Omsorga frå eigne foreldre skulle delast på fleire. I dag er Mari 13 år, men då fostersøstera flytta inn i heimen, var Mari 10 år og søstera 6 år. Mari (13) har ikkje opplevd at det har ført til personlege omkostningar å få fostersøster ved at merksem og omsorg frå foreldra er mindre. På omsorgsfyllt vis er ho oppteken av korleis søstera opplever endringa i familien. *Det er ikkje noko problem for meg, men eg trur det er verre for Lise. Ho hadde liksom all merksem før, men så kom Stine inn og tok den (Mari13).*

Det er to informantar som fortel om omsorga dei kjenner overfor fostersøskena i skulekvardagen. Begge går på same skule som fostersøskena, og i skulekvardagen tolkar dei åtferda til fostersøskena som teikn på at dei ikkje har det bra. Even (12) beskriv det på denne måten: *Han gøymer seg bak stolen. Det er ikkje noko kjekt for meg å sjå at han ikkje har det bra. Då får eg vondt inni meg, når eg ser han ikkje har det bra.*

Det vert også fortalt historier som syner at fosterfamiliane strekker seg langt i å ivareta fosterbarnet på ein inkluderande og omsorgsfyllt måte. Det vert fortalt at dei biologiske barna ser det som viktig at fosterbarnet opplever seg som fullverdig medlem av familien. Søster til Siv (26) er i dag avlastningsheim for fostersøstera. Sidan fostersøstera har eit stort behov for å oppleve seg som eit fullverdig familiemedlem, er foreldra og søstrene samde om at dei ikkje brukar ordet avlastning om denne ordninga, men at dei inviterer ho til seg på helgesesøk. Siv (26) meiner at ordet avlastning er eit negativt lada ord som avspeglar at du er til belastning for nokon. For å ivareta fostersøstera sitt behov for å høyre til i familien, har dei valt å løyse det på denne måten.

Kari (14) beskriv fostersøstera sine humørsvingingar og til tider krevjande åtferd på ein måte som tyder på at ho har fått hjelp til å forstå korleis åtferda kan tolkast. Fleire fortel om samtalar som gjev forståing for fostersøskena sin væremåte og at familien skal vise respekt for dei biologiske foreldra til fostersøskena. Slik det vert framstilt tyder det på at dette er diskusjonstema i familien, om korleis ein skal forstå biologiske foreldre si åtferd og korleis ein opptrer på ein respektfull måte overfor dei. Når det vert opplevd at biologiske foreldre ikkje alltid oppfører seg som det er forventa at foreldre skal, så viser dei ei forståing for det.

Informantane viser omsorg for foreldra og då særleg mamma sidan ho er den som oftast har hovudansvaret i fosterheimsverksemda. Informantane uttrykkjer forståing for foreldra sine vanskar og dei held fram at dei har klare oppfatningar om foreldra sine behov og kva for vanskja dei står oppe i. Dette gjeld for både barna og dei vaksne barna.

Nina (11), har fleire ganger opplevd at mamma har fått lite søvn fordi fostersøsken har kravd mor si tid. Ho ser at netter med lite søvn er slitsame for mor. Etter ei slik natt pleier ho vise mor omsorg ved å servere ho te og gje ho ein klem. *Då tykkjer eg synd på mamma om morgenon når eg står opp. Då er ho trøytt og berre geispar (Nina 11).*

Fleire fortel at når dei ser at foreldra er slitne, tek dei med seg fosterbarnet ut av huset på aktivitetar eller dei tek initiativ til å leike med fosterbarnet. På den måten er dei med og gjev foreldra omsorg ved å avlaste dei. I fleire av intervjuua vert det uttrykt ei stoltheit over foreldrene sine. Det dei fortel vitnar om å ha auge for andre på ein omsorgsfull måte, og at dei evner å gje honnør til andre sin måte å handtere situasjonar på. Det vart ikkje spurt direkte om korleis dei opplevde foreldra sine som foreldre, dette var tema informantane sjølve bringa fram. Slike betraktingar kring eigne foreldre delte både barna og dei vaksne barna. I forteljingane kom det fram at dei såg på foreldra sine som svært kompetente i utøvinga av foreldrerolla. Den måten foreldra handterte kvar dagen i heimen på vart lagt merke til av barna på ein positiv måte. Dei biologiske barna uttrykte respekt for og ei stoltheit over sine foreldre.

Silje (20) er flytta frå barndomsheimen. Foreldra er framleis fosterforeldre og opp gjennom åra har det budd fleire fosterbarn hjå dei. Ho tek fram kvalitetar ved foreldra som ho både beundrar og som rører henne.

*Dei har slik tolmod. Dei har tid til oss, fosterbarn og barnebarn. Det er så utruleg å sjå, og likevel er dei glade og smilande. Dei ungane som kjem til mamma og pappa er utruleg heldige., vil nå eg seie. Dei forskjellbehandlar ikkje folk og det syns eg er veldig viktig. Dei har ikkje gjort forskjell på oss og fosterbarn. Det syns eg er så bra (Silje 20).*

Også Kari (14) opplever at ho har kompetente foreldre som er lette å samarbeida med. Ho hadde forventa at det ville endra seg når ho sjølv kom i tenåra, men ho opplever inga endring. Ho teikna eit bilet av ein harmonisk familie som diskuterer seg fram til løysinga samtidig som det er rom for å vere ueinige.

## 5.2.2 Ansvar og engasjement

Korleis dei biologiske barna opplever at dei tek ansvar for og engasjerer seg i fosterbarnet varierer. Tre informantar fortel at dei ikkje opplever å ha noko spesielt ansvar i forhold til fosterheimsoppdraget. Desse tre bur saman med fostersøsken i dag og dei opplever at dei ikkje har andre oppgåver enn det som er vanleg for barn i deira alder, til dømes det å halde orden på rommet sitt og å hjelpe til i heimen når dei vert spurta om det. Dette er barn som i dag bur med heime og ser kvardagslivet sitt i eit her - og no -perspektiv.

Andre fortel om ansvaret dei tek utifrå eige initiativ til dømes ved at dei aktiviserer fostersøsken når dei ser foreldra er trøyte og treng kvile. Tre av dei vaksne barna fortel at dei hadde definerte ansvarsoppgåver ved at dei tok ansvar for fosterbarnet når dei såg at foreldra var slitne. Eine informanten fekk også arbeidsoppgåver fra den ansvarlege kommunale barnevernstenesta. Han vart betalte hjelparar i forhold til å yte avlastning til eigne foreldra.. Denne tida minnest han som ei tid han opplevde å ta stort ansvar for fosterbroren og foreldra sine.

Kjetil (28) var 16 år då fosterbroren flytta inn. Han ser det som naturleg at han deltok i den daglege omsorga. På den tida fosterbroren flytta inn hadde Kjetil (28) budd fleire år åleine saman med foreldra, sidan søstrene var vaksne og utflytte frå barndomsheimen. For at dagleglivet skulle fungere til det beste for fosterbroren og Kjetil (28), var foreldra viktige støttespelarar for han, når han opplevde fosterbroren krevjande. Fosterbroren var svært begeistra for Kjetil (28) og ville gjerne at dei to alltid skulle vere saman. Det vart etter kvart anstrengjande for Kjetil (28), å ha ”hale” i alle samanhengar og han opplevde fosterbroren som slitsam. I fellesskap diskuterte Kjetil (28) og foreldra korleis dei skulle handtere denne situasjonen og saman fann dei løysingar som fungerte for alle.

Kjetil (28) meiner sjølv at han er ein person med eit engasjement over gjennomsnittet i det han driv med. Han fortel at han engasjerte seg i fosterbroren frå første stund, og fekk dermed ei viktig rolle i å få kvardagen med fosterbroren til å fungere for alle i familien. Den ansvarlege kommunale barnevernstenesta kom raskt med tilbod til han om betaling for å fungerte som støttekontakt for fosterbroren. Barnevernstenesta såg Kjetil (28) som ressursperson for fosterbarnet og ein viktig støttespelar for foreldra sine. Når han ser på denne løysinga i ettertid, ser han at det ikkje var ei god løysing. Han kom i ei dobbelrolle ved å vere storebror og betalt hjelpar. Hen ser i etterpåklokskapen også klårare sitt eige behov på den

tida. Han delte oppveksten med ein krevjande fosterbror og ansvaret han kjende for at foreldra skulle få ro og kvile vart stort.

*Det fungerte ikkje heilt slik det var tenkt. Eg følte meg litt pressa til å gå ut å gjere noko, men det er ikkje alltid like enkelt å finne på noko i ei lita bygd (Kjetil 28).*

Silje (20) var 10 år då fostersøstera på 11 år flytta inn i heimen. Dette førte til store endringar i livet til Silje. Jentene var nær kvarandre i alder og dei heldt mykje lag med kvarandre. Det å få ei fostersøster med vanskar og særskilte behov, førte til ei tid der Silje (20) opplevde at ho hadde eit stort ansvar i forhold til fostersøstera. Når ho ser tilbake på denne tida i oppveksten, som ho omtalar som ei turbulent tid, ser ho klårare at ho nok følte ansvaret større og meir tyngjande enn det i realiteten var.

Silje (20) si historie utmerkar seg ved at barnevernstenesta la merke til hennar nære kontakt med fosterbarnet. Dei såg eigen nytteverdi i kontakten mellom henne og fostersøstera. Ho fekk dermed ei dobbelrolle i forhold til fostersystera, i form av både å vere søster og kontrollør for det offentlege hjelpeapparatet. Sidan ho hadde nær kontakt med fostersøstera, vart ho spurt om å rapportere om uregelmessigheiter kring fostersøstera, til dømes i ei tid der fostersøstera eksperimenterte med rus. Silje (20) minnast at ho vart lova honorar frå barnevernstenesta for oppdraget, men dette vart aldri noko av. Denne rolla overfor fostersøstera opplevde ho vanskeleg fordi fostersøstera fortalte henne hemmelegheiter i fortrulegheit. Innhaldet i hemmelegheitene var ofte av slik karakter at ho måtte fortelja det vidare til foreldra og foreldra rapporterte vidare til barnevernet

Andre informantar fortel også at dei opplevde å vere viktige støttespelarar og avlastarar for foreldre i den daglege utøvinga av fosterforeldreskapet. Dette var ikkje oppgåver betalt av det offentlege, men noko familien organiserte sjølv.

### 5.2.3 Diskusjonar om relasjonar

Dei fleste beskriv relasjonen til fostersøsken kjærleksfullt og med omsorg. Fleire skildrar relasjonen til fostersøsken som betydingsfull for dei, og nokre beskriv med varme lengten etter søsken som vart oppfylt då fostersøsken flytta inn i heimen. Fostersøsken er ein del av familien, ein varig familiemedlem, som dei ikkje kan tenkje seg å leve forutan. Samtidig er det også historiar som er prega av emosjonell distanse til fostersøsken og

fosterheimsoppdraget. Den eine av dei vaksne barna fortel at han valde å halde distanse til fosterheimsverksemda og dermed også fostersøskena. Ei slik manglende involvering opplevde han som ein beskyttande faktor, når det var usemje og konfliktar mellom fostersøstera og foreldra.

*"Eg skugga unna og tok ikkje parti med nokon, dei styra med sitt og eg med mitt" (Geir 30).*

Dei fosterbarna som har vore plasserte i fosterheimen hjå informantane har vore i alderen 3 år til 15 år ved innflytting. Då fosterbarnet flytta i fosterheim er det/ var det frå barnevernstenesta si side planlagt at fosterbarnet skulle bu saman med fosterforeldre til dei vart vaksne. Dei vart presentert som eit varig familiemedlem; ein søster eller ein bror for livet. Desse beskriv relasjonen til fosterbarnet som like viktige for dei som til biologiske søskene.

*Det er slik at før vi fekk ho kunne eg ikkje førestille meg korleis det ville vere å ha ho her, men no kan eg ikkje førestille meg korleis det skulle vere utan ho i familien. Ho er ein del av familien og då vert ho søster (Mari 13).*

Andre informantar fortel at ønsket om å vere søskene for kvarandre vert opplevd som gjensidig mellom fosterbroren og han sjølv. I diskusjonen om kva dei to gutane skulle kalle kvarandre, hadde fosterbroren lagt dei manglante biologiske banda til sides.

*Even (12): Eg hugsa ein gang, då sa han til meg at vi er nesten som brør.*

*Det likte eg. Eg og tenkjer det, at vi er nesten som brør.*

Even (12) opplever at det å vere nesten brødre er ei god erstatning for biologiske søskene. Det å vere storebror som kan hjelpe å lære veslebroren ting han ikkje kan, er noko av det Even (12) set ekstra pris på ved å ha ein fosterbror.

*Eg lærer han å byggje med lego. Eg må vere ganske bestemt elles vert det berre tull  
(Even 12)*

Det vert fortalt om nære relasjoner mellom fostersøskena og dei sjølve. Det vert referert til episodar med krangling og erting, slik som er vanleg mellom søskene. Den tida som gjekk frå fosterbarnet flytta inn og til det tek initiativ til å avklare kva nemning dei vel å bruke på familiemedlemmane varierer. Den første tida i fosterheimen ber preg av ei tid der fosterbarnet, fosterforeldra og dei biologiske barna kjem med forsiktige ekspressive utspel overfor kvarandre. Gradvis kjem dei fram til ei underforstått avtale om grad av personleg nærleik og følelsesmessig engasjement. Nokre informantar fortel at dei opplevde diskusjonen

om kva fostersøstera/ fosterbroren og resten av familien skulle kalle kvarandre, som i kortast laget.

Mari (13) fortel at ho opplevde det uvant og overraskande då fostersøstera som dengangen var 4 år, allereie andre dagen etter innflytting kalla fostermor for mamma. Sjølv om det skjedde fort, var det forståing for kvifor fostersøstera valde å kalle fostermora for mamma og etter kvart også kalla resten av familien i familietermer.

*Så sa ho mamma andre dagen og det trur eg var fordi vi andre gjorde det. Ho ville gjere det for å passe inn (Mari 13).*

Forteljingane viser at fosterbarnet er inkludert i storfamilien. Alle informantane fortel at fostersøskens er medlem i storfamilien på lik linje med resten av familien. Det vert opplevd naturleg at fostersøskens er invitert med på aktivitetar der storfamilien er samla, og fosterbarnet sine bursdagar vert feira med storfamilien på besøk.

Geir (30) og fostersøstera er i dag vaksne og begge er vorte foreldre. Sjølv om fostersøstera er vaksen og flytta ut av fosterfamilien, ser Geir (30) på ho som ein del av familien sin. Dei er begge småbarnsforeldre og han ser det som naturleg at barna deira vil kalle han og fostersøstera *tante og onkel*.

Nokre av informantane fortel at det å få fostersøskens inneheld sider som dei til tider opplever som slitsame. Til dømes fortel dei om forventingane dei hadde til å få fostersøskens og korleis desse forventningane ikkje alltid samsvara med kvardagen dei opplever. I forkant såg dei føre seg at å få fostersøskens berre var positivt, men erfaringar deira er at fostersøskens også kan vere ein jobb, fordi dei har behov for mykje hjelp i det daglege. Fosterbarnet har tidlegare levd med manglande omsorg og stimulering frå eigne foreldre og det kan ha ført til at det kan mangla kunnskap og ferdigheiter som vi normalt forventa at barn på same alder har. Det gjev fosterfamilien utfordringar i kvardagen, ved at det er mykje som fosterbarnet skal lære for første gang. Dette kan ta tid og krevje ein stor porsjon med tolmod frå alle i familien.

Mari (13) ser på denne sida av fosterheimsverksemda på følgjande måte: *før vi vart fosterheim tenkte eg berre at det vart kjekt, men no ser at det er ein jobb óg.*

Nokre forteljingar skil seg ut ved andre måtar å tolke fostersøskens si deltaking i familien på. Det er fosterfamiliar som har opplevd fleire korttidspllasseringar. Fostersøskens vert presentert som å ha ein annan funksjon for biologiske barn ved slike plasseringar. Det å få fostersøskens

inneber å ha nytt å fortelje på skulen og i venneflokken om at det er flytta inn ”*ein ny ein*”. Det gjer at ein får merksemd og nyskjerreige spørsmål frå vene ei kort tid. Fostersøsken kan skiftast ut og nye kjem til og slik sett vert dei midlertidige deltagarar i familien. Eine informanten uttrykkjer ein pragmatisk avstand til fosterheimsverksemda. Nina (11) har erfaring med å bu med fleire fostersøsken og fortel at ho ser det som eit gode også at dei vert skifta ut innimellom.

*Det er litt fint og, for då sit eg ikkje stuck med den same heile tida. For eg høyrer at dei andre i klassen klagar på søskena sine, så vert mine skifta ut ( Nina 11).*

Det er informantar som ser fostersøskenet som ein viktig del av sin eigen familie, samtidig som dei uttrykkjer ei forståing for at fostersøstera eller fosterbroren har sin eigen biologiske familie. Sjølv om dei opplever fostersøsken betydingsfulle for seg og ser dei som ein del av sin nærmeste familie, ligg det også ei forståing for at fostersøstera/ fosterbroren er til låns. Fostersøstera/fosterbroren har sin eigen biologiske familie som kan vere viktige for dei.

#### 5.2.4 Å dele tid og merksemd

Alle informantane fortel historier som referer til at dei i periodar har opplevd fostersøsken som krevjande. Det vert fortalt om periodar i livet der dei har opplevd å setje mykje av eigne behov til sides, fordi fostersøsken trøng omsorg og merksemd frå foreldra.

Det kjem fram at det har vore tider då fostersøsken har behov for meir tid og merksemd frå foreldra, og dei ser fostersøsken sine behov som større enn eigne behov og ønske. Sjølv om fleire gjev uttrykk for at dei ikkje er heilt tilfredse med situasjonen, så viser dei forståing for kva som er årsaka til at dei får mindre tid og merksemd. Dei vaksne barna fortel at dei etter ei tid med fostersøsken i familien akseptere situasjonen sin, og dei fann fram til måtar dei og foreldra fekk tid saman på. Andre igjen minnest at dei opplevde det som ein fordel at foreldra og då særleg mamma, var oppteken av fostersøsken. Det førte til at dei fekk meir tid for deg sjølv og det gav følelse av fridom og autonomi. I to av intervjuia, der den eine er barn og den andre i dag er voksen, vert det fortalt at dei i periodar der fostersøsken krev/ kravde mykje merksemd frå foreldra opplevde fostersøstera som ein konkurrent om foreldra sine og at dei då kjende på sinne overfor fostersøsken og foreldra. Dei kunne kjenne på følelsen av

misunning overfor fostersøskan, som fekk mykje merksemd medan dei sjølve måtte tre til sides med eigne behov.

I intervjuet omhandlar også ulike strategiar dei biologiske barna og foreldra nytta for å handterte reduksjonen i tid og merksemd. Det er informantar som saman med foreldra utarbeidde klare strategiar for korleis dei løyste denne delen av verksemda. Kjetil (28) hadde budd fleire år åleine med foreldra då han fekk ein fosterbror. Han fortel at han opplevde det vanskeleg å skulle setje eigne behov tilsides og han sakna tida åleine saman med foreldra. Det var uvant å ikkje kunne dele dagleglivet sine små og store hendingar der og då, men han måtte vente til det opna seg tid for samtale med foreldra.

*Før snakka eg om sorger og gleder der og da, men då han kom inn måtte eg få tildelt tid.  
Tidlegare måtte eg ikkje vente på å ta opp ting med foreldra mine til det passa. Vi snakka engelsk eller i kodar, men det gjekk ikkje (Kjetil 28).*

Både foreldra og Kjetil (28) sakna å ha tid til kvarandre. Dette var eit tema dei snakka om, og saman prøvde dei å finne løysingar som gav alle pusterom frå kvardagen og tid til å vere saman. Foreldra og han sette av ein kveld i veka til åleinetime utan fosterbroren. Dette vart ei verdifull tid for alle. Då kunne dei diskutere strategiar for korleis dei kunne hjelpe fosterbroren best mulig, eller det var tid for å ta fram og snakke om eigne opplevelingar, behov og ønske.

I intervjuet fortel andre om at dei løyste manglande tid og merksemd frå foreldra med å finne andre omsorgspersonar i familien som stod dei nær, og som dermed kunne kompensere for saknet dei kjende etter tid med eige foreldre. Eine informant var 10 år då ho skulle dele oppveksten med ei fostersyster som var eitt år eldre. Då fostersøstera flytta inn opplevde ho at tida og merksemda frå eigne foreldre vart redusert.

*Men eg hadde heldigvis ein onkel som eg snakka mykje med, for eg følte at det var litt vanskeleg (Silje 20).*

Denne onkelen vart ein viktig omsorgsperson gjennom heile oppveksten hennar. Ho trekkjer i dag fram han som ein viktig faktor for at ho ser tilbake på oppveksten med glede, trass i at ho presenterer blanda kjensler i forhold til fostersøstera.

Det varierer mellom familiene kor mykje det vert forhandla om tid og merksemd frå foreldre. I nokre familiar er det eit naturleg tema, der foreldre og dei biologiske barna i fellesskap har

diskutert ulike løysingsstrategiar for korleis dei skal få meir tid saman. Andre har opplevd at dette ikkje var eit ope tema i familien. Det førte til at dei let vere å snakke med foreldre om vanskane dei opplevd ved å skulle dele dei med fostersøskene.

*Eg ville ikkje seie noko til mamma og pappa korleis eg hadde det. Eg ville ikkje bry dei og tenkte at det går sikkert over men det gjorde ikkje det (Silje 20).*

Det er andre informantar som opplever at å dele tida og merksemda frå foreldra med fosterbarnet er uproblematisk, og ein aksepterer at heimesituasjonen er annleis enn før. For Nina (11) og Kari (14) betyr det at dei må vente litt på at mamma har tid til dei dersom ho er oppteken med noko som gjeld fostersøskena.

*Mamma snakkar mykje meir i telefonen når det bur nokon her. Då må eg vente til mamma har snakka ferdig og det er av og til irriterande. Det er ikkje vanskelegare enn det (Nina 11).*

Even (12) opplever det uvant å dele kosestunder med mamma. *Alt var slik eg hadde tenkt, men det å skulle dele mamma og pappa vart ikkje heilt slik eg hadde tenkt. Eg hadde forventa at vi måtte dele, men han vil kose når eg gjer det. Det er greitt, men litt uvant (Even 12).*

Det å dele mamma og å kunne kose samtidig med fosterbroren opplevast som ein normalitet fordi det er slik det er å ha søskjen som ein må dele tid og merksemnd med. Sjølv om han opplever det uvant, har han tilpassa seg situasjonen i heimen i dag.

Tre informantar har opplevd at fosterbarnet har flytta ut frå heimen før det var planlagt. Då fostersøskena flytta inn i heimen var det planlagt at dei skulle bu i fosterheimen til dei var vaksne og kunne meistre eit sjølvstendig liv. Fostersøstera/-broren var sett på som eit varig familiemedlem, eit søskjen dei skulle dele resten av oppveksten med. To av dei vaksne barna erfarte at det vart brot i fosterheimspllasseringa etter å ha delt oppveksten sin med fostersøskena. Brotet i pllasseringa var frå fosterforeldra si side ufrivillig. Fosterforeldra ønska at fosterbarnet skulle fortsetje å bu i heimen, men fosterbarnet sjølv eller den kommunale barnevernstenesta ønskta flytting frå fosterheimen. Dei opplevde denne tida som vanskeleg. Kjetil (28) beskriv denne opplevinga slik: *det er heilt jævlig. Det var trist. Det var mykje krangling mellom barnevernet og mor mi. ...Eg prøvde å vere ei støtte for mor mi. Då svelte vi mange kamelar.*

Det vert beskrive som ei oppleveling av at draumen dei hadde for framtida saman med fostersøskena brast.

*Eg såg føre meg at han alltid skulle vere med oss og eg såg føre meg julehelgar i framtid, når han var vaksen og korleis det skulle bli (Kjetil 28).*

Fostersøsken etterlet seg også eit tomrom i familien.

*Det var litt rart her. Det var ingen ved middagsbordet og ingen eg måtte låse do - døra for. Det var litt merkeleg liksom ( Nina 11).*

Saknet etter fostersøsken som flytta vert det lite snakka med foreldra om i ettertid. Dei kjenner på eit sakn som dei ikkje deler med foreldra. Dei viser fram ei bekymring for den som flytta og for at fosterbroren kanskje ikkje har det så bra. Flyttinga har gjeve dei mange spørsmål som dei ikkje får svar på. Og mange av spørsmåla handla om omsorg for den som er utflytta og det å ville fostersøskena vel.

*Eg tenkjer på korleis han hadde det på juleafta. Sakna han oss. Tenkte han på oss. Eg lurer på kva han gjer for tida. Kva slags vener han har. Om det går bra på skulen. Slike ting er det eg lurer på (Nina(11)og Kjetil (28)).*

Etter kvart som tida går frå flyttinga skjedde, så er ikkje tankane på fostersøskena som flytta så framtredande, men dei trur ikkje at dei nokon gang vert heilt borte. Denne personen som dei delte deler av oppveksten med vil alltid vere ein del av livet av deira, slik dei ser det i dag.

Eine informant fortel at ho opplevde den bråe flyttinga til fostersøstera som ei lette. Fostersøstera flytta brått ut av fosterheimen ved at ho stakk av. Det hadde då vore ei tid med mange konfliktar mellom fostersøstera og foreldra. Då fostersøstera reiste opplevde informanten ei stor lette ved at det vart ro i heimen. Kvarden vart forutsigbar og foreldra meir tilgjenglege for ho. Det var ikkje noko god avslutning på forholdet til fostersøstera, og på trass av opplevinga av lettelse for at plasseringa vart avslutta, så sakna ho at dei ikkje fekk teke farvel med kvarandre på ein god måte.

## 5.2.5 Oppsummering

I denne delen av oppgåva har eg sett på korleis dei biologiske barna fortel om korleis samtalar og diskusjonar om relasjonar i fosterheimen føregår, og korleis dei biologiske barna opplever å delta og ta ansvar i utøvinga av fosterheimsoppdraget. Det finns inga oppskrift eller fasit på

korleis familiemedlemane og fosterbarnet skal forholda seg til kvarande og kva dei skal kalle kvarandre eller korleis dei skal forma si eiga rolle i fosterheimsverksemda.

Dei biologiske barna fortel om familiene sine at forståing for andre spelar ei sentral rolle i korleis dei kjem fram til kva dei kallar kvarandre. Det er fosterbarnet som bestemmer tempoet i samtalar og diskusjonar som omhandla avgjerd om kva dei kallar dei ulike familiemedlemane. Det vert vist forståing, omsyn og tolmod frå dei biologiske barna i denne prosessen. Historier dei biologiske barna fortel om kvardagslivet med fostersøsken vitnar om at heile familien er engasjerte i å legge til rette for at fosterbarnet skal få god omsorg og gode utviklingskår. Datamaterialet omhandla historier der informantar har opplevd å ha eit ambivalent forhold til fostersøsken. Nokre har opplevd å få oppdrag frå den kommunale barnevernstenesta. Når dei ser på denne sida ved oppveksten med fostersøsken i ettertid, ser dei den som lite heldige i forhold til eigne behov og ønske dei hadde i den tida av oppveksten.

### **5.3.0 KVARDAGSLÆRING**

Eg har tidlegare i oppgåva vist til forsking som seier noko om kva barn og unge som er under omsorg av det offentlege strevar med og kva dei kan ha av behov for hjelp og støtte i kvardagen. I intervjuet fortel både barna og dei vakse om opplevelingar og erfaringar dei har i/frå oppveksten som omhandlar fosterbarnet sine behov, og at det har påverka kvardagen deira på ulikt vis. I forteljingane om kvardagslivet i fosterheimen kjem det fram døme på dei biologiske barna som aktive deltakar i fosterheimsverksemda.

Etter kvart som innhaldet i intervjuet viste seg fram, inspirerte det meg til og sjå nærmere på kva dei biologiske barna kan ha lært/ lærer ved å dele oppveksten sin med fosterbarn. Dei veks opp i ein heim som balanserer mellom å vere privat og offentleg arena. Dei biologiske barna kan lære ved å observere. I kvardagen oppheld dei seg i nærleiken av foreldra. Foreldra sin måte å forstå åtferd og korleis dei handla i ulike situasjonar vert lagt merke til av dei biologiske barna.

### 5.3.1 Å bry seg om og ha forståing for andre

I møte med informantane fortel dei om erfaringar der dei opplever seg som aktive deltagarar i kvardagen i fosterheimen. Dei bidreg i omsorgsoppdraget, og deira bidrag er med å påverke deira eigen kvardag og omsorgssituasjon. Dei biologiske barna opplever seg som deltarar i alle fasar av fosterheimsoppdraget. Dei deltek frå den spede byrjinga der foreldre sine ønske om å ta på seg omsorgsoppgåver som fosterforeldre vert diskutert. Seinare står dei fram som aktive deltagarar i utøvinga av den daglege omsorga for fosterbarnet.

Informantane fortel at dei er/ var aktive diskusjonspartar med foreldra om korleis forstå fosterbarnet si åtferd og kva som kunne hjelpe fosterbarnet til vekst og utvikling. Det vart også diskutert kva fosterheimsoppgåva kunne krevje av enkeltmedlemmar i familien. I fellesskap med foreldre var det samtalar om det som også kan opplevast vanskeleg og i nokre tilfelle ei åtferd som vert opplevd uforståeleg. Det er fleire informantar som trekkjer fram denne sida frå barndomen sin, og særleg dei vakse viser til døme på at oppveksten har betydd noko for dei i form av lærdom.

Når Kjetil (28) fortel kva han har lært ved å dele oppveksten sin med fosterbroren, handlar det om å sjå eit barn sine behov og å kunne vere hjelpar. Han trekkjer også fram at han opplever seg meir sårbar enn tidlegare. Dette grunngjев han på den måten at når han høyrer historier om barn som ikkje har det så godt, så vert han trist og lei seg.

Det som Kari (14) og Mari (13) fortel om kva dei lærer ved å ha ei fostersøster, kan tyde på at dei har foreldre som har samtalar med barna som om kvardagen med fostersøstera. Mari (13) beskriv fostersøstera sine humørsvingningar og til tider krevjande åtferd på ein måte som kan tyde på at ho har fått hjelp til å forstå korleis åtferda kan tolkast.

*Ho viser ikkje følelsar og ho stengjer ute følelsar. Og sinnet hennar kan vere uttrykk for noko ho stengjer ute (Mari 13).*

Andre informantar fortel om samtalar som inneheld ei forståing og respekt for dei biologiske foreldra til fostersøskan. Både Kari (14) og Mari (13) fortel at familien snakkar saman i forkant av at biologiske foreldre skal kome på besøk i fosterheimen. Tema i slike samtalar kan mellom anna vere korleis dei skal forstå biologiske foreldre til fostersøskan. Dei fortel at foreldra var opptekne av at dei skulle oppføre seg på ein respektafull måte overfor biologiske foreldre medan dei var på besøk. Når det vert opplevd at biologiske foreldre ikkje alltid oppfører seg som det er forventa foreldre skal, så vert det også vist ei forståing for det.

*Eg trur dei gjer det fordi dei vil ho skal ha det godt, men så veit dei ikkje heilt kva dei skal gjere (Kari 14).*

Siv (26) fortel at hennar erfaring frå tida ho delte med fostersøstera har gjeve henne erfaringar som ho opplever som positive. Ho har opplevd at det nyttar å hjelpe andre som er i vanskelege livssituasjoner.

*Eg har fått erfaring med å ta seg av eit barn og sjå at det nyttar. Det har påverka meg positivt (Siv 26).*

### 5.3.2 Ta ansvar og vere omsorgspersonar

Det empiriske materialet viser at dei biologiske barna er engasjerte i fostersøken.

Fosterfamiliekonteksten krev at dei biologiske barna reflekterer over korleis dei skal forholda seg til fostersøskan og dei andre i familien. Dette er ein kontinuerleg prosess.

Silje (20) trekkjer fram at erfaringar frå oppveksten har gjort henne ansvarsfull og oppteken av korleis andre har det. Ho meiner at erfaringane frå oppveksten med fostersøskan har gjort henne meir ansvarleg og interessert i andre.

*Eg har lært å bli interessert i menneske. Det er ikkje lett å setje ord på det men at eg tek ansvar, det har eg lært.*

Mari (13) si historie viser at ho og søstera er aktive diskusjonspartar med foreldra og då særleg med mamma om korleis få dagleglivet med fostersøstera til å fungere. Ho fortel om ei episode som illustrerer korleis familien diskuterer seg fram til løysingar som kan vere til hjelp for fostersøstera.

*Sist søndag var det så därleg vèr og vi er veldig glade i å sjå langrenn og sånn på TV. Så såg vi ein del på, og Stine fekk spele på data. Ho ville ikkje slutte då det var avtalt og det vart mykje styr. Seinare gjekk alle tur og då gjekk pappa og Stine saman og mamma, Lise og eg gjekk bak og då snakka vi om at vi måtte bestemme meir kva ho skal gjere. Fordi når ho får bestemme heile dagen så går det heilt i ball for ho. Då bestemte vi at vi skulle laga avtale i forkant og hjelpe ho til å gjere andre ting enn berre å sjå på Tv eller vere på dataen, til dømes kan vi spele spel med ho.*

### 5.3.3 Å setje seg sjølv til sides

Det vert fortalt fleire historier som om korleis dei biologiske barna har teke omsyn til fostersøskens sine behov framfor eigne behov og ønske. Nokre av barna, Nina (11), Mari (13) og Kari (14) opplever det lite problematisk at dei må dele merksemd frå foreldra med fostersøskens. Dei fortel at dei tilpassar seg situasjonen i heimen og ventar til foreldra får tid til å gje dei merksemd.

Dei vaksne barna Siv (26), Silje (20), Kjetil (28) fortel til at dei i periodar har opplevd å dele tid og merksemd frå foreldra som det vanskelege.

I tillegg til at foreldre har omsorgsoppgåver for fostersøskens som krev tida deira, vert det også fortalt historier som viser at også biologiske foreldre til fostersøskens kan ta merksemd og tid. Siv (26) fortel om ei tid der heile familien måtte sette sitt eige til sides. Biologisk mor trua med å kidnappe fostersøstera og det medførte at familien måtte vere ekstra på vakt.

*Vi hadde ei lang liste med prosedyrar vi skulle følgje. Politiet patruljere utafor huset vårt fleire ganger i døgnet. Vi måtte vere fleire heime i tilfelle. Vi levde i eit regime* (Siv 26).

Både barna og dei vaksne barna fortel at dei saman med foreldre utvikla strategiar for korleis dei skulle få eiga tid saman med foreldre.

Andre fortel at dei vart utfordra på eigen væremåte og temperament. Til dømes måtte eige temperament og frustrasjon haldast attende og leggjast ”lok” på, av omsyn til fostersøskens som ville reagere negativt på temperamentsfulle utbrot. Dette ser Siv (26) på som ein nyttig lærdom både for seg sjølv og for fostersøstera.

*Men vi lærte at ein treng ikkje hisse seg opp over småting og Sofie har lært at om ein er ueinige, så betyr ikkje det at ein ikkje er glad i kvarandre. Så begge partar har lært noko* (Siv26)).

Innhaldet i forteljingane viser at alle informantane har opplevd tider i oppveksten der foreldre var lite tilstades i forhold til deira behov, men det er variasjon i kor stor grad dei opplever at det har påverka livet deira på ein negativ måte. Forteljingar om korleis familien laga strategiar for å imøtekomme dei biologiske barna sine behov og ønske, varierer mykje. I nokre familiarer er dette eit tema som vert snakka om og det vert i fellesskap med foreldra kome fram til løysingar på korleis biologiske barna fekk åleinhetid med foreldra. Andre fortel at det var eit tema som aldri vart diskutert med foreldra, men dei opplevde at dette var ein del av

verksemda dei måtte finne seg i. Dei biologiske barna opplevde det som at det låg ei uutalt forståing av at deira behov ikkje var av same betydning som fosterbarnet sitt behov.

Geir (30) valde å ikkje involvere seg i fosterheimsoppgåvene, og på den måten fekk han eit distansert forhold til fostersøskena. Opplevingar av å måtte setje eigne behov og ønske til sides opplevde han uproblematisk. Dei tre andre vaksne informantane erfarer at det hadde sine omkostningar å skulle setje eigne ønske og behov til sides. Sjølv informanten som var næraast vaksen då fostersøskken flytta inn i heimen fortel om eit ambivalent forhold til denne sida ved oppdraget.

### 5.3.4 Oppsummering

Det er fleire informantar som fortel at erfaringer med fostersøskken har/gir dei lærdom. Barna fortel at dei deltek i diskusjonar med foreldra om korleis dei skal handtere daglege utfordringar i fosterheimen. Innhaldet i forteljingane vitnar om dei tek ansvar for å lære fostersøskken dei ikkje kan. Det er variasjonar mellom kva dei vaksne barna og barna fortel om gevinstar og omkostningar ved å dele oppveksten sin med fostersøskken. Dei vaksne barna fortel om erfaringar frå barndomen som har hatt betydning for dei seinare i livet. Desse meiner erfaringane fråtida dei delte med fostersøskken har forma dei til den personen dei er i dag.

Det å ikkje få merksemd og tid frå foreldra sine der og då, men må vente på tur er omkostningar dei vaksne barna fortel om. Medan barna ikkje problematiserer denne sida ved kvardagslivet sitt, men seier dei har tilpassa seg situasjonen i heimen.

Vidare i oppgåva vil eg drøfte funna eg har presentert i analysen. Dei biologiske barna inntekte ulike posisjonar i kvardagen sin saman med fostersøskken. Dei lever i eit praksisfellesskap saman med foreldrene, som utfører omsorgsoppgåver for biologiske barn, samtidig som dei har betalte omsorgsoppgåver for det offentlege hjelpeapparatet.

## KAPITTEL 6.0: DRØFTING AV FUNN

I denne delen av oppgåva vil eg løfte fram og drøfte nokre sentrale tema som viser seg i det empiriske materialet. Analysen omhandlar fleire sider ved fosterheimsverksemda som informantane fortel om frå kvardagslivet sitt med fostersøskene, som eg finn interessante å sjå nærmare på. Etter ein gjennomgang av analysen har eg valt å dele funna mine inn i to tema. Tema eg vil rette søkelys på og drøfte nærmare er *fosterfamilien som familieprosjekt og fosterheimen som læringsarena*. Dette er sentrale tema i forteljingane som dei biologiske barna presenterer. Eg vil ta til med å drøfte tema som omhandlar fosterfamilien som familieprosjekt.

### 6.1.0 Fosterfamilien som familieprosjekt

#### 6.1.1 Biologiske barn som aktørar

Å sjå barnet som eigen aktør med eigne rettar inneber at barna si stemme skal lyttast til og deira mening skal vektleggjast. Det paradigmeskiftet som har føregått innan forsking der barn vert sett på som eigne aktørar som sjølv påverkar omgjevnadane, har medført ei anna forståing av relasjonane innad i familien enn tidlegare. Når det flyttar fosterbarn inn i familien må dei biologiske barna danne seg ei ny rolle som fostersøskene. Forteljingane deira gjev innsikt i korleis dei forstår og gjev mening til kategorien fostersøskene og korleis dei er med å fyller denne rolla.

#### 6.1.2 Aktørar i ulike fasar

I analysen av datamaterialet forstår informantane seg som aktørar i fosterheimsverksemda og dei opplever seg som deltakarar i det sosiale livet i familien. Dei har heilt frå den tida foreldrene sysla med tanken om dei skulle ta på seg omsorg for eit fosterbarn og fram til fosterbarnet flytta inn, opplevd å ha delteke i prosessar på ulikt vis.

Det kjem fram variasjonar i kor mykje dei biologiske barna deltek i oppgåvene kring fostersøskene. Det er informantar som fortel om distanse til fostersøskene. Desse involverer seg lite i fostersøskene og ser det som foreldra si oppgåva å ivareta fostersøskene sine behov, medan

andre presenterer oppgåva som ei felles oppgåve for heile familien. Når informantane fortel om motivet for kvifor familien valde å bli fosterheim, kan det sjå ut til at allereie i denne fasen av omsorgsarrangementet er dei biologiske barna på veg til å fylle innhald i oppdraget. Motivet som vert presentert omhandlar nettopp korleis dei tolkar oppgåva si, ved at dei fortel om behovet for å hjelpe eit barn som treng ein omsorgsfull heim og behovet deira for å utvida familien til å telje fleire. Dette var noko av det som inspirerte dei til å få fostersøskanen. Til dømes Kjetil (28), som var 16 år den gang foreldra skulle bli fosterforeldre, fortel om avgjerdsprosessen, seie at han sa til foreldra: *vi berre kører på, dette skal vi ikkje duse på*. Måten Kjetil fortel om denne avgjerdsprosessen på seier noko om korleis han forstår rolla si i avgjerd. Han framstiller seg som ein handlingstakande aktør som er ein aktiv deltakar i avgjerd om å ta i mot fosterbarnet. Even som på avgjerdstidspunktet var omlag 10 år sa at han ville bli fosterheim til nokon over lang tid, men på ein betingelse at fosterbarnet skulle vere yngre enn han. I Siv (26) si forteljing framstår ho sjølv og søstera, som då var 18 og søstera 14 år, som initiativtakarane til at familien vart fosterfamilie. Dei oppdaga ei annonse i lokalavisa der det vart søkt etter fosterforeldre og dei spurte mamma ho dei skulle gå. I Siv si forteljing er ho og søstera sentrale aktørar for at prosessen vert sett i verk. Nina (11) derimot beskriv at ho var med litt. Det var dei vaksne rundt ho som tok initiativ og bestemte. Ho vart spurt og tykte det var greitt.

Intervju med andre deltagarar i avgjerdsprosessane, som foreldra eller barnevernet ville kunne vist alternative forteljingar om dei same hendingane. Det sentrale i mitt prosjekt er ikkje å finne den sanne eller mest dekkande forteljinga om kven og korleis avgjerd om å bli fosterfamilie var teken. Dei biologiske barna sine forteljingar er interessante å studere då dei gjev innsikt i deira meiningsdanningar i slike situasjonar

Barna si forteljing viser variasjon i kor sterk grad dei framstiller seg som sentrale aktørar i avgjerdsprosessen, men alle framstiller seg som delaktige i avgjerd. Deira forteljingar viser likskap med Höjer (2001) si forståing. Ho hevda at det som kjenneteiknar velfungerande foreldre er at dei har ein demokratisk avgjerdsprosess der røysta til alle familiemedlemene vert høyrde. I analysen av forteljingane til mine informantane synest ein slik forståing av ein god avgjerdsprosess også å vere representert.

Også i innflyttingprosessen framstiller informantane seg som sentrale aktørar. Siv (26) fortel korleis: vi lagde eit album i full fart og Even (12) fortel korleis vi måla rommet hans gult og vi kjøpte ny skinnstolar. Kari (14) og Geir (30) fortel at dei gav frå seg romma sine. Orda

informantane nyttar gjev ei forståing av dei ser seg som aktive deltakarar også i prosessen med å gjere klart til fosterbarnet skal kome. Dei førebur tida som skal kome saman med foreldra.

### 6.1.3 Som omsorgsaktørar

Dei biologiske barna viser i ulike samanhengar i forteljingane sine til at omsorg for andre er sentralt i fosterheimsverksemda, anten det gjeld omsorg for fosterbarnet, søsken eller foreldre. Å ta hand om søsken har barn gjort i alle tider, men måten som søsken tek hand om kvarandre i familien kan variere. Forventningar vaksne har til at barn tek vare på kvarandre og på vaksne vekslar mellom ulike historiske periodar og kulturar. Analysen kan fortelje noko om korleis barn av i dag forstår omsorg. I analysen kjem det fram fleire forteljingar som gjer synleg dei biologiske barna si oppleving av å ha teke omsorg for både fostersøskan, biologiske søsken og foreldra.

Brannen et.al. (2000) seier at omsorg er sjølve motoren i familien. I fosterheimesamanheng er det framfor alt foreldra si omsorg for barna som er viktig. I studien til Brannen et.al.(2000) definerer dei omsorg som førestillingar om relasjonar, å høyre til og vilje til å skape ei kjensle av at andre har det bra (Brannen et.al.2000 s.2). Når informantane fortel om denne sida ved det å dele oppveksten med fostersøskan vert det fortalt om omsorg i ulike dimensjonar. Eg har valt å forstå omsorgsomgrepet, slik det viser seg fram i intervjuet, på tre ulike måtar. Det er informantar som viser at dei bevegar seg innafor alle tre måtane å vere omsorgsaktør på.

*Omsorg som arbeid:* Informantane viser sensitivitet for korleis foreldra har det i kvardagen og i periodar der fostersøskan har behov for mykje merksemrd og ekstra oppfølging frå foreldra framstår dei omsorgsfulle overfor foreldra. Både barna og dei vaksne barna fortel om situasjonar der dei opplever å ta omsorg for foreldra sine. Dei biologiske barna viser at dei er merksame på korleis foreldra har det og dei prøver å hjelpa dei . Å ta i mot eit fosterbarn inneber ekstra arbeid for foreldrene, og i mange av forteljingane fortel informantane om korleis dei ser at foreldra er slitne. Det varierer mellom informantane korleis dei handterer behova dei ser foreldra har. Nokre som Siv og Kjetil går aktivt inn og avløyser foreldra. Dei tek med fostersøskan på aktivitetar, turar, leikar med dei og er saman med dei slik at slitne foreldre får eit pusterom. Å aktivisere fostersøskan vert framstilt både som ein positiv aktivitet og som eit arbeid. Når to av dei vaksne barna fortel at dei aktiviserte fostersøskan,

var utgangspunktet deira å avlaste foreldre. Dei tok fostersøsken ut, slik at foreldra fekk kvile seg. Fleire av informantane budde i små bygder med avgrensa fritidstilbod, og dei opplevde at det ikkje var lett å finne aktivitetar å ta fostersøsken med på. Det førte til at dei anten måtte ta med fostersøsken på lange bilturar for å delta på aktivitetar eller aktiviteten føregjekk i heimen. Medan andre som Geir (30) definerer rolla si som annleis. Han viser i si forteljing at han synest at fosterheimsoppdraget gjekk utover foreldra, og han såg at dei vart slitne. Han fortel korleis han jobba for ikkje å bli involvert i arbeidet med fosterbarnet. Geir valde andre strategiar enn Siv og Kjetil gjorde. Nokre av informantane framstilte strategiane dei brukte som val dei tok av eige initiativ. Nokon skildrar at dei i periodar opplevde seg pressa til å aktivisere fostersøsken. Dette presset oppstod som ei oppleveling av at foreldra forventa at dei hjalp til. Desse forventningane kunne også kome frå det offentlige. Kjetil skildra korleis han fekk ei betalt oppgåve av det offentlege i å vere støttekontakt for fosterbarnet.

*Omsorg som kjensle:* Alle dei vaksne barna fortel at dei var opptekne av korleis foreldra hadde det gjennom oppveksten. Dersom det var periodar der fosterbarnet hadde særlege behov for oppfølging frå foreldra eller var utagerande og tok stor plass i familien, opplevde dei det som vanskeleg. Det vanskelege vert uttrykt som at dei bekymra seg mykje, særleg for foreldra. Eine informanten fortel at han i ein periode var særleg bekymra for mor, då han såg kor sliten ho var av å ha omsorg for eit barn med åtferdsvanskar og behov for mykje hjelp i kvardagen. Sjølv om han til tider kjende seg sliten og lei av oppgåvene det medførte å dele kvardagen med fosterbroren, er det bekymringa for foreldra han trekkjer fram som ei av årsakene til at han på den tida, meinte at forelda burde vurdere å seie frå seg fosterheimsoppdraget. Eit av dei vaksne barna fortel at ho kjende på sinne overfor fostersøstera som oppførte seg slik at foreldra vart slitne og lei seg. Medan andre igjen trekkjer fram at når dei såg foreldre som var slitne, så kjende dei seg triste og vart lei seg. Analysen av forteljingane støtter opp om funna i Brannen et.al. (2000) sin studie om at barna viser omsorg for foreldre og at dei er sensitive for korleis foreldre har det i kvardagen.

*Omsorg som å bry seg:* Analysen av forteljingane gjer også synleg korleis informantane ser seg som omsorgsaktørar overfor fosterbarnet. Det vert sett ord på hendingar i kvardagen som til dømes kva fosterbarnet si åtferd kan vere uttrykk for. I tillegg til at foreldre og biologiske barn diskuterer strategiar for å hjelpe fostersøsken på gode måtar. Dei knytte kjenslemessige band til fostersøskena, og uttrykkjer at dei er glade i fosterbroren eller fostersøstera. Omsorga dei viser fostersøskena kan opplevast oppdragande på begge partar. Den eine informanten trekkjer fram dette. Han opplevde å dele merksemeld og omsorg frå mamma med fosterbror var

uvant i byrjinga, samtidig som han meiner at både han og fosterbroren har tilpassa seg kvarandre sine behov. No kan han og fosterbroren dele kosestunder med mamma samtidig.

Barna fortel at dei i dagleglivet viser fosterbarnet omsorg ved å gje dei praktisk hjelp og ved å vise dei tolmod og forståing når dei ser at fosterbarnet strevar med noko. Dei kjenner på ei uro for fosterbarnet når dei mistenkjer at det ikkje har det så bra. Even (12) viser til korleis han og foreldra måtte lære fosterbroren det han ikkje kunne. Even fortel korleis han lærer han ting og hjelper han med det han ikkje klarer. Han lærer fosterbroren å bygge med lego og ete med kniv og gaffel. Even fortel om bekymring når han ser at fosterbroren ikkje har det bra på skulen og kjem i vanskar med jamaldrande. Orda Even nytter til å skildre uroa og løysingane gjer synleg at han ser seg som ein sentral aktør i arbeidet med å få fosterbroren til å ha det godt hjå dei.

Analysen viser fleire døme på korleis informantane set eigne behov eller ønsker til sides for å i møtekomme fosterbarnet sine behov. For å skåne foreldra fortalte dei ikkje om vanskane sine. Det er særleg dei vaksne barna som reflekterer over denne sida ved barndomen, at det hadde sine omkostningar å dele merksemrd og omsorga frå foreldre med fostersøsken, og ha lite tilgjenglege foreldre i periodar. Dei fortel om periodar i livet der dei har opplevd å setje mykje av eigne behov til sides, fordi fosterbarnet trengde omsorg og merksemrd frå foreldra. Det ser ut til at dei ser fostersøsken sine behov som større enn eigne behov og ønske. Dei barna som fortel om denne sida ved barndomen, gjev uttrykk for at dei ikkje alltid er heilt tilfredse med situasjonen. Dei viser likevel forståing for kva som er årsaka til at dei får mindre tid og merksemrd.

Også for biologiske søsken kjenner dei omsorg og uttrykkjer same bekymring som for fosterbarnet. Dette kjem særleg til uttrykk der informanten er eldst av barna i familien, og kjenner omsorg for yngre søsken. Eine informanten fortel om at ho av og til bekymra seg for veslesøstera og korleis det kan påverka hennar behov for merksemrd frå foreldra at dei har fått ei fostersøster med spesielle behov. I studien til Brannen et. al. (2000) var aldershierakiet viktig når det handla om relasjonen mellom søsken. Dei eldre søskena i familien beskrev seg sjølve som meir ansvarsfulle og oppfatta det som ei positiv erfaring å ha mindre søsken som dei kunne hjelpe. Dei presenterer eit bilet av seg sjølve som ansvarlege. Min analyse støtter opp om denne tendensen. Det kan sjå ut som at dei biologiske barna i familien tok ansvar i kvardagen, men at det varierer kor mykje ansvar dei tok.

I den tradisjonelle forståinga av familien er foreldre framstilt som dei sentrale omsorgspersonane. Brannen et.al. (2000) bygger opp om dette synet ved å vise til at sjølve motoren i familien, og i fosterheimesamanheng, framfor alt er foreldra si omsorg for barna. Min analyse viser at også barna i familien ser seg som viktige omsorgspersonar. Dette gjeld både overfor foreldre, fostersøsken og biologiske søsken. Med utgangspunkt i eit tradisjonelt syn på familie der foreldra vert i fokus som omsorgspersonar kan ein stå i fare for ha for lite merksemd på dei biologiske barna sine opplevingar og utfordringar med å vere omsorgsaktørar.

Parentifisering er eit kjent omgrep som vert nytta om barn som omsorgsaktører. Dette omgrepet set fokus på barnet som omsorgsaktør. Kvello (2007) hevdar at parentifisering er ei skadeleg oppdragarform. Dette fordi barn får vaksenroller og omsorgsoppgåver det ikkje er kognitivt, emosjonelt eller sosialt mogne til å ha (Kvello 2007 s.177). Slik Kvello nytta omgrepet vert det problematiske og det patologiske ved barnet si omsorgsrolle løfta fram. Min analyse gjer synleg at det også er andre måtar å forstå barnet som omsorgsaktør på, og at det er behov for kunnskap og omgrep som differensierer bildet av barnet som omsorgsaktør. I forteljingane eg har analysert presenter barnet seg som omsorgsaktørar som opplever utfordringar utan at dei forstår posisjonen som feil eller patologisk.

#### 6.1.4 Barndomsopplevingar i ulike tidsperspektiv

Eg har tidlegare gjort greie for at eg i vektlegg to tidsperspektiv i studien min. Ved å lytte til barna sine opplevingar vil eg få eit innblikk i kvardagslivet dei deler med fostersøsken i dag og det kan gje meg eit bilet av barndomen som oppleving. Dei vaksne barna sine forteljingar vil gje meg eit bilet av deira opplevingar og erfaringar frå barndomen i eit historisk perspektiv. Dei vil fortelje meg om den opplevde barndomen, slik Tiller (2000) brukar som omgrep om dette perspektivet. Dei vaksne barna eg møtte er i dag i alderen frå 20 – 30 år og kor lenge det er sidan dei delte kvardagslivet med fostersøsken varierer frå eitt år til ni år.

Dei vaksne barna reflekter over kva oppveksten med fostersøsken har gjeve dei av positive erfaringar. Samtidig nyanserer dei biletet av barndomen sin, ved å trekke fram dei omkostningane dei opplevde. Til dømes opplevde dei å ta stort ansvar ved å gjere omsorgsoppgåver på ulike måtar, dei hjelpte foreldra sine i den daglege i utøvinga av fosterheimsoppdraget og dei måtte i periodar trø til sides med eigne behov og ønske. Dei

vaksne barna fortel historia i eit narrativt perspektiv. Det narrative er ein metafor som seier at vi opplever og erfarer våre liv gjennom dei historiene vi fortel. Historia om liva våre gjev ramma omkring erfaringane våre og organiserer og gjev mønster til erfaringa. Lundby ( 1998) hevdar at det er forteljaren av historia som bestemmer kva for aspekt av våre opplevde erfaringar som kjem til uttrykk. Dei vaksne barna har etterkvert tileigna seg andre erfaringar om familieliv. Det kan påverke innhaldet i historia deira. Barna som lever med fostersøsken i dag lever i referanseramma fosterheim som er med og gjev dei si forståing av familieliv. Alderen kan også påverke innhaldet i historiene våre, ved at ein modnast og utviklar evne til refleksjon og sjølvstendig tenking etter kvart som ein vert eldre.

Dei fleste barna beskriver egen familie som ein vanleg familie. Samtidig er det fleire av barna som fortel at foreldra hentar kunnskap om korleis dei skal utøve fosterforeldrerolla frå fleire kjelder. Denne måten å utøve foreldreskapet vert frå barna presentert som ein normalitet i deira barndom. Barna lever barndommen sin med fostersøsken og det er denne kvardagen dei kjenner. Gullestad (referert i Tiller 2000) hevda at barn ikkje kan ha noko forstillingar om barndom så lenge dei sjølv er barn, men ser på sin eigen kvardag som det vanlege og normale. Slik kan ein forstå desse barna også.

Dei vaksne barna ser også omkostningane det var å ha fosterbarn i familien. Nokre av dei vaksne barna opplevde å ha ansvar for fostersøsken og søsken i tillegg til at dei tok ansvar for at foreldra skulle få pause frå kvardagen. Den eine vaksne informanten omtalar fosterheimsoppdraget som *eit 24 timars risikoprosjekt*. Å omtala barndomen sin som eit risikoprosjekt viser refleksjon over erfaringane frå tida med fosterbroren, og at denne tida i livet var ei tid med omkostningar. Det kan vanskeleg tenkjast at barn vil vere i stand til å sjå barndomen sin og den kvardagen dei lever i som eit risikoprosjekt.

To av dei vaksne barna var i slutten av tenåra då dei fekk fostersøsken, slik at det var meir naturleg utifrå alderen deira å ha evne til å sjå andre sine behov og å ta ansvar. Ei fortel at ho tok meir ansvar enn ho trur det vart forventa av ho. Det vert frå hennar side opplevd som at det låg ei forventning frå foreldra om at ho skulle ha eit ekstra oppsyn med fostersøstera.

### 6.1.5 Ein relasjonsaktør

I omgrepet fosterheim er det nærliggjande å tenkje kjernefamilien som modell for arrangementet. Dette vert understreka ved at vi språkleg nemner posisjonane medlemene i

familien har til kvarandre i slektstermer, slik som fostermor, fosterfar, fosterbror, fostersøster. Det kan tolkast som om at relasjonen mellom biologiske familiemedlemmar og fosterbarnet skal utformast til å bli nære og familiære.

I analysen har eg nytta forhandling som analytisk reiskap for å analysere fram korleis relasjonane i fosterfamilien vert utforma. Forhandling brukt som analytisk reiskap hjelper meg til å forstå korleis prosessane mellom deltakarane i fosterheimen føregår og det er ein måte å forstå samhandling på i dagleglivet. Gulbrandsen hevda at forhandlingsomgrepet viser til handling, samhandling og kommunikasjon som inngår der kvar einskild strevar etter å skape ei felles forståing av eit fenomen eller ein situasjon

( Gulbrandsen 2006 s. 252).

Nordenfors (2006) hevda at fostersøskene ikkje har noko klar definert posisjon i familien gjennom slektskap. Derfor finns det heller ingen gjevne kulturelle reglar som fortel korleis fosterbarn skal innlemmast i ein familie. Min analyse støtter oppom dette. Forteljingane til dei biologiske barna viser at barna ikkje har ferdig konstruerte posisjonar deltakarane i fosterheimen skal inn i, men at dette må forhandlast fram. Relasjonane er opne og kva posisjon fosterbarnet og biologisk barn får til kvarandre varierer. Forteljingane viser at kva posisjon dei biologiske barna og fostersøskena skal ha til kvarandre vert forma gjennom kontinuerlege forhandlingar.

Det analysen viser, kan tyde på at relasjonsforhandlingar er ein del av oppdraget og at det startar tidleg etter innflytting. Forteljingane tyder på at barna opplever at fosterbarnet skal få ta initiativ til både kva dei skal kalle kvarandre og kva relasjonen skal innehalde. Det vert vist stor sensitivitet og forståing overfor fosterbarnet sitt initiativ. Siv (26) fortel at fostersøster regulerte forholdet dei skulle ha til kvarandre, og at ho tok omsyn til korleis fostersøster ønskjer å ha det.

I nokre av forteljingane gjev det biologiske barnet fosterbarnet ein posisjon som eit varig familiemedlem; eit søsken som skal bu hjå dei livet ut. Ei av informantane uttrykkjer dette heilt tydleg. Ho seier at ho ikkje tenkjer på henne som anna enn ei søster, som skal bu hjå dei til ho blir voksen. Analysen av forteljingane viser også at relasjonen til fostersøskene vert framstilt som ein alminneleg søskenrelasjon i form av både krangling og godlynt erting mellom barna i familien.

I andre forteljingar vert fosterbarnet framstilt som ein midlertidig deltakar i familien. Dette kom fram ved at dei snakka om nye og gamle fosterbarn. Tidsperspektivet på plasseringa ser ut til å ha betydning for korleis relasjonen vert utforma. Dersom dei biologiske barna veit at dette vert ei kort plassering ser det ut som dei forheld seg annleis til fosterbarnet enn dersom plasseringa er lengre. Alder på både biologisk barn og fosterbarn synest også å verke inn. Når barna er yngre synest relasjonen i større grad å bli framstilt som naturleg og familieær enn dersom biologisk barn eller fosterbarn er tenåringar. Det ser ut som at dei biologiske barna opplever at avklaringa av kven de skal vere for kvarandre går raskare di yngre fosterbarnet er. Mari (13) si fostersøster var 4 år då ho flytta inn hjå dei og avklaringa om kven familiemedlemene skulle vere for kvarandre skjedde fort: *ho sa mamma andre dagen.* Forhandlingstida om kva dei ønska å kalle dei ulike familiemedlemene ser ut til å vere kort der fosterbarnet var i førskulealder ved plassering. I familiar der fosterbarnet er i skulealder og i tenåra ved plassering bruker det lenger tid på relasjonsutforminga. Utvalet mitt er for lite til å seie noko generelt om dette, men forteljingane viser tendensar som kan vere interessante å utforske vidare. I tenåra er barna, både biologiske barna og fosterbarn, i ein alder der det er naturleg å tenkje lausriving frå vaksne og overgang til sjølvstendig liv. Dette kan vere med å påverke korleis relasjonsutforminga mellom familiemedlemene blir.

Fleire av informantane fortel at fostersøskena tidleg kalla foreldra deira for mamma og pappa. Dette kunne kome overraskande, men vart ikkje framstilt som noko problematisk. Det kan sjå ut som dei biologiske barna tenkjer at når eit fosterbarn kallar dei vaksne i familien for mamma eller pappa er ikkje det eit eintydig uttrykk for det emosjonelle innhaldet i relasjonen. Bruken av mamma og pappa vert forstått som eit behov for å vere deltakar i familien.

Slik som Mari uttrykkjer, at fostersøskena har eit ønske om å passe inn å tilhøyre familien, og kalle familiemedlemene i familietermer, som mamma, pappa, søster, bror, kan vere til hjelp når dei skal finne sin posisjon i familien.

Tre av informantane omtaler fosterbarnet som søsken, trass det manglande biologiske bandet. Dei uttrykkjer glede når dei forstår at fostersøskena kjenner det på same vis, at dei kan vere søsken for kvarandre: *ein gang sa han til meg at vi er nesten som brør. Det likte eg*, Even (12). I desse forteljingane vert fosterbror og fostersøster framstilt som ein del av familien, og dei likestiller fostersøskena med biologiske søsken. Andre informantar omtalar fostersøskena som fostersøskena eller ved namn.

Informantane viser også korleis relasjonen til fostersøsken held fram etter at barnet hadde flytta. Både Kjetil og Nina fortel om korleis dei trur dei alltid vil tenkje på og bekymre seg for om fosterbroren har det bra.

Mullender (1999) stiller spørsmålet om kva søsken er. Definisjon på søsken hevda ho inneheld mange ulike variasjonar av relasjonar og vil også vere kulturelt betinga. Til dømes viser ho til afrikanske land der ein ikkje snakkar om halvsøsken slik som i den vestlege del av verda. Mullender ser på søsken som ein sosialt konstruert kategori og at søskenforhold er den relasjonen som varar lengst i livet vårt (Mullender 1999 s.13). Denne måten å tolke korleis vi definere søsken handlar om nettopp det. Slik dei biologiske barna snakkar om søsken, ser eg det som ein sosialt konstruert kategori som vert det vert forhandla om der resultatet av forhandlingane ikkje er førehandsbestemt. Cheal (2002) hevdar frå si forsking på familiar, at familiemedlemmar vert definert til å vere personar som vi er kjenslemessig bundne til oss. Det er personar som vi har ei spesiell kontakt med og det treng ikkje vere biologiske band mellom dei vi definerer som å vere familie (Cheal 2002 s.3).

Både Mullender og Cheal peiker på korleis søskenrelasjonen er ein konstruert kategori som er kulturelt betinga. I det norske språket kan det sjå ut som dei biologiske banda til barnet vert vektlagt ved at vi nytter omgrep på barn som, ste – barn, søsken, halvsøsken, fosterbarn, fostersøsken. På denne måten vektlegg vi det biologiske bandet til barnet eller det manglande biologiske bandet. Min analyse kan tyde på at biologiske band kan vere viktig i utforminga av relasjonar, men ikkje avgjerande. Også kontakt og kjenslemessige band er viktige. Når dei biologiske barna utvikler nære og kjenslemessige band til fostersøsken vert fostersøskena framstilt som ekte søsken sjølv om dei biologiske banda manglar.

### **6.1.6 Guidar for dei biologiske barna i fosterheimsarbeidet**

Ulvik (2007) hevdar at fosterforeldra får eit kulturelt normativt oppdrag som er lite innhaldsfylt. Fosterforelda si oppgåve er å guida fosterbarnet ved å gje det omsorg og utviklingsstøtte slik at dei får den kompetansen som vert forventa barn skal ha, og at dei evner å tilpasse seg det kulturen venta av dei. Min analyse viser at også dei biologiske barna opplever eit kulturelt normativt oppdrag der innhaldet er lite avklart. I denne delen av drøftinga vil eg dvele ved i kva grad og korleis dei biologiske barna opplever å bli guida i dette oppdraget.

Eg har tidlegare vist til at fosterheimen beveger seg i skjeringspunktet mellom å vere ein privat og offentleg heim. Det vil føre til at dei i tillegg til å vere privat heim også har definerte omsorgsoppgåver frå det offentlege. Dei vaksne barna fortel om at dei i periodar opplevde omsorgsoppgåvene for fostersøskena som krevjande. Den eine vaksne informanten omtalar fosterheimsoppdraget som *eit 24 timars risikoprosjekt*, og med denne uttalen, meiner han at det er nokre omkostningar ved det å vere fosterheim som inneber risiko for om å mislukkast med oppgåvene ein har teke på seg for det offentlege. Han hevda at familiane investerer tid og må i periodar forsake sitt eige. Samtidig knytte det seg usikkerheit til om dei lukkast med å imøtekome fosterbarnet sine behov og gjev det ansvarlege myndigheiter ønskjer fosterfamilien skal bidra med. Også barna opplever at fostersøskens kan vere arbeid. Forventningane som dei biologiske barna har til fostersøskens stemmer ikkje alltid med deira førestillingar om korleis det ville vere å bli fosterheim.

Tre av dei vaksne barna har erfaring med at fosterheimen medførte at dei fekk arbeidsoppgåver. Dei fortel at det offentlege barnevernet på ulikt vis såg potensiale for å gjere arbeid for dei. Kjetil (28) fekk betalte oppgåver frå det offentleg då han vart støttekontakt for fosterbroren.

Siv (26) seier ho avlasta foreldra ved å ta fostersøstera med på ferieturar. Dette var noko familien ordne sjølv utan støtte frå det offentlege.

Ei uvanleg arbeidsoppgåve fekk Silje (20). Ho fekk nærast eit ”spionoppdrag” frå barnevernet. Ho fortel at barnevernet gav ho arbeidsoppgåver som innebar å følgje med på kva fostersøstera gjorde. Dersom ho opplevde at det var uregelmessigheiter omkring fostersøstera sine aktivitetar, skulle ho rapportere vidare til foreldra slik at dei melde i frå til barnevernstenesta. For dette arbeidet vart ho lova løn, men det fekk ho ikkje.

At fosterheimsarbeid er i skjeringspunktet mellom privat og offentleg er kjent kunnskap. Ein eller begge av foreldra får vanlegvis løn frå det offentlege for arbeidet. Det er også vanleg at foreldre får rettleiing av det offentlege i det arbeidet dei skal gjere. Analysen min viser at også dei biologiske barna opplever og gjev mening til oppdraget dei har fått frå det offentlege. Nokre fortel om konkrete oppgåver dei har fått frå det offentlege. Spesielt dei vaksne barna som ser på erfaringane i ettertid trekker fram at arbeidet har vore krevjande, og dei hadde hatt behov for støtte og hjelp. Alle informantane fortel at foreldra har hatt andre samtalepartnarar frå det offentlege, som har guida dei i utøvinga av fosterforeldreskapet. Til dømes vert foreldra inviterte til kurs før fosterheimsoppdraget byrjar, dei har tilbod om rettleiing etter at

barnet har flytta inn, og dei vert inviterte til jamlege samlingar for fosterforeldre. I situasjonar der kunnskapen og kompetansen til foreldra kjem til kort, er dei observatørar til korleis foreldra henta inn nødvendig kunnskap eller hjelp.

Informantane sine historier viser fåe døme på at det offentlege har guida dei inn i oppdraget med å vere fostersøskens. Geir (30) er ein som fekk tilbod om guiding frå ansvarleg myndighet. Han var med på møte ein eller to gonger. Siv fortel om korleis mamma og pappa fekk hjelp til å snakke om det som var vanskeleg, medan det aldri var nokon som snakka med ho eller systeran hennar. Korleis det offentlege barnevernet kunne vore guidar for dei vert ikkje tematisert i barna sine forteljingar. Det kan ha samanheng med korleis fostrefamilien vert forstått. Å dele kvardagen med fostersøskens er deira barndom i dag og dei har ingen andre referanserammar kring familieliv enn den oppveksten dei lever i. Dei vaksne barna ser i etterpåklokskapens lys at dei kunne hatt behov for andre guidar i tillegg til foreldra. Siv (26) seier det slik: *eg skulle ønska dei snakka meir med oss, for det påverka heile familien.*

*Foreldra våre kom og fortalte oss om råda dei hadde fått.* Kjetil (28) ser det på denne måten: *det kan tenkjast at hadde det vore andre, så kunne det kanskje vore opplevd lettare.*

I presentasjonen av funna mine kjem det fram fleire historier som vitna om at dei biologiske barna opplever foreldre som opptekne av at dei skal vere førebudde og ha kompetanse til å handtere ein kvardag som kan opplevast annleis enn tidlegare. Det dei biologiske barna fortel kan tolkast som dei opplevde foreldra som guidar inni ein fosterfamiliekultur. Det er fleire døme på situasjonar det både barna og dei vaksne barna fortel om erfaringar med å vere diskusjonspart med foreldra. Mari (13) fortel: *seinare gjekk alle tur, mamma, Lise (biologisk syster) og vi snakka om at vi måtte bestemme meir kva ho (fosterbarnet) skal gjere.* Innhaldet i samtalene gjeld korleis familien tilrettelegg kvardagen med fostersøstera. Bruken av omgrepene *vi* tyder på Mari opplever utfordringane og søket etter løysingar som ein oppgåve ho har saman med dei andre i familien. Eller slik som Kari (14) fortel: *vi snakka ein del om det før ho kom.*

Utviklingsstøtte er eit omgrep Ulvik (2007) nyttar i sin studie og omgrepet impliserer korleis dagleglivet er organisert. Målet med utviklingsstøtte hevda Ulvik er å hjelpe barnet slik at det utviklar seg og oppfører seg innafor det som er kulturelt akseptert. Analysen av forteljingane til dei biologiske barna tyder på at deira samhandling med foreldra kan forståast som utviklingsstøtte. Barna opplever at foreldra guider dei i korleis dei kan dele kvardagslivet med fostersøskens. Hundeide (2006) brukar kulturell læring om denne sida ved utøvinga av

foreldreskapet. Dei biologiske barna vert rettleia av kompetente andre, som her er foreldra, til å bli deltakarar i det kulturelle fellesskapet fosterheim. På denne måten hjelper foreldre biologiske barn med å skape mening og utforme innhaldet i kvardagen med fostersøskene.

Analysen viser at barna opplever foreldra som viktige guidar i fosterheimsoppdraget, medan det offentlege sin guiding er lite synleg i forteljingane. Det er grunn til å spørje seg om det er slik at dei offentlege samarbeidspartar ikkje ser dei biologiske barna som sentrale omsorgsaktørar, slik som barna sjølv framstiller seg i sine forteljingar. Dersom det er slik er det ein fare for at dei biologiske barn sine behov for å bli sett og guida verken vert sett eller møtt av dei offentlege hjelpeapparatet.

### 6.1.7 Ein aktør med avgrensa handlingsrom

Eit gjennomgåande trekk ved barna sine forteljingar er at dei opplever seg som sentrale aktørar i fosterheimsarbeidet. Samstundes så viser forteljingane at dei opplever at handlingsrommet dei har til å løyse situasjonar er avgrensa. Forteljingane viser korleis dei har samtalar med foreldra om avgjerala, dei har laga album og mala rom. Likevel er det fleire døme på at dei opplever seg på sidelinja der prosesser vert planlagt og avgjerder drøfta. Etter at avgjerala om å bli fosterheimen er fatta er det foreldra som vert presentert som dei som deltek på møter, som les papir og dei som møter barnet første gangen.

Kjetil (28) viser til korleis han deltok i å ta avgjerala om at dei skulle bli fosterheim, samstundes som han opplevde at han ikkje hadde noko muligkeit til å gjere om på avgjerala når han syntest det blei rett. Han framstiller det som at sidan han hadde vore positiv til at foreldra skulle ta i mot fosterbarn, vart han også stilt til ansvar når han ønskte at familien skulle trekke seg: *det var tungt å høyre dei sa "no har vi teke han til oss og du var med på bestemmelsen. Vi forandrar ikkje på det"* Dette dømet gjer synleg eit sentralt skilje mellom dei biologiske barna og foreldra sitt handlingsrom. Medan foreldra kan velje å avslutte oppdraget har ikkje barna same høvet. Forelda er med å avgrensa handlingsrommet til barnet, då det er foreldra som bestemmer om fosterheimsoppdraget skal avsluttast.

Intervjuva viser også erfaringar i frå at fosterheimsoppdraget blei avbrote utan at biologisk barn opplevde at dei hadde innverknad på det. Dette er familiar som har erfart at fosterbarnet flytta før det var planlagt. Dei informantane som har opplevd ufrivillige brot i fosterheimspllasseringa har erfart at denne sida ved fosterheimsverksemda er lite tematisert i

familiane. Informantane opplever at dei i desse situasjonane ikkje fekk forklaring på kvifor barnet skulle flytte eller blei førebudd på hendinga. Dei skildrar korleis dei sit att med mange spørsmål. Dei biologiske barna ber på ei sorg over nokon dei mista som dei ikkje deler med andre. Det kan tolkast som dei ber på ei einsam sorg og dei vert på ein måte aldri fri oppdraget.

Informantane sine forteljingar gjer også synleg at barna kan oppleve eit avgrensa handlingsrom til å løyse dei vanskane dei opplever oppstår undervegs i fosterheimsoppdraget. Fleire forteljingar viser korleis informantane ser behov hjå både foreldre og fostersøskene. Dei uttrykker ønskje om å ville hjelpe både foreldra og barnet, men det er vanskeleg å finne gode løysingar innanfor det handlingsrommet dei opplever å ha.

Fosterbroren til Kjetil blei til slutt flytta, mot han og foreldra hans sin vilje. Kjetil skildra denne situasjonen som ”jævlig”. Barnevernet sat med vedtaksmynne og i Kjetil si forståing av situasjonen var heile familien sitt handlingsrom var avgrensa. Mor var i møter med barnevernet og prøvde å endre det som dei var ueinige i. Kjetil var ikkje i ein posisjon som gav han muligkeit til å uttale seg overfor barnevernet. Hans måte å søke å betre situasjonen var å støtte mor si. Utsagnet om svelging av kamelar tyder på at Kjetil opplevde avmakt og manglande handlingsrom i denne situasjonen.

Siv (26) sin familie hadde i ein periode ei tøff tid. Biologisk mor til fostersøstera trua med å kidnappa barnet sitt. Dette medførte at fosterfamilien i ein periode på tre år fekk instruksar frå både politi og barnevern for korleis dei skulle handle i kvar dagen for å beskytte fostersøstera. I Siv si forteljing var det ikkje samarbeidet med barnevernet i seg sjølv forklart som årsaka til eit avgrensa handlingsrom. På grunn av fare for kidnapping av fosterbarnet måtte heile familien, inkludert dei biologiske barna, leve under streng overvakning og kontroll. Som nemnt i førre avsnitt er Siv sin forståing av denne situasjonen at foreldra hennar fekk støtte og rettleiing av det offentlege i denne perioden, men ikkje ho sjølv eller biologisk søster.

## **6.2.0 Fosterheimen som ein læringsarena**

I det neste vil eg presentere korleis det kan vere mulig å forstå fosterheimen som læringsarena. Dei biologiske barna fortel at dei har lært noko i oppveksten med fostersøken og

dei vaksne barna fortel at dei i framtida ønskjer å bli fosterforeldre. Kva har vore gode rom for læring for informantane? Nokre opplevingar kan sjå ut til å vere god læring for dei, medan andre ikkje har vore det. Ramma rundt situasjonane ser ut til å ha betyding for læringa. Då ser eg nytte i å ta fram perspektivet på læring til Lave og Wenger (Lave og Wenger (1991) referert i Illiris (red) 2000), slik eg presenterte tidlegare i oppgåva. I dette perspektivet er betydinga av praksisfellesskap med andre og legitim perifer deltaking sentralt. Desse omgrepa gjorde eg greie for kapittelet om teoretiske perspektiv. Eit hovudpoeng som eg trekte fram er at læring går føre seg i eit praksisfellesskap. Det vil seie at foreldre utvekslar erfaringar og reflekterer saman med dei biologiske barna. Det er ikkje einvegslæring, det er læring som bygger på gjensidig engasjement. Det andre er at for å få lov til å bli ein legitim perifer deltar må ein vere inkludert i fellesskapet. Dei biologiske barna må bli rekna som ein viktig part. I starten er dei nybegynnalar (perifer) i fosterheimsoppgåvene og vert etter kvart ein kompetent deltar der status og relasjonar er tilpassa det dei kan (legitim perifer deltar). For at dei skal lære krev det at foreldra ser dei som lærlingar og skapar praksisfellesskap som anerkjenner dei og involverer dei som fullverdige deltarar.

Eg vil i det vidare trekke fram nokre få døme på at desse vilkåra har vore til stades. I analysen synest det som om den viktigaste læringa dei har fått er å bli kompetente omsorgspersonar. I kapittel 6.1.3 viste eg til at noko av det sentrale i forteljingane handla om at dei lærte å ha omsorg for andre. Eg vil her vise døme på at denne læringa skjer når dei biologiske barna får ei rolle som legitim perifer deltar i praksisfellesskapet.

### **6.2.1 Å lære å bli ein kompetent omsorgsperson**

I legitim perifer deltaking slik Lave og Wenger (1991) (gjengjeve i Illeris (red) 2000) presenter omgrepet vil relasjonen mellom nytilkome og erfarne deltarar vere viktige. I fosterheimen vil foreldre vere erfarne deltarar, som har erfaring som omsorgspersonar. Foreldre framstår som kompetente rollemodellar for barna sine, både for biologiske barn og for fosterbarnet. Fosterbarnet er i eit praksisfellesskap der dei lærer ved å observere korleis fosterforeldra og biologiske barn i fosterheimen forstår, snakkar om og handlar i ulike situasjonar. På denne måten vert også fosterbarnet guida inn den kulturelle praksis som vert utøvd av familiemedlemene i fosterheimen. Dei lærer ved å observere.

I kapittel 6.1.6 skriv eg om korleis dei biologiske barna vart guida i fosterheimsarbeidet. Eg tolkar det dei seier her som at dei opplevde det som viktig å få vere ein samarbeidspartner. Dei vaksne barna fortel historier som kan tyde på at det gjev best læring når dei opplever å bli involvert i dagleglivet i heimen og dei opplever å få lov til å delta i fosterheimsoppdraget på ulike måtar. Deltaking er eit sentralt element i Lave og Wenger sitt læringsperspektiv, og ei viktig side ved læreprosessen er at den som lærer får tilpassa arbeidsoppgåvene til sitt eige utgangspunkt. Dei fortel om konkrete episodar der foreldre og biologiske barn saman diskuterte seg fram til ulike løysingar familien skulle gjennomføre, for å imøtekommefosterbarnet sine behov på gode måtar. Når det vart lagt strategiar for løysingsarbeidet så fekk også dei biologiske barna konkrete arbeidsoppgåver i dette. Dette meiner eg vil vere ein viktig del av læringa. Historia om Mari (13) som fekk i oppgåve å aktivisere fostersøstera kan tene som døme på denne type læring. Det er desse erfaringane som eg vil meine skapar læringa.

Det kan tenkjast at dei biologiske barna utifrå erfaringane som samarbeidspart med foreldre, lærer seg både samarbeidskompetanse og handlingskomeptanse. Dei utviklar evne til å saman med andre finne løysingar i komplekse situasjonar. Ved å delta og få vere ein samarbeidspartner og ved observasjon av foreldre sine måtar å handtere og forstå situasjonane vil sjansane for læring vere størst. I kapittel 5, der eg presenterte funn frå intervjuer viser informantane til at å bry seg om og forstå andre og vere interessert i andre menneske er noko dei vaksne barna seier sjølv at dei har lært.

Slik eg ser det kan fosterheimen reknast som ein læringsarena dersom dei biologiske barna får ei rolle som legitim, perifer deltakar i fosterheimsarbeidet. Då vil dei etter kvart kunne reknast som kompetente medlemmar i fellesskapet og vil kanskje også kunne få ei viktig sjølvstendig rolle som utviklingsstøtte for fosterbarna. Den lerdomen dei biologiske barna opparbeider seg vil også kome fostersøsken til gode. Dei biologiske barna kan vere gode rollemodellar for fostersøsken. Forteljinga om Even (12) som lærer fosterbroren å bygge med lego kan tene som døme på dette.

Dei omkostningane som dei biologiske barna presenter frå oppveksten med fostersøsken ser ikkje ut til å ha så stor betyding som ein skulle tru. Dei vaksne barna har lete seg inspirere til å ein gang i framtida hjelpe barn og unge med vanskar. Tre av dei vaksne kan tenkje seg oppdrag for barnvernet på sikt, ved at dei ein gong i framtida ønskjer å bli fosterforeldre. Ønske deira om ein gang i framtida få vere med å gje omsorg til barn som treng ein heim er noko dei allereie har snakke med sambuaren sin om. No er dei unge og småbarnsforeldre, men

ser føre seg ei framtid som fosterforeldre. Dei vaksne barna har erfaring med at fosterheimsoppgåvane ikkje alltid er noko idyllisk oppvekstsituasjon for biologiske barn Det krev meir enn at ein er snill og omsorgsfull for å kunne imøtekommefosterbarnet sine behov. Dei veit på førehand at å vere fosterforeldre inneheld fleire sider og nokre av dei er arbeidsame. Wenger (2004) hevdar at utvikling av identitet kan lærast gjennom deltaking saman med andre og måten andre bekreftar deg på . Det kan tenkjast at dei vaksne barna ved å delta i ein kulturell praksis der dei opplever seg som betydningsfulle deltagarar i eit praksisfellesskap, har skapt seg ein identitet som kompetente omsorgspersonar til dette oppdraget. Fosterheimen har for desse først og fremst vore ein positiv læringsarena

### **6.2.3 Oppsummering**

I oppsummeringa tek eg utgangspunkt i forskingsspørsmåla eg ville søke å finne svar på i studien min og ser dei i samanheng med innhaldet i forteljingane til dei biologiske barna.

Når dei fortel om korleis dei opplever deltakinga si i verksemda fosterheim, presenterer dei biologiske barna seg som deltagarar i omsorgsarrangementet fosterheim. Det synest som om dei er aktive aktørar i avgjerdssprosessen og vidare i førebuingsfasen. Når det oppstår vanskar undervegs kring fosterheimsoppdraget og i tilfelle der fosterheimsoppdraget vert avslutta viser forteljingane at dei biologiske barna har eit avgrensa handlingsrom. Dei viser seg ikkje lenger som aktive aktørar, men er frå sidelinja vitne til det som skjer.

Det vert fortalt at det er foreldra som guida dei i å forstå fosterbarnet sine behov og korleis familien skal utøve fosterheimsoppdraget. Informantane fortel at dei er omsorgsaktørar ved å vise omsorg for alle familiemedlemme, men i varierande grad. Dei fortel om ulike måtar dei tek ansvar for fostersøsken og avlastar foreldre når dei ser dei er slitne.

Korleis det vert forhandla om relasjonsutforming i fosterfamilien viser at dei biologisk barna er sensitive overfor fostersøsken sine ønske og behov for kva dei vil benevne familiemedlemme for. Dei overlet til fostersøsken å bestemme tempo i forhandlingane. I forteljingane vert det vist til at dei biologiske banda kan vere viktige i relasjonsutforminga, men dei ser ikkje ut til å vere avgjerande. Faktorar som nær kontakt og kjenslemessige band til kvarandre ser ut til å påverke relasjonsforhandlingane. I tillegg ser det ut til at alderen på fosterbarnet ved innflytting og varigheit på plasseringa har betydning for relasjonsutforminga.

I praksisfellesskapet med foreldre kan det sjå ut til at dei lærer seg bestemte måtar å handle på overfor andre, ved å utvikle kompetanse om korleis dei skal internere, korleis dei behandlar menneske og korleis dei samarbeider med andre. Denne kompetansen ser ut til å bli ein del av identiteten til dei biologiske barna.

Dei biologiske barna ønskjer å delta i fosterheimsverksemda og opplever å ha ei viktig rolle i korleis oppgåvene som fosterfamilie vert utførte. Det å vere fosterfamilie viser seg på denne måten å vere eit familieprosjekt og ein viktig læringsarena.

## **7.0. Vegen vidare /implikasjonar for praksis**

I analysen av forteljingane løfter det seg fram interessant problemstillingar om korleis dei biologiske barna er ein sentral aktør i fosterheimsarrangementet. Dette gjer meg tankar om at det er grunn til å undersøke vidare biologiske barna si oppleving av å dele barndomen med fostersøskens Utvalet mitt er for lite til å seie noko generelt om dette, men forteljingane viser tendensar som kan vere interessante å utforske vidare. Det kan vere at eit større utval, av biologiske barna kunne gitt eit meir generelt bilde av opplevingane til denne gruppa barn og unge. I tillegg kunne det vere interessant å gjennomføre ein longitudinell studie der ein kunne sett opplevingane til dei biologiske barna i samanheng med både alder på biologisk barn og på fosterbarn. Kan det vere slik at forteljingane om opplevingar frå oppveksten med fostersøskens endra seg i takt med biologiske barn sin alder og alderen på fostersøskens?

Eg har tidlegare i oppgåva teke til orde for at eg med studien min ønskjer å få fram kunnskap om dei biologiske barna i fosterheimen sin oppvekstsituasjon. Analysen gjer at eg vert spesielt oppteken av korleis det offentlege som har ansvaret for fosterheimsarrangementet kan ivareta dei biologiske barna på ein best mulig måte. Eg tykkjer forteljingane til dei biologiske barna eg har intervjuat, gjer synleg viktige tema å vere merksame på.

Dei biologiske barna i studien min viser seg som sentrale aktørar i fosterheimsarrangementet. Dei deltek i alle prosessane som omhandlar fosterheimsverksemda. Forteljingane viser at dei biologiske barna ser behov hjå fosterbarnet, biologiske søskene og foreldra som større enn sine eigne. Dei set i periodar mange av sine eigne ønske og behov til sides for å gje plass til andre familiemedlemmar. Dei viser at dei tenkjer og grublar over kvardagsopplevingane sine og dei handlar innafor rammene dei opplever å ha. Dei biologiske barna viser seg fram som sensitive og aktiv omsorgsaktør i fosterheimen.

Det kan synast som at dei biologiske barna sin funksjon som omsorgsaktørar overfor fostersøskens er underkommunisert. Sjølv om det er foreldra som har det primære ansvaret, så er dei biologiske barna medvitne om ansvaret dei opplever.

Det kan sjå ut til at førestillingane om innhaldet i fosterheimsoppdraget er underkommunisert med dei biologiske barna. Dei har andre forventningar om kva det inneber å få fostersøskens enn det dei opplever. Å bli fosterheim er eit arbeid, og dei får ”søskens” med spesielle behov.

Dei biologiske barna opplever ikkje at dei er inkludert i alle fasar i fosterheimsoppdraget. Det kan synast som deltakinga deira vert redusert når fosterheimsarbeidet vert normalisert. Dei

biologiske barna deltek aktivt i avgjerdsprosessen, i førebuingsfasen før fostersøksen flyttar inn og i tida etter innflytting. Dei har til dømes ikkje same innverknad på avslutningsfasen. Då opplever dei seg overletne til seg sjølv og dei opplever ikkje den same støtte frå foreldra sine som dei opplevde i planleggingsfasen. Forteljingane tyder på det er like viktig for biologiske barn å vere inkludert i alle fasane av fosterheimsverksemda.

Dei biologiske barna får guiding i fosterheimsoppgåvene frå eigne foreldre. Foreldra vert dermed dei einaste som hjelper biologiske barn i sin søken etter å finne mening i fosterheimsverksemda. Dei biologiske barna lever i ein kulturell praksis der dei opplever at foreldre hentar kunnskap om fosterheimsutøvinga utafrå. Forteljingane viser at også dei biologiske barna har behov for fleire guidar enn berre foreldra. Det kan synast som om dei biologiske barna skjermar foreldra sine ved at dei ikkje tek opp det som dei opplever som vanskeleg og konfliktfylt med å bu med fostersøksen. Det kan tyde på at dei opplever at foreldra har nok med det som omhandla fostersøksen sin situasjon. Dei biologiske barna vert ståande på sidelinja og observere at foreldra vert slitne, men har ikkje høve til å handle.

Forteljingane tyder på at dei i slike situasjonar prøver å finne løysingar åleine. Dei slit med å finne høvelege løysingar innafor handlingsrommet dei opplever å ha. Når foreldra er dei einaste guidane dei har så vert handlingsrommet avgrensa. Dei biologiske barna lever i ein kulturell praksis der foreldre hantar kunnskap frå fleire kjelder. Medan dei sjølve vert gåande med vanskar og tankar dei har åleine. Det kan synast som at dei treng andre som kan legg til rette for at dei får fortelja om desse einsame forteljingane dei ber på. Dei bidreg i det daglege arbeidet kring fosterheimsoppdraget, men vert ikkje frå det offentlege honorert for det. Det kan sjå ut slik eg tolkar forteljingane til dei vaksne barna, at dette er noko dei har sakna og som kunne gjort barndomen dei delte med fosterbarn annleis og lettare.

Dei biologiske barna har kvar si unike forteljing om korleis dei opplever kvardagslivet sitt med fostersøksen. I forteljingane varierer det korleis dei opplever å vere biologiske barn i eit fosterheimsarrangement. Det tyder på at det er viktig å vere sensitive og lyttande til det einskilde barnet sine forteljingar utifrå sin ståstad. Det kan difor vanskeleg tenkjast at det vil finnast universelle løysingar for dei biologiske barna sine behov for å dele opplevingar i kvardagen, men at det må takast individuelle omsyn.

## Litteratur

Alveson, M. Og Skjølberg. K.(2008). *Tolkning og refleksjon. Vitskapsfilosofi og kvalitativ metod.* Studentlitteratur

Berger, P. og Luckmann, T. (2000). *Den samfunnsskapte verklighet.* Bergen: Fagbokforlaget  
Bowlby J. (1992). *A secure base. Clinical Applications of Attachment Theory.* London: Routledge.

Bruner, J. og Haste H. (1987). *Making sense. The child` s construction of the world.* London: Methuen & Co. Ltd.

Bunkholdt V. (2009). *Fosterhjemsarbeid. Fra rekruttering til tilbakeføring.* Oslo: Gyldendal Akademiske

Cheal D. (2002). *Sociology of Family Life.* Palgrave

Christensen E. og Ottosen M.H. ( 2002). *Børn og familier. Resultater og perspektiver fra Socialforskningsinstituttets forskning om børn og familie.* København.  
Socialforskningsinstituttet.

Clausen S.E.& Kristofersen, L. B. (2008). *Barnevernsklienter i Norge 1990-2005, En longitudinell studie.* Oslo: NOVA, rapport nr. 3/2008.

Corsaro W.A. (2011). *The sociology of childhood.* Los Angeles: Sage.

Dalen, M. (2004). *Intervju som forskningsmetode.* Oslo: Universitetsforlaget.

Dalland, O.(2007): *Metode og oppgaveskriving for studenter.* Oslo: Gyldendals Akademiske forlag

Dencik L. og Schultz Jørgensen P. (red.) (1999). *Børn og familie i det postmoderne samfund.* København : Hans Reitzelts Forlag.

Egelund, T., Andersen, D., Hestbæk, A.-D., Laustsen, M., Knudsen, L., Olsen, L. F. & Gerstoft, F. (2008): *Anbragte børn: udvikling og vilkår. Resultater fra SFIs børneforløbsundersøgelse av 1995.* København: SFI – Det Nationale Forskningscenter for Velfærd, rapport 08:23.  
*FNs Barnekonvensjon – frå visjon til kommunal virklighet.* Informasjonshefte. Universitetet i Oslo.

Gjærum Gürgens R. (red.) (2010). *Usedvanlig kvalitativ forskning. Metodiske utfordringer når informanter har utviklingshemming.* Oslo: Universitetsforlaget.

Hacking, I. (2002): *Sosial konstruksjon av vad?* Stockholm: Thales

Halldén G. :*Foreldreperspektiv og barneperspektiv på familieliv og den gode barndom. I*  
Dencik L. og Schultz Jørgensen P. (red.) (1999). *Børn og familie i det postmoderne samfund.* København : Hans Reitzelts Forlag.

- Havik. T. (1996). *Slik fosterforledre ser det. Resultat fra en kartleggingsstudie*. Bergen: Barnevernets utviklingssenter
- Hundeide K. (2006). I Guldbrandsen L.M. (red.) (1998). *Oppvekst og psykologisk utvikling*. Oslo: Universitetsforlaget
- Hundeide K. (2007). *Barns livsverden. Sosiokulturelle rammer for barns utvikling*. Oslo: Cappelen Akademiske forlag.
- Höjer, I. (2001). *Fosterfamiliens indre liv*. Göteborgs Universitet. Institusjon for sosialt arbeid
- Höjer, I og Nordenfors (2006). Att leva med fostersyskon. Göteborgs Universitet Institusjon for sosialt arbeid
- Høstmælingen, N., Kjørholdt Saga, E. og Sandberg, K. (red) (2008). *Barnekonvensjonen. Barns rettigheter i Norge* Oslo: Universitetsforlaget
- Kvale, S. og Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervjuet*. Oslo: Ad Notam Gyldendal
- Kvello, Ø. (2007). *Utredning av adferdsvansker, omsorgssvikt og mishandling*. Oslo: Universitetsforlaget
- Larsen Gulstad, L. (2008). *Egne børn - en bog om biologiske børn i familier med pleiebørn*. København: Frydenlund.
- Lave J. og Wenger E. (1991): *Legitim perifer deltagelse*. I Illeris K. (2000): *Tekster om læring*. Roskilde: Roskilde Universitetsforlag.
- Lundby G. (1998). *Historier og terapi. Om narrativer, konstruksjonisme og nyskriving av historier*. Oslo: Tano Aschehoug Forlag
- Mullender, A. (red.) (1999). *We are family. Sibling relationship in placement and beyond*. London: Skyline House.
- Nordenfors, M. (2006). *Ett refleksivt syskonskap*. Göteborg Universitetet
- Norges lover, Lovsamling for helse – og sosialsektoren 2006-2007, Oslo: Gyldendal Akademiske forlag
- Ringdal, K. (2007). *Enhet og mangfold*. Bergen: Fagbokforlaget
- Ryen, A. (2002). *Det kvalitative intervjuet. Fra vitenskapsteori til feltarbeid*. Bergen: Fagbokforlaget
- Røkenes, O.H. og Hansen, P.H. (2002). *Bære eller briste. Kommunikasjon og relasjoner i arbeid med mennesker*. Bergen: Fagbokforlaget
- Stortingsmelding nr. 40 *Om barne – og ungdomsvernet*. Oslo: Barne og familidepartementet

Ulvik Skjær O. (2007). *Seinmoderne fosterfamilier. En kulturpsykologisk studie av barn og voksnes fortellinger*. Oslo: Unipub.

Wenger, E. (2004). *Praksisfellesskaber*. København: Hans Reitzels Forlag

Øia T. og Fauske H. (2005). *Oppvekst i Norge* Oslo: Abstrakt forlag

Internettssider:

<http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeskjema>

<http://www.ssb.no/emner/03/03/barneverng/ttab-2012-06-27-01.html>

## **Vedlegg 1**

Til  
Fosterforeldre

Sogndal

### **FØRESPURNAD OM Å DELTA I INTERVJU**

Eg er student ved Høgskolen i Lillehammer ved masterprogrammet *Helse og sosialfagleg arbeid med barn og unge*. For tida arbeider eg med masteroppgåva og tema eg har valt er fosterheimsarbeid og då med fokus på fosterforeldra sine eigne barn. I tillegg til å vere student er eg tilsett som høgskulelærar ved sosialarbeidarutdanningane ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Før eg tok til som høgskulelærar arbeidde eg mange år med barn og ungdom som budde i barnevernsinstitusjon og med ungdom som vaks opp i fosterheim. Erfaringar frå dette arbeidet gjorde at eg fatta særleg interesse for fosterforeldra sine eigne barn og det er deira erfaringar med å vekse opp som fostersøsken som vert viktig for meg å få fram i oppgåva.

Når eg tek kontakt med dykk er det fordi de er/ har vore fosterheim og det betyr at dykkar eigne barn har delt omsorg frå dykk med fostersøsken. Den erfaringa som dykkar barn har frå sin oppvekst meiner eg er viktig å få fram, då deira historie kan gje nyttig kunnskap til dei som arbeider i barnevernet.

**Spørsmålet til dykk er då om de kan hjelpe meg med å formidle vedlagte informasjonsskriv, samtykkeerklæring og svarkonvolutt til dykkar vaksne barn.**

Prosjektet er meldt til personvernombodet for forsking, Norsk Samfunnsvitenskaplig Datateneste AS.

Rettleiar til masteroppgåva er Førsteamanuensis Astrid Halsa ved Høgskulen i Lillehammer. Ho kan kontaktast på telefon 61 28 83 38 eller e-post [astrid.halsa@hil.no](mailto:astrid.halsa@hil.no)

De må gjerne ta kontakt med meg på mobilnummer. 95 75 13 77 eller e-post.  
[berit.njos@hisf.no](mailto:berit.njos@hisf.no), om noko er uklart.

Med venleg helsing

Berit Njøs

Barsnes

6856 Sogndal

## Vedlegg 2

Til  
Fosterforeldre

Sogndal

### FØRESPURNAD OM Å DELTA I INTERVJU

Eg er student ved Høgskolen i Lillehammer ved masterprogrammet *Helse og sosialfagleg arbeid med barn og unge*. For tida arbeider eg med masteroppgåva og tema eg har valt er fosterheimsarbeid og då med fokus på fosterforeldra sine eigne barn. I tillegg til å vere student er eg tilsett som høgskulelærar ved sosialarbeidarutdanningane ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Før eg tok til som høgskulelærar arbeidde eg mange år med barn og ungdom som budde i barnevernsinstitusjon og med ungdom som vaks opp i fosterheim. Erfaringar frå dette arbeidet gjorde at eg fatta særleg interesse for fosterforeldra sine eigne barn og det er deira erfaringar med å vekse opp som fostersøksen som vert viktig for meg å få fram i oppgåva.

Når eg tek kontakt med dykk er det fordi de er fosterheim og det betyr at dykkar eigne barn deler omsorg frå dykk med fostersøksen. Den erfaringa som dykkar barn har frå sitt kvardagsliv med fostersøksen meiner eg er viktig å få fram, då deira historie kan gje nyttig kunnskap til dei som arbeider i barnevernet.

**Spørsmålet til dykk er då om de gje samtykke til at dykkar barn vert med i studien.  
Her viser eg til vedlagte informasjonsskriv, samtykkeerklæring og svarkonvolutt.**

**Det er fint om de kan gje meg tilbakemelding om de vil delta så snart som råd.**

Prosjektet er meldt til personvernombodet for forsking, Norsk Samfunnsvitenskaplig Datateneste AS.

Rettleiar til masteroppgåva er Førsteamansis Astrid Halsa ved Høgskulen i Lillehammer. Ho kan kontaktast på telefon 61 28 83 38 eller e-post [astrid.halsa@hil.no](mailto:astrid.halsa@hil.no)

De må gjerne ta kontakt med meg på mobilnummer. 95 75 13 77 eller e-post.  
[berit.njos@hisf.no](mailto:berit.njos@hisf.no), om noko er uklart.

Med venleg helsing

Berit Njøs

Barsnes

6856 Sogndal

## Vedlegg 3

Til

Sogndal

Deg som er fostersøsken

### FØRESPURNAD OM Å DELTA I INTERVJU

Hei!

Eg er student ved Høgskolen i Lillehammer ved masterprogrammet *Helse og sosialfagleg arbeid med barn og unge*. For tida skriv eg på ei masteroppgåva og tema eg har valt er fosterheimsarbeid og då med fokus på fosterforeldra sine eigne barn. I tillegg til å vere student er eg tilsett som høgskulelærar ved sosialarbeidarutdanningane ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Før eg tok til som høgskulelærar arbeidde eg mange år med barn og ungdom som budde i barnevernsinstitusjon og med ungdom som vaks opp i fosterheim. Erfaringar eg fekk i dette arbeidet, gjorde at eg fatta særleg interesse for fosterforeldra sine eigne barn.

Når eg tek kontakt med deg er det fordi du bur i ein familie som er fosterheim og det betyr at du deler omsorg frå eigne foreldre med fostersøsken. Den erfaringa som du har, meiner eg er viktig å få fram, då di historie kan gje nyttig kunnskap til dei som arbeider i barnevernet. Eg er oppteken av å få fram korleis du opplever å vere i ein oppvekstsituasjon som fosterfamilie.

#### ***Praktisk gjennomføring av intervjuet***

Eg vil nytta forskingssamtale som intervjuform. Det betyr at vi ikkje har ein stram fastsett plan over rekkjefølgja på spørsmåla, men heller legg vekt på at du får fortelje di historie og at du får ta fram det du meiner er vesentleg for deg. Eg vil nytte bandopptakar og ta notat undervegs i samtalen.

Når og kvar intervjuet vil finne stad vert avtalt med deg når du/de har samtykka til å delta i prosjektet.

#### ***Anonymisering***

Opplysningar vert handsama konfidensielt. Det vil seie at namn vert lagra adskilt frå intervjuaterialet. Det vil berre vere eg og rettleiar som har tilgang til lydopptak og personopplysningar. Alle personopplysningar vert anonymisert i den ferdige oppgåva. Det

betyr at dei som les oppgåva ikkje vil kunne spore tilbake til deg, det som du har fortalt meg i intervjuet.

Opptaka eg gjer vert sletta og alt datamateriale vert anonymisert når oppgåva er ferdig innan utgangen av desember 2011.

### ***Samtykke***

Dersom du vil delta ber eg om at du fyller ut samtykkeerklæringa og returnerer den til meg i vedlagte svarkonvolutt. Det er frivillig å delta og du kan trekkje deg frå studien når du måtte ynskje, utan å grunngje kvifor. Data om deg vert då sletta.

Dersom du er under 18 år må eg også ha samtykke frå foreldra dine på at du kan delta til intervju. Det vil vere mulig for deg å trekkje deg frå prosjektet sjølv om foreldra dine samtykker til at du kan delta. Foreldre som ynskjer det kan få sjå intervjuguiden før intervjuet tek til.

Prosjektet er meldt til personvernombudet for forsking, Norsk Samfunnsvitenskaplig Datateneste AS.

Rettleiar til masteroppgåva er Førsteamanuensis Astrid Halsa ved Høgskulen i Lillehammer.  
Ho kan kontaktast på telefon 61 28 83 38 eller e-post [astrid.halsa@hil.no](mailto:astrid.halsa@hil.no)

Med venleg helsing

Berit Njøs  
Barsnes

6856 Sogndal

Du kan også ta kontakt med meg på mobilnummer 95 75 13 77 eller e-post  
[berit.njos@hisf.no](mailto:berit.njos@hisf.no).

### ***Samtykkeerklæring***

Eg/vi har lese igjennom informasjonsskrivet om studien om Fosterfamilien sine eigne barn og vil delta til intervju.

Namn..... Alder..... Tlf.....

Stad..... Dato..... Signatur.....

### ***Samtykke frå foreldre***

Namn..... Tlf.....

Stad..... Dato..... Signatur.....

## Vedlegg 4

Til

Sogndal

Deg som har vokse opp med fostersøsken

### FØRESPURNAD OM Å DELTA I INTERVJU

Hei!

Eg er student ved Høgskolen i Lillehammer ved masterprogrammet *Helse og sosialfagleg arbeid med barn og unge*. For tida skriv eg på ei masteroppgåva og tema eg har valt er fosterheimsarbeid og då med fokus på fosterforeldra sine eigne barn. I tillegg til å vere student er eg tilsett som høgskulelærar ved sosialarbeidarutdanningane ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Før eg tok til som høgskulelærar arbeidde eg mange år med barn og ungdom som budde i barnevernsinstitusjon og med ungdom som vaks opp i fosterheim. Erfaringar eg fekk i dette arbeidet, gjorde at eg fatta særleg interesse for fosterforeldra sine eigne barn.

Når eg tek kontakt med deg er det fordi du har vokse opp i ein familie som er/ har vore fosterheim og det betyr at du har delt omsorg frå eigne foreldre med fostersøsken. Den erfaringa som du har, meiner eg er viktig å få fram, då di historie kan gje nyttig kunnskap til dei som arbeider i barnevernet.

Eg er oppteken av å få fram korleis du har opplevd din oppvekstsituasjon som fosterfamilie.

#### *Praktisk gjennomføring av intervjuet*

Eg vil nytta forskingssamtale som intervjuform. Det betyr at vi ikkje har ein stram fastsett plan over rekkjefølgja på spørsmåla, men heller legg vekt på at du får fortelje di historie og at du får ta fram det du meiner er vesentleg for deg. Eg vil nytte bandopptakar og ta notat undervegs i samtalen. Når og kvar intervjuet vil finne stad vert avtalt med deg når du har samtykka til å delta i prosjektet.

### ***Anonymisering***

Opplysningar vert handsama konfidensielt. Det vil seie at namn vert lagra adskilt frå intervjuaterialet. Det vil berre vere eg og rettleiar som har tilgang til lydopptak og personopplysningar. Alle personopplysningar vert anonymisert i den ferdige oppgåva. Det betyr at dei som les oppgåva ikkje vil kunne spore tilbake til deg, det som du har fortalt meg i intervjuet.

Opptaka eg gjer vert sletta og alt datamateriale vert anonymisert når oppgåva er ferdig innan utgangen av desember 2011.

### ***Samtykke***

Dersom du vil delta ber eg om at du fyller ut samtykkeerklæringa og returnerer den til meg i vedlagte svarkonvolutt. Det er frivillig å delta og du kan trekkje deg frå studien når du måtte ynskle, utan å grunngje kvifor. Data om deg vert då sletta.

Prosjektet er meldt til personvernombudet for forsking, Norsk Samfunnsvitenskaplig Datateneste AS.

Rettleiar til masteroppgåva er Førsteamanuensis Astrid Halsa ved Høgskulen i Lillehammer. Ho kan kontaktast på telefon 61 28 83 38 eller e-post [astrid.halsa@hil.no](mailto:astrid.halsa@hil.no)

Med venleg helsing

Berit Njøs  
Barsnes  
6856 Sogndal

Du kan også ta kontakt med meg på mobilnr. 95 75 13 77 eller e-post. [berit.njos@hisf.no](mailto:berit.njos@hisf.no).

***Samtykkeerklæring***

Eg har lese igjennom informasjonsskrivet om studien om Fosterfamilien sine eigne barn og vil delta til intervju.

Namn..... Alder ..... Tlf.....

Stad..... Dato..... Signatur.....

## **Vedlegg 5**

### **INTERVJUGUIDE**

#### **Korleis dei biologiske barna opplever kvardagslivet med fostersøskene?**

##### **Innleiing**

- Informere om føremålet med intervjuet, mi rolle og informasjon om anonymitet. Høve dei har til å trekkje seg frå studien.
- Avklare eventuelle spørsmål frå informanten før intervjuet tek til.

##### **Tema:**

###### **1. Eigen historie til informanten**

kven er du, alder, familie din, kven bur i familien i dag, eigne interesser, korleis ser du på deg sjølv

###### **2. Familie – korleis organiserer familien seg**

er foreldra i jobb, i tilfelle i kva for jobb, kontakt med andre i familiemedlemmar t.d. besteforeldre, tante og onklar, kva gjer du og familien på fritida

###### **3. Fosterbarnet som deltar i familien,**

kven var med å bestemte at de skulle verte fosterfamilie, kvar har fosterbarnet rommet sitt, deler de rom, plass rundt bordet, interesser til fosterbarnet, alder på fosterbarnet og din alder når det flytte inn, gjer du noko i lag med fosterbarnet på fritida, arbeidsoppgåver i heimen, arbeidsoppgåver knytta tilfosterbarnet.

###### **4. Kva er barnet sine tankar rundt det....**

korleis vart det opplevd når det flytta inn eit fosterbarn,  
kan du fortelje om kva du tenkjer er bra med å ha fostersysken  
er det noko du opplever negativt med å bu saman med fostersysken

- 5. Forstillingar om det å vere fosterfamilie,** kva for forstillingar hadde du før de vart fosterfamilie, kven bestemte at de skulle vere fosterfamilie, kven snakka med deg om det å verte fosterfamilie, rolle i verksemda/ oppgåva med å vere fosterfamilie, før det kom, korleis var det i starten, kvardagen din, er det slik du trudde det skulle vere,
- 6. Relasjonen som oppstår, kva kallar familiemedlemene kvarandre** Kven er fosterbarnet i forhold til biologisk familie, kven er min familie,

**Eventuelle verktøy:** Teikne nettverkskart og livsaksen.

Aktuelle spørsmål:

- Kvifor vart de ein fosterfamilie?
- Korleis har du opplevd å få eit fostersøsken i familien?
- Kor gamal var du då det flytta inn fosterbarn fyrste gongen?
- Har du nokon gang opplevd at det har flytta ut fostersysken frå heimen din?
- Korleis opplevde du det?
- Kva har du opplevd som positivt med og vekse opp med fostersøsken?
- Er det noko du har opplevd som vanskeleg ved å bu med fostersøsken?
- Er det noko du tenkjer kunne vore gjort annleis, slik at det ikkje vart vanskeleg for deg?
- Har du kontakt med tidlegare fostersøsken i dag?
- Når du tenkjer tilbake, greier du og hugse korleis det var før de blei fosterfamilier?
- Når du ser tilbake på oppveksten din er det noko du kunne tenkt deg var annleis og i tilfelle kva?
- Vart forholdet til foreldra dine endra etter at de vart fosterfamilie og eventuelt på kva måte?
- Korleis opplevde du forholdet til eigne søsken etter at de vart fosterfamilie?
- Korleis opplever du erfaringane dine med å ha delt oppveksten/ foreldra dine med fostersøsken har påverka deg som menneske?
- Er det nokon av dine tidlegare fostersøsken du har kontakt med i dag?
- Er det noko du meiner å ha lært/lærer ved å dele oppveksten med fostersøsken?



Hovedkontor: Oslo gate 29  
N-0107 Oslo  
Norway  
Tel: +47-55 58 21 17  
Fax: +47-55 58 50 51  
info@nsd.uib.no  
www.nsd.uib.no  
Org.nr. 985 321 284

Astrid Halsa  
Avdeling for helse- og sosialfag  
Høgskolen i Lillehammer  
Postboks 952  
2604 LILLEHAMMER

Vedtakst: 07.12.2010

Vid. ref.: 254237378

Dok. dato:

Dok. ref.:

#### KVITTERING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 29.10.2010. All nødvendig informasjon om prosjektet førelå i sin helhet 06.12.2010. Meldingen gjelder prosjektet:

25425	<i>A vise opp med forskrykket</i>
Behandlingsansvarlig	Høgskolen i Lillehammer, ved institusjonens øverste leder
Duglig ansvarlig	Astrid Halsa
Student	Berit Marie Njås

Personvernombudet har vurdert prosjektet og finner at behandlingen av personopplysninger er mullepliktig i henhold til personopplysningsloven § 31. Behandlingen tilfredsstiller kravene i personopplysningsloven.

Personvernombudets vurdering forutsetter at prosjekter gjennomføres i tråd med opplysningene gitt: meldeeskjemaet, korrespondanse med ombudet, eventuelle kommentarer samt personopplysningsloven/-alsetregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringen meldes gis via e-egnet skjema, [https://www.nsd.uib.no/personvern/prosjektmelding/forsk\\_stud/skjema1.html](https://www.nsd.uib.no/personvern/prosjektmelding/forsk_stud/skjema1.html). Det skal også gis melding etter at det som prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <https://www.nsd.uib.no/personvern/prosjektoversikt.jsp>.

Personvernombudet vil ved prosjekters avslutning, 31.12.2011, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen!  
  
Bjørn Henrichsen

Inga Brautaset

Kontaktperson: Inga Brautaset tlf: 55 58 26 35  
Vedlegg: Prosjektvurdering  
Kopi: Berit Marie Njås, Barsnes, 6856 SOGN DAL

